

Bak sceneteppet

Teatertekstens utvikling og tolkingsfellesskap i teateret



Benedicte Christie Knudtzen

Masteroppgåve i Lesevitsskap

Universitetet i Stavanger, våren 2013

Foto: Siren Høyland/Det Norske Teatret. Regissør Stein Winge på scena under sceneprøvane til *Bibelen*, med manuskriptet i handa. Bruk av biletet er avklart med Det Norske Teatret.



DET HUMANISTISKE FAKULTET

MASTEROPPGAVE

Studieprogram:	Vårsemesteret, 2013
Master i Lesevitsskap	Åpen
Forfatter: Benedicte Christie Knudtzen (signatur forfatter)
Veileder: Finn Tveito	
Tittel på masteroppgaven: Bak sceneteppet. Teatertekstens utvikling og tolkingsfellesskap i teateret	
Engelsk tittel: Behind the curtain. The development in the theatre text and interpretive communities in the theatre	
Emneord: Teatertekst Tolkingsfellesskap Teater Det Norske Teatret	Sidetall: 91 + vedlegg/annet: 40 Stavanger, 16.05.2013

Forord

Eg vil nytte dette høvet til å takke alle informantane ved Det Norske Teatret, som stilte opp til intervju i ei veldig stressande periode. Utan dei hadde ikkje oppgåva vore mogleg å skrive. Ei spesiell takk til Carl Morten Amundsen som gav meg tilbodet om å få undersøkje deira framsyning. Eg må òg få takke Michael Evans ved Rogaland Teater, Toralf Berg ved HiST, og Minken Fosheim. Alle tre har gitt meg innsikt i teaterverksemda frå både innsida og utsida, i tillegg til gode tips og råd.

Den største takka går til rettleiar Finn Tveito for fantastisk støtte og motivasjon. Han har òg vore ei sjenerøs og tolmodig nynorsk-rettleiar og korrekturlesar, noko eg er særskilt takksam for.

Eg vil takka mine medstudentar for gode innspel, tilbakemeldingar og inspirasjon gjennom seminara, og til alle på ”brakka” for sosialt samvær i tøffe arbeidsperiodar, med en spesiell takk til Birger!

Hovudinspirasjonen for å skrive denne oppgåva, er mor mi. Det var ho som opna auga mine for den fantastiske verda i teateret, og som opphav til teaterinteressa mi, fortener ho ei stor takk.

Og til Kai – takk for tolmod, omsorg og forståing gjennom heile arbeidsprosessen.

Eg har ofte tenkt på teater som ein blanding av ei leikegrind og eit laboratorium.

- Bjørn Sundqvist

Innhald

1 Innleiing	5
Problemstilling	6
Avgrensing av oppgåva /materialet.....	7
Det performative perspektivet	8
Bibelen på Det Norske Teatret	9
Bibelen som religiøs eller litterær tekst?	11
Definisjonar	14
Teatertekst.....	14
Teater	15
Førelegg.....	16
Tolkingsfellesskap	16
Tidlegare forsking	16
Dei neste kapitla	17
2 Teori og metode	19
Teoretisk perspektiv	20
Teatertekst.....	21
Tolkingsfellesskap	31
Metodisk tilnærming	36
Tekstanalyse	36
Intervju	40
3 Teatertekstens utvikling	43
Bibelhistoria	43
Frå bibelhistorie til Scene 10	46
Scene 10	48
Karakterane	51
Relasjonane	55
Frå Scene 10 til Scene 9	59
Karakterar og relasjoner	62
Oppsummering	66
4 Tolkingsfellesskapet.....	71

Struktur med meir.....	71
Fortolking.....	74
Sara.....	75
Abraham.....	75
Gud	76
Bakgrunn	77
Om Det Norske Teatret og tekstsamarbeid tidlegare.....	79
Om Bibelen.....	80
Om tekst	81
Oppsummering.....	83
5 Avslutting.....	86
Munnlege kjelder.....	91
Litteratur.....	92
Samandrag	95
Vedlegg.....	96

1 Innleiing

Interessa mi for teater byrja i bardomen. Då eg var fem år gammal, spelte eg mi første rolle i mor mi sitt barneteater. Eg har vore heldig og fått vere med på teaterframstyringar både som tilskodar og skodespelar. Eg har opplevd teaterverksemda frå begge sidene av scenekanten. Men det var ikkje før eg starta å studere lesevitskap at eg byrja å reflektere rundt arbeidsprosessen kring teateret, og då særleg det tekstlege arbeidet. Eg kan hugsa mor mi sitte og skrive på teatertekstar, som vi i barneteatergruppa seinare skulle framstille. Ikkje før no har eg tenkt over korleis ho har tolka historier, laga manuskript utifrå skjønlitterære fortellingar, og scenesett desse historiene.

For meg har teateret vore ein plass der fantasien kan løype fritt, og kor ein kan drøyne seg vekk frå røyndomen. Som tilskodar kan ein sitte i mørket, og sjå nokon spele ut spennande, triste, morosame eller provoserande historier. Teater kan få oss til å kjenne på heile kjenslelivet vårt, samstundes som det òg kan vere ei kjelde til rein underhaldning. Gode framstyringar har makt til å påverke oss, og gi oss såkalla aha-opplevelingar kring det som skjer på scena. Det som gjer teater til ein så spennande arena i samfunnet vårt, er at det er ei blanding av leik og alvor, akkurat som Bjørn Sundqvist seier. Dette er noko av det vi gjerne kan kalle ”magien” ved teater. Men denne magien må kome frå ein stad. Det vi ser på scena, er resultatet av ei lang arbeidsprosess. Alt frå lys, musikk, kulissar og dialog er ting som krev mykje planlegging og hardt arbeid. Og det er denne arbeidsprosessen, som skjer bak scena, eg vil ta tak i her. Og då med fokus på det som skjer når teaterteksten blir til.

Ideen om å skrive om teaterverksemda kjem frå ei teateroppleveling. Eg såg ei oppsetting av *Fluenes Herre* på Rogaland Teater våren 2012. Barne- og Ungdomsteateret sette opp ei nytolking av den kjente boka av William Golding. Historia om dei stranda skulegutane hadde fått ei ny, og nokså moderne tolking. Dette fekk meg til å tenkje på korleis dei hadde arbeidd med boka, og korleis deira tolking var så annleis frå den eg sjølv hugsar eg hadde, då eg las den første gong. Eg las den i samband med engelskundervisinga på vidaregåande, der vi i plenum kom fram til ei felles tolking av historia. Dette fekk meg til å tenkje på reisa historia hadde gått gjennom, frå boka til scena. Opplevelingen fekk meg også til å tenkje på korleis dei i teateret har tolka historia og komet fram til resultatet eg såg på scena. Det fekk meg til å tenkje på det store tekstarbeidet som låg bak framstyringa. Korleis fekk dei boka skriven om

til ein teatertekst? Korleis kom dei fram til den tolkinga av historia? Og korleis har historia i boka blitt endra til historia vi ser på scena? Eg fann dette så interessant at eg ville sjå nærmare på teksten si reise i teateret, og teaterets tolking av teksten.

Problemstilling

- 1) Korleis utviklar teaterteksten seg i løpet av arbeidsprosessen i teateret, og
- 2) Kva slags tolkingsfellesskap finn vi i teateret?

Eg vil altså sjå på korleis ein teatertekst blir endra og arbeida med, fram mot ei framsyning. Med det meiner eg ikkje berre dei strukturelle endringane, men òg korleis historia og karakterane utviklar seg. Og fordi eg synest tolkinga som ligg bak teaterteksten er spanande, vil eg òg undersøkje kva som ligg til grunn for denne tolkinga ved å granska tolkingsfellesskapet knytt til teaterteksten. Eit av kriteria for val av undersøkingstekst, er at den byggjer på eit førelegg. I første omgang vil eg undersøke korleis historia i førelegget blir tilrettelagt for manuskriptet. Deretter vil eg sjå på ulike utgåver av teaterteksten, slik at eg kan sjå korleis teksten utviklar seg i løpet av tekstarbeidet i teateret. Eg skal òg undersøke kva tolkingsfellesskap som finst i teateret. Eg er interessert i å finne ut korleis aktørane i teateret tolkar tekst, og korleis dei arbeider med teaterteksten som eit fellesskap. Dette er utgangspunktet for analysane mine.

Av di eg har to problemstillingar som tek føre seg så ulike delar av teaterverksemda, har eg sett det som naudsynt å dele oppgåva i to delar. Dette gjeld både teoretisk og metodisk perspektiv, og analysane. Som ei avrunding av oppgåva, vil eg sjå på tilhøvet mellom teaterteksten og tolkingsfellesskapet. Eg kunne valt ei meir teoretisk tilnærming til teaterverksemda, og då også teaterteksten. Det hadde vore spennande å stille spørsmålet: kva er ein teatertekst? Og gjennom ein analyse av tekstmaterialet, tatt ein større diskusjon kring teksten og kva tekstleg størrelse han er. Ein slik diskusjon har eg ikkje gjort plass til her, av di eg fokuserer meir på empirien og kva den kan fortelle meg om utviklinga av teaterteksten, og ikkje definisjonen av han.

Avgrensing av oppgåva /materialet

Problemstillinga mi er relativt open, og kan gjelde for fleire teatertekstar. På grunn av det, er det viktig å avgrense materialet som blir undersøkt. Teaterteksten eg skal sjå utviklinga av, heiter ”Abraham blir beden om å ofra sonen Isak”. Det er *ei* scene av mange, i manuskriptdelen ”Ørkenvandringar”, som igjen er ein del av framsyninga *Bibelen*. I metodekapittelet vil eg gå nærmare inn på kvifor eg har valt å sjå på akkurat denne teksten framfor andre. Framsyninga blei sett opp på Det Norske Teatret, og hadde premiere 1.februar 2013. Den seks timer lange framsyninga framstilte bibelhistoria, både frå det Gamle og Nye Testamentet. Eg har altså valt å sjå på ei scene frå framsyninga, og det tekstlege materialet inkluderer: *Gud set Abraham på prøve* (1 Mos 22,1-19, Bibelselskapet, nynorsk overs. 2011)¹, *Scene 10: Abraham blir beden om å ofra sonen Isak* (frå 02.10.2012), og *Scene 9: Abraham blir beden om å ofra sonen Isak* (frå 07.01.2013)². For ordenskuld blir sceneutgåva frå oktober 2012 kalla *Scene 10*, medan utgåva frå januar 2013 blir kalla *Scene 9*. I undersøkinga av dei tre tekstane, vil hovudfokuset vere på utviklinga av, og endringane i, tekstane. Eg har òg valt å undersøkje tolkingsfellesskapet i teateret, og har difor intervjua seks aktørar som har jobba med nettopp ”Abraham blir beden om å ofra sonen Isak”. Desse aktørane er regissør Stein Winge, dramatikar Maria Tryti Vennerød, dramaturg Carl Morten Amundsen, og skodespelarane Bjørn Sundqvist, Marianne Krogh og Bernhard Ramstad. Målet med undersøkinga av tolkingsfellesskapet, er å sjå korleis dei tolkar teatertekst som eit fellesskap, og korleis desse menneska passar inn i eit tolkingsfellesskap.

Oppgåva er såleis delt i to. Først skal eg undersøke teaterteksten og korleis den utviklar seg gjennom arbeidsprosessen som skjer i teateret før premiere. Her tek eg utgangspunkt i ulike teoriar kring mellom anna adaptasjon, dramaturgi, og tekstteori. Teoriane som ligg til grunn for tekstanalysen, er òg basisen for metoden som blir nytta. Deretter går eg inn i dei individuelle intervjuene med aktørane, som dannar biletet av tolkingsfellesskapet. Her tek eg utgangspunkt i Stanley Fish sin teori kring det som blir kalla *interpretive communities*. (Fish, 1980) Metoden for denne undersøkinga er kvalitative intervju basert på ein intervjuguide, der ei samanlikning av svara til informantane vil kunne gi svar på problemstillinga.

¹ Ifølge APA 6th referansestil, skal ein ikkje legge ved religiøse skrifter i litteraturlista. Derfor vises det kun til referansen her. Regler for referansestilen kan lesast her: <http://www.jbi.hio.no/bibin/KoG/kat/APA.pdf>

² Det er ingen innføring i litteraturlista av desse tekstane, av di dei er upubliserte og ikkje tilgjengelege, men *Scene 10* ligg ved som vedlegg.

I byrjinga av arbeidet med denne oppgåva, tok eg kontakt med fleire teater. Eg forhøyrd megalitt rundt, og fann ut at Det Norske Teatret skulle ha ei stor framsyning av *Bibelen*. Dette interesserte meg veldig, av di det ikkje hadde blitt gjort tidlegare i Noreg. Og eg visste at ei framsyning av *Bibelen* ville krevje at dei brukte boka som eit førelegg. Då eg fekk tilbodet om å få undersøkje framsyninga og arbeidsprosessen med ho, takke eg difor ja. I samband med oppgåva mi har eg fått lov til å få eit innblikk i arbeidsprosessen bak framsyninga. Tekstane frå manuskripta eg undersøker her, er ikkje offentlege. Eg har med andre ord fått innsyn i eit materiale som få menneske utanfor teateret har tilgang på. Teaterteksten er i dette høvet noko som ligg bak det som skjer på scena. Eg har altså fått eit innblikk i det tilskodarane ikkje ser, men som likevel har stor innverknad på framsyninga. Gjennom intervjuet har eg òg fått innblikk i tekstarbeidet som skjer i teateret, og korleis dei ulike aktørane jobbar med tekst. Eg er altså meir oppteken av kva som skjer bak scena, enn på ho. Og eg er meir oppteken av arbeidet fram mot framsyninga, enn sjølve resultatet av arbeidet.

Det performative perspektivet

Ei av hovudårsakane til val av både emne og problemstilling, er det performative fokuset vi finn innan teatervitskapen i dag. Siemke Böhnisch, førsteamanuensis i drama og teater ved Universitetet i Agder, skriv om teatervitskapens vending mot framføringskunsten og vekk frå teaterteksten: ”Et performativt syn på teater har de senere år vunnet terrenget, i Norden så vel som i mange andre land. Dette synet innebærer at vi fokuserer på teaterets hendelsesdimensjon, for eksempel ved å undersøke dynamiske prosesser mellom publikum og aktører.” (Böhnisch, 2011, s.6) Ho skriv om utviklinga innan teatervitskapens teoretiske perspektiv på framsyninga, og då spesielt i Tyskland frå 1980-talet fram til i dag, der dette var gjeldande. Skiftet frå det tekstlege perspektivet til framføringsperspektivet blei kalla ”The performative turn”, skriv Böhnisch, og ho meiner det er eit paradigmeskifte innan teatervitskapen. (Böhnisch, 2011)

Erika Fischer-Lichte var ei av desse tyske teatervitarane som skreiv ei etterlengta teori kring framføringskunsten. I boka *The Semiotics of Theatre* (Fischer-Lichte, 1992) prøver ho å kome fram til ein mal for korleis ein kan tolke framføringa som ein performativ tekst. Eller *scenetekst* som vi skal kalla det her. Fischer-Lichte meiner det ligg kodar i framsyninga som

vi kan tolke, på lik linje som vi kan tolke ein tekst. Det same performative fokuset har Hans-Thies Lehmann i boka *Postdramatic Theatre* (2006). Dialog, kroppsspråk, tonefall, lyd og ljós er nokre av kodane Fischer-Lichte siktar til her. Sjølv om ho i hovudsak fokuserer på sceneteksten, meiner ho likevel at teaterteksten har ein viktig posisjon: "[...] the performance not only relies on individual elements or substructures of the drama's literary text, but rather rests on its totality: the theatrical text is a performance of the literary text." (Fischer-Lichte, 1992, s.191) Det Fischer-Lichte her kallar "theatrical text" er det vi kallar scenetekst, og omgrepet teatertekst er det ho her kallar "literary text". Det vi ser her, er at teaterteksten har ein viktig posisjon òg i det performative perspektivet på teater, sjølv om den primære interessa ligg i framsyninga.

Det er viktig å presisere at eg har eit lesevitskapleg perspektiv på teaterteksten. Böhnisch og Fischer-Lichte jobbar med teatervitskap. Dei vil naturleg nok vere meir opptekne av den kroppslege og visuelle dimensjonen av teaterverksemda, medan eg interesserer meg for den tekstlege. Dette kjem tydeleg fram av metodane eg nyttar her: tekstanalyse og intervju av tolkingsfellesskapet – altså ei undersøking av resepsjonen av teksten. Som Fischer-Lichte presiserer, så er teaterteksten viktig for framsyninga, men han er bare eit medel som blir brukt i realiseringa av sceneteksten. Teaterteksten har mykje å seie for bodskapen i framsyninga, men han får lite åtgauum i resepsjonen av framsyninga. Dette er noko av det eg vil sjå nærmare på i undersøkinga mi: Kva posisjon har teaterteksten i teateret?

Bibelen på Det Norske Teatret

Ein kan spørje seg: kvifor setje opp *Bibelen* i 2013? Det har ikkje vore gjort i Noreg før, sjølv om interessa for framsyningar med religiøst innehald, har blitt stor. Til dømes har Svein Tindberg sette opp framsyninga *Abrahams Barn*, med stor publikumsoppslutting. (Det Norske Teatret, udatert b) Sjølve ideen om å framføre *Bibelen* kjem frå teatersjef Erik Ulfsby. Det Norske Teatret feira hundre år som teater i 2013, og Ulfsby ville difor nytte sjansen til å syna alt teateret kunne tilby. (Erik Ulfsby, intervju 10.januar 2013) Ulfsby ville gjere jubileumsframsyninga til ei storhending, og bestemte difor at ho skulle vare i seks timer. Han ville ta tak i det han kallar "grunnforteljingane", som har prega 2000 år med sivilisasjon. Dei starta arbeidet med framsyninga for om lag tre år sidan, då Ulfsby tok kontakt med regissør

Stein Winge. Winge takka ja til jobben, men var tydeleg på at han ikkje ville dramatisere heile historia sjølv. Han fann fort ut at han ville bruke fleire forfattarar til å skrive manuskriptet, både levande og døde. Ideen var å få fleire forfattarar til å skrive scenene til manuskriptet, på same måte som Bibelen blei skiven av fleire forfattarar. Dei tok deretter kontakt med dramaturg Carl Morten Amundsen, og Winge, Amundsen og scenograf Tine Schwab byrja arbeidet med framsyninga. Dei las gjennom *Bibelen*, og fann ut kva historier dei ville ha med, og kom fram til at dei skulle dele framsyninga i to delar basert på oppdelinga av Bibelen. Del ein heiter ”Ørkenvandringar”, som tek føre seg historier frå Gamle Testamentet, og del to heiter ”Jesus frå Nasaret”, som då tek utgangspunkt i det Nye Testamentet.

Teatersjef Ulfsby meiner det er naturleg å setje opp ei framsyning som byggjer på *Bibelen*. Han peiker på at det er så mykje av litteratur og film som byggjer på historier frå Bibelen, og at det ligg eit teatralt potensiale i desse forteljingane som han ville ta tak i. (Ulfsby, 10.januar 2013) Dei har valt å setje opp *Bibelen* i eit moderne perspektiv. Ifølgje Winge er årsaka at ein skal kunne sjå på bibelhistoriene frå ein ny synsvinkel. ”Det er ganske enkel lærdom som blir gjort til all mogleg faenskap av alle moglege prester osb. Altså det blir vridd og tolka. Men om du ser det som står der, så er det jo ein fantastisk tekst.”(Stein Winge, intervju 10.januar 2013) Som Ulfsby òg presiserer, så er ikkje framsyninga eit misjonerande prosjekt, men heller ein måte å få eit nytt perspektiv på tekstar som har prega den vestlege kulturen vår i mange år.

Winge, Amundsen og Schwab var dei som starta tekstarbeidet til framsyninga. Etter at dei hadde lese *Bibelen*, diskuterte dei kva tekstar i boka dei syntest var bra. Ifølgje Amundsen hadde dei fått ei umogleg oppgåve: å lage ei framsyning basert på dei 66 bøkene *Bibelen* er sett saman av. (Carl Morten Amundsen, intervju 09.januar 2013) Det vil seie at dei har mått velje vekk mange tekstar som ikkje har fått plass i den seks-timar lange framsyninga. Ifølgje Amundsen var det meiningsa at tekstane dei valde ut, skulle vere ei blanding av kjente og ukjente forteljingar. ”I utgangspunktet var vi ute etter å finne meir ukjente sider ved *Bibelen*, og var mye meir opptekne av det, enn det ein kanskje skulle tru når ein ser på utvalet av tekstar. Vi har blitt mye meir kanoniske enn det vi i utgangspunktet hadde intendert.” (Amundsen, 09.januar 2013) Som han sjølv peiker på, så er det kanskje vanskeleg å styre unna dei mest kjente fortellingane, av di dei ligg så lett tilgjengeleg for oss. Manuskriptet er oppbygd av tekstar som er skrivne av Maria Tryti Vennerød, Terje Nordby, Sara Stridsberg, Cecilie Løveid, Eirik Fauske, Ari Behn, Carl Morten Amundsen, Stein Winge, Anne Holtan og Jose Saramago, og tekstar frå *Bibelen*. (Det Norske Teatret, udatert a) Dramatikarane som

blei hyra inn, fekk tildelt bibelhistorier, som dei tolka på sin måte. Det var då teateret si oppgåve å setje desse tekstane saman, og lage eit samanhengande manuskript og framsyning. Amundsen, Ulfsby og Winge meinte alle tre at tekstarbeidet ville fortsette heilt fram til premieren i februar 2013.

Det er tydeleg at tekstane står sentralt i arbeidet med *Bibelen*. Tekstarbeidet som skjer i teateret har til og med skapt blest i media. Ari Behn er som nemnt ein av forfattarane som skreiv scener til *Bibelen*. Under overskrifta ”Winge måtte bremse Behns bibelfyll” (2012), skreiv Anders Grønneberg ein artikkel om korleis Winge måtte redigere Behn sine tekstar. Artikkelen er spreidd over to sider, og er i hovudsak vinkla på Behns erfaring med fest og moro. Dette er òg truleg årsaka til at denne saka fekk plass i avis i det heile. Men det gir oss eit bilet av korleis tekstarbeid i teateret kan skape offentleg interesse, av di teaterteksten er så viktig for ei framsyning. Kanskje vi kan skimte ei påtroppende interesse for teaterteksten i det offentlege, og ikkje berre for framsyninga?

Bibelen som religiøs eller litterær tekst?

Eg skal altså undersøke ei bibelhistorie, og korleis denne blir til ein teatertekst. Men korleis skal eg stille meg til bibelteksten? Kan eg analysere han utifrå ei rein litterær forståing, eller må eg trekkje inn det religiøse? I teksten ”Ei umogleg oppgåve”(2011), skriv Carl Morten Amundsen at dei i dette høvet ser på *Bibelen* som ein litterær tekst. Han peiker på at dei som arbeider med tekstane har ulike relasjonar til tru, men at dei i dette høvet vil sjå på *Bibelen* som ei fortellande bok, samstundes som dei handterer boka med alvor. Spørsmålet vi må stille oss her, er: Er det høve til å lese *Bibelen* som ein litterær tekst når han er grunnboka i ein religion? Kan ein fråskrive seg det religiøse boka representerer, og har representert i over tusen år? I artikkelen ”Bok i særklasse” (Haram, 2011) viste dominikanarmunken Arnfinn Haram tydeleg kva han meinte om saka:

Bibelen er ei sakral bok, ei ”heilag skrift”. Det er blitt vanleg å framheve Bibelens allmennkulturelle plass. Bibelen må vere ein open tekst som alle kan nærme seg og lese på sin måte. Det er sant, og det er all grunn til å erkjenne Bibelens enorme innflyting på alle sider av vår historie. Men nettopp difor må vi også våge å ta med Bibelens eigenart nettopp som heilag bok. Mangfoldet i det bibelske materialet og den litterære rikdomen og fylden i tekstene er samanhaldende og gjennomtrengt av det religiøse og sakrale siktemålet. (Haram, 2011, s.30)

Haram argumenterte for at *Bibelen* er ein grunnleggjande del av kulturen vår. Nettopp dette gjer at vi ikkje kan avvise det religiøse *Bibelen* representerer. Ifølgje Haram må vi først og fremst lese *Bibelen* utifrå ei religiøs forståing av han, av di tekstane nettopp blei skriven utifrå ei slik forståing. *Bibelen* har eit religiøst budskap og difor kan ein ikkje velje å sjå vekk ifrå det når ein les han, skreiv Haram. Dei litterære elementa vi kan finne i *Bibelen*, meinte Haram berre er med på å forsterke den religiøse budskapen. ”Fordi Bibelen er religiøs litteratur som vil bere fram ein budskap, er han grunnleggjande poetisk, i vidaste tyding. Dei litterære formene siktar på å formidle noko som sprengjer orda. Dei viser ut over seg sjølve.” (Haram, 2011, s.34) Altså vil dei litterære formene ein finn i *Bibelen*, berre forsterke den religiøse budskapen, ifølgje Haram. Det er sjølv sagt ikkje alle som er samde med han.

I artikkelen ”Teaching the Bible as Literature” (French, 1982), skriv R. W. French om korleis han nærmar seg bibeltekstane, og korleis han underviser studentar om *Bibelen*. I motsetnad til Haram, meiner han det ikkje er noko problem å lese bibeltekstane utifrå eit litterært standpunkt. French grunngir dette ved å peike på dei litterære elementa i tekstane, som til dømes det narrative, det enkle og figurative språket, karakterane i forteljingane, strukturen osb. (French, 1982, s.799) Dette perspektivet finn vi òg i *The Great Code* (Frye, 1982), skrive av Northrop Frye. French forventar at studentane skal analysere *Bibelen* utifrå det som står i tekstane, i motsetnad til det dei har blitt fortalt eller det dei trur står der. French meiner det er mogleg å analysere *Bibelen* utifrå eit relativt objektivt perspektiv. Men han legg ikkje skjul på at mange av studentane hans ikkje har likt denne tilnærminga, av di dei har vore religiøse.

As far as the course is concerned ”God” has the validity of a character in a story, and the same is true of other great biblical characters such as Abraham, Moses, and David, whose stories may have historical origins but have in the passage of time become legend rather than history. (French, 1982, s.800)

Så det er mogleg, og ”legitimt” å ha ei litterær tilnærming til *Bibelen* og historiene vi finn der. Og som vi ser over, er det mogleg å lese om Gud og Abraham som karakterar, framfor religiøse, historiske storrelsar. Det vi kan vere samde om, er at lesinga av *Bibelen* avhenger av kva forståing vi har av han. Ei religiøs forståing av teksten vil truleg produsere ei sær rik og oppløftande lesing, der ein vil få eit meir personleg utbytte av han. Medan ei litterær forståing av tekstane vil kunne gi gode og innhaldsrike lesingar med eit meir analytisk, undersøkande perspektiv, der lesaren distanserer seg meir frå ”budskapen” i tekstane.

Sjølv om tilnærminga til *Bibelen* kan vere ulike, er det likevel semje om at ein ikkje kan nekta for at *Bibelen* har påverka kulturen vår i aller høgaste grad. Arnfinn Haram peiker på kor mykje av daglege ord og uttrykk som stammer frå *Bibelen*, til dømes ”død og pine”, ”du er ein engel” og ”no går det til helvete”. (Haram, 2011, s.34) Og det er dette perspektivet eg trur Det Norske Teatret vil syne gjennom deira framstilling av *Bibelen*. Dei framstiller tekstane i eit litterært perspektiv, men dei gjer det gjennom kunnskapen om *Bibelen*s påverknad på vår eiga røyndomsforståing. Ved å gjere historiene moderne, prøvar Det Norske Teatret å syne korleis *Bibelen* framleis er relevant for oss i dag. Noko vi kanskje har gløymt litt. Ole Jakob Løland peiker på dette i artikkelen ”Underteksten. Bibelen i populærkulturen” (2011). Han viser til kor mykje av populærkulturen som byggjer på *Bibelen*, som til dømes musikk, filmar og bøker. Men vi er ikkje alltid klar over den bibelske undertona. Carl Morten Amundsen forklarar at dei gjer dette med stor respekt for tekstane, samstundes seier han at: ”Vi skal ikkje forkynne, og provoserer vi, så er det berre fordi vi ønskjer å sjå på det vi trur vi kjänner med nye auga.” (Amundsen, 2011) Eg trur at teaterets litterære tilnærming til bibeltekstane, har gjort det enklare for dei å setje opp *Bibelen* gjennom ”nye auga”.

På bakgrunn av at teateret har ei litterær tilnærming til Bibelen i dette høvet, meiner eg at det òg er tenleg for meg å gjere det same. Eg meiner dette vil gjere at tolkingane deira, og mi eiga tolking vil ha omrent same utgangspunktet, noko eg ser på som naudsynt når eg undersøkjer deira arbeidsprosess med teksten. Tolkingar er naudsynleg subjektive, men det er likevel mogleg å finne likskap mellom dei. Dette skal vi sjå nærmare på i kapittelet som tek føre seg tolkingsfellesskapet i teateret. Sjølv om eg vel ei litterær tilnærming til teksten, meiner eg likevel at vi må trå varsamt kring religiøse tekstar. Ikkje naudsynleg fordi nokre kan bli provoserte, for det kan vi ikkje ta mykje omsyn til. Men vi skal trå varsamt av respekt for teksten, og kva han kan representere. Religion er ofte eit lada tema, så uansett kva utgangspunkt vi har, om vi er religiøse eller ikkje, må vi handtera religiøse tekster med alvor og respekt. I alle fall i ein vitskapleg samanheng. Det vil eg sjølv sagt gjere her.

Definisjonar

Teatertekst

Tekst i teateret er eit vanskeleg tema. Framsyningar byggjer ofte på ein tekst, som skodespelarane verbaliserer på scena. Men den verbale teksten er ikkje det same som den skriftlege. Paul Ricœur meiner verbale ytringar inneheld referansar, som mottakaren forstår gjennom situasjonen ytringa oppstår i: ”I taleutvekslingen er talerne til stede for hverandre, men også situasjonen, omgivelsene, ytringens omstendigheter. Det er i forhold til disse omstendighetene at ytringen er fullt ut meningsfull [...]” (Ricœur, 2001, s.62) Det som er spesielt med den skriftlege teksten, skriv Ricœur, er at meininga ikkje kjem like naturleg fram, av di vi må tolke teksten for å finne referansane i han. Altså vil det vere ein skilnad mellom den teksten vi ser på scena under ei framsyning, og den teksten skodespelarane les før dei går på scena. Tilskodarane i teatersalen vil oppfatte referansane i dialogen til skodespelarane på scena, av di dei er tilstade i situasjonen. Fordi skodespelarane les teksten, må dei bruke tid på å tolke fram referansane. Richard Schechner, ein amerikansk professor i blant anna framsyningskunst, har kome med sin teori kring tekstromgrep. Han skil mellom tekst og det han kallar ”script”. (Schechner, 1973) For mange vil manuskriptet bli sett på som ”teksten” i teatret, der replikkar og scenetilvisingar er skrivne ned. Men for Schechner er skript noko anna enn berre skrivne dokument, medan skrivne dokument er det Schechner kallar tekst.

La oss først sjå på dei skilnadane Schechner gjer på tekst og skript. Tekst, eller drama som han også kallar det, er noko som kan flyttast frå stad til stad, og som kan overleva tidas tann. Altså kan vi seie at tekst i Schechners tilfelle er noko konkret, noko som vi kan halde i handa. Det blir heller ikkje sett noko krav til menneske som fraktar teksten anten frå stad til stad eller til ei anna tid. Skript derimot, inneheld kodar, meiner Schechner. Desse kan òg, som med teksten, flyttast mellom stader og i tid, men for å kunne overlevere skripten og bevare kodane i den, må personen som flyttar på den, ha kjennskap til kodane. Skriptet må òg overførast mellom menneske, ikkje til dømes frå menneske til institusjon. Altså må kodane forklarast av ein som kjennar dei, til den neste personen som skal bruke skripten. ”Drama [tekst] is thought, verbal, narrative; it allows for little improvisation; it exists as a code independent of any individual transmitter; it is a text. A script is either a traditional plan for a theatre event [...] or it is developed during rehearsals to suit a specific text [...].” (Schechner, 1973, s.24)

”The script is something to be used and discarded as its textuality is corporealized in performance.” (Rabkin, 1985, s.150) Som vi ser er Gerard Rabkin, professor i framsyningskunst og teaterteori, tydeleg usamd med Schechner på dette punktet. Der Schechner ser på skript som noko meir enn berre tekst, ser Rabkin på ”script” som teksten, i Schechners forståing av ordet. Rabkin på si side, meiner manuskriptet er eit medel for skodespelarane, regissørar og andre i teaterverksemda, som dei brukar som ein slags mal for framsyninga. Teksten derimot, er der kodane ligg, der meaninga ligg. Rabkin seier òg at sjølve framsyninga har sin eigen tekstualitet, som igjen kan lesast. Denne tekstualiteten er kompleks, skriv Rabkin, fordi den er skapt på bakgrunn av tekstualiteten til dramaet, eller manuskriptet. ”Performance text” som Rabkin kallar det, er ulik andre litterære tekstar, nettopp fordi dei skal synast fram, og ikkje nødvendigvis lesast. Og dette gjer det kanskje vanskelegare å tolke dei.

Det einaste som eigentleg skil Schechner og Rabkin frå kvarandre, er omgrepsbruken. Begge nyttar omgrepa *text* og *script*, men dei har motsett tyding. Dette gjer omgrepsbruken vanskeleg. Det dei er samde om, er at eitt av omgrepa skildrar den fysiske teksten som blir brukt i ei framsyning, og det andre omgrepet skildrar den verbale teksten vi ser på scena. Eg meiner dei gjer rett i å skilje dei frå kvarandre, men at omgrepsbruken er forvirrande. Som Ricœur skriv (2001), så er det ei skilnad mellom ei munnleg og ei skriftleg ytring. Men i staden for å nytte omgrepa Schechner og Rabkin gjer, *tekst* og *script*, vil eg nytta omgrepa *teatertekst* og *scenetekst*. Teaterteksten er den fysiske teksten, som vi kan halde i handa. Det er der dei skriftlege ytringane ligg, mens *scenetekst* er då det motsette, nemlig den verbale teksten som blir formidla på scena. Det er teaterteksten vi skal sjå på her, ikkje sceneteksten. Og det må spesifiserast at omgrepet manuskript vil bli nytta som eit synonym for teaterteksten i denne oppgåva. Av di sceneteksten er munnleg, vil han òg vere forbigåande og dermed berre eksistere i augneblinken. Teaterteksten derimot, blir forvara, ofte i arkiv eller i prenta bøker, noko som gjer han tilgjengeleg for oss òg ved seinare tidspunkt.

Teater

Dei fleste vil nok forbinde teater med opplevinga av å sjå ei framsyning frå salen som tilskodar. Vi kan seie at dette er ei forståing av teater som ei hending, eller situasjon. Som tilskodarar blir vi ofte opphengd i det som skjer framføre oss, utan å reflektere så mykje rundt det som skjer bak scena. Dette er sjølvsagt noko av det som er spennande ved teater, nettopp

at vi kan bli så oppglødd over situasjonen. Men det er likevel ei anna side ved teater, nemlig det arbeidet som ligg bak det vi ser framstilt på scena. Ei framsyning blir ikkje til av seg sjølv (med mindre det er improvisasjonsteater, noko vi ikkje tek omsyn til her), men krev hardt arbeid frå mange hald. Manuskriptet må bli skrive, kostymar og kulissar må bli laga, lyd og ljós må planleggjast osb. Eg meiner vi altså må skilje mellom ”teater” som situasjon og ”teater” som institusjon. Teater som situasjon, vil eg seie, er der tilskodar møter skodespelaren, altså der teaterhendinga oppstår, her og no. Teater som institusjon er staden der arbeidet med framsyninga skjer, eller er arbeidsplassen til dei som lager framsyninga. Eg meiner det er viktig å skilje desse syna på teater, av di eg her går bak scena og undersøker det som skjer i teateret som institusjon. Denne tilnærminga til omgrepet vil bli nytta oftast i denne oppgåva, og vil difor vere hovudtilnærminga mi til omgrepet. Men eg nyttar òg den andre forståinga av ”teater”, altså som situasjon. Der denne forståinga av omgrepet blir nytta, vil det kome til syne gjennom konteksten omgrepet er nytta i.

Førelegg

Når ein jobbar med ein tekst som byggjer på ein annan, kan det vere fristande å bruke omgrepet *original tekst*. Problemet med denne omgrepsbruken, er at det tvingar fram spørsmål som ”kor original er originalen?”, noko ein truleg ikkje vil kunne finne ut av. For å unngå ei slik forvirring, vel eg her å bruke omgrepet *førelegg*. Ifølgje Arne Engelstad (2007) er eit førelegg: ”Utgangspunktet for adaptasjonen, for eksempel romanen som ligger til grunn for filmatiseringen.” (2007, s.210) Altså vil førelegget i dette tilfellet vere *Bibelen*, meir presist *Gud set Abraham på prøve* (1 Mos 22,1-19, Bibelselskapet, nynorsk overs., 2011), som framsyninga og teaterteksten byggjer på.

Tolkingsfellesskap

Stanley Fish laga omgrepet *interpretive communities* på 1970-talet. Eg har her valt å bruke Øystein Aspaas si omsetjing av omgrepet, nemlig *tolkingsfellesskap*. (Aspaas, 2006) Kva som inngår i omgrepet, vil eg gå nærmare inn på seinare i oppgåva.

Tidlegare forsking

Som vi såg tidlegare, er det stort fokus på sceneteksten innan teatervitskapen. Men det har likevel blitt forska på andre sider ved teateret dei siste åra. I avhandlinga ”Tekst og teater” (Krogstad, 2007), undersøkjer Synne Krogstad samarbeidet mellom dramatikarar og teateret i utviklinga av scenetekstar. Utifrå ei undersøking gjennom observasjon og intervju med aktørar i teaterverksemda, prøver Krogstad å finne ut korleis samarbeidet kring tekst og framsyning artar seg. Ho prøver å finne ut korleis dramatikaren kan delta i arbeidet med framsyninga, saman med regissøren og skodespelarane. Som Krogstad interesserer eg meg òg for fellesskapet kring tekstarbeidet i teateret. Men i motsetnad til Krogstad handlar ikkje avhandlinga mi om dramatikarens posisjon i tilhøvet til dei andre aktørane i teateret. Her ser eg på dramatikaren som ein del av fellesskapet. Krogstad baserer funna sine på observasjon av og intervju om arbeidsprosessen. I staden for å observere tekstarbeidet, ser eg på tekstutviklinga gjennom teaterteksten, i tillegg til intervju. Dette er òg ei av dei største skilnadene på prosjekta våre, nemlig at Krogstad fokuserer på sceneteksten, i motsetnad til mitt prosjekt som handlar om teaterteksten. Dette er eigentleg naturleg, ettersom Krogstad studerte drama og teater, medan eg har ei lesevitkskapleg tilnærming til tema.

Ei som har sett på teater i eit lesevitkskapleg perspektiv, er Aslaug Fodstad Gourvennec. I avhandlinga ”Åpenhet og poesi” (2008) undersøker Gourvennec den franske resepsjonen av Jon Fosses tekstar. Ho skriv særleg om Fosses skrivestil, og kvifor denne passer godt inn i den franske teaterforståinga. Gourvennec undersøker her kvifor Fosses tekstar blir tekne så godt imot i Frankrike, og fokuserer på resepsjon frå tilskodarens ståsted. Altså er vi begge opptekne av resepsjon i teateret, men eg undersøker resepsjonen av teaterteksten bak sceneteppet, medan Gourvennec ser på han frå teatersalen. Gourvennec analyserer òg teatertekstar, men ho gjer det med mål om å sjå på dramatikarens skrivestil. Eg fokuserer ikkje på det som definerer Maria Tryti Vennerøds skrivestil, men meir på det særmerkte ved teaterteksten og korleis sjølve teksten utviklar seg.

Dei neste kapitla

I kapittel 2 vil eg presentere det teoretiske og metodiske perspektivet for oppgåva, for både tekst- og intervjuanalysen. Teori og metode vil vere nært knytt til kvarandre i denne oppgåva, og dei vil difor bli presentert i same kapittel. Deretter kjem analysane av teaterteksten og

intervjua. I kapittel 3 undersøkjer eg teatertekstens utvikling gjennom tekstmaterialet som føreligg. Deretter, i kapittel 4, vil eg sjå kva tolkingsfellesskap vi finn i teateret ved å analysere intervjeta med aktørane i teateret. Desse er presentert i to ulike kapittel, sidan dei er resultatet av to metodar. Etter det kjem ein konklusjon, der funna frå tekst- og intervjuanalysen blir sett saman, og der vi skal sjå korleis desse er knytt til kvarandre. Heilt bak i oppgåva er vedlegga. Dei inkluderer 1) manuskriptet til *Scene 10*, 2) intervjuguiden, og 3) dei transkriberte intervjeta.

Etter avtale med dramatikar Maria Tryti Vennerød, som har skrive *Scene 10*, vil eg berre legge ved scena som vedlegg i utskrifta til sensorkomiteen. Tryti Vennerød ville ikkje at dokumentet skulle bli spreidd ut i det offentlege, men ho var snill nok til å la meg legge scena ved i utskrifta til komiteen. Altså vil materialet for tekstanalysen ikkje vere tilgjengeleg for andre lesarar.

2 Teori og metode

Som eg nemte i innleiinga, vil denne oppgåva ha ei todeling på bakgrunn av problemstillingane. Den første delen vil rette seg mot teaterteksten og korleis han utviklar seg gjennom ein arbeidsprosess. Her tek eg utgangspunkt i bibelhistoria *Gud set Abraham på prøve* (1 Mos 22,1-19) og *Scene 10* frå manuskriptutgåva frå oktober 2012 og *Scene 9* frå utgåva frå januar 2013, begge kalla ”Abraham blir beden om å ofra sonen Isak”. Den andre delen vil dreie seg om dei menneska som jobbar med teaterteksten, og korleis dei tolkar han utifrå dei same føresetnadane som ein del av eit tolkingsfellesskap.

På bakgrunn av problemstillingane meiner eg det er tenleg å bruke to forskjellige teoretiske perspektiv. For tekstanalysen vil eg nytta ulike teoriar som vil hjelpe meg i undersøkinga av teatertekstens utvikling, og for undersøkinga av tolkingsfellesskapet har eg tatt utgangspunkt i resepsjonsteori, der kvalitative intervju er brukt som metode. Sjølv om eg har valt å dele teori- og metodekapittelet i to delar, betyr ikkje det at dei ikkje heng saman. Tekstanalysen vil stå relativt sjølvstendig, medan intervjuanalysen er basert på nokre av teoriane frå tekstanalysen. Dette vil eg kome tilbake til i metodekapittelet. Eg har gjort eit utval av teoriar som eg meiner er tenlege for undersøkinga mi. Nokre av dei blir forklart meir detaljert enn andre, noko eg meiner er naudsynt i dei tilfella dei er sentrale for undersøkinga. Eg kunne nok ha valt andre teoriar som grunnlag for analysane, men det valet eg har tatt, meiner eg reflekterer og forklarar på best høveleg måte kva eg er ute etter å undersøke her. Teoriane eg nyttar dekkjer ulike områder, og er ikkje naudsynleg direkte knytt til teaterverksemda. Av di det i mindre grad er teori kring tematikken eg tek opp her, har eg vore nøydd til å gjere teoriane relevante for oppgåva mi. Eg kjem nærmare inn på dette når eg presenterer dei enkelte teoriane.

Teori og metode er nært knytt opp til kvarandre. Teoriane eg ynskjer å kopla til tekstanalysen, legg grunnlaget for metoden eg brukar. Teoriane dannar ein struktur for korleis eg vil gå fram i analysen, og lager eit bilet av kva eg vil undersøke nærmare i teaterteksten. Desse teoriane har òg vore sentrale for utforminga av intervjuguiden. Spørsmåla til informantane blei laga på bakgrunn av elementa i tekstanalysen. Resepsjonsteorien er såleis ikkje kopla til metoden min på same måte. Dette teoretiske perspektivet forklarar meir kva eg vil finne ut gjennom intervjua. Resepsjonsteorien har på ein måte rettleia meg i kva det er eg vil finne ut, men ikkje

i sjølve oppbygginga av analysen. Eg går nærmare inn på den metodiske tilnærminga seinare i dette kapittelet. Først vil eg presentere dei teoretiske perspektiva.

Teoretisk perspektiv

Analysen av teaterteksten er det eg fokuserer først på i oppgåva mi. For å kunne gjennomføre ein analyse av teksten, utifrå dei perspektiva eg vil undersøkje i han, har eg her nytta fleire teoriar. Ettersom *Bibelen*, sett opp av Det Norske Teatret, byggjer på boka *Bibelen*, har eg valt å sjå litt på adaptasjonsteori. Eg meiner det er naudsynt å gå til utgangspunktet for teksten, for å forstå kor historia kjem frå og for å sjå kva som har skjedd med han i arbeidsprosessen. På bakgrunn av dette, vil eg gå gjennom tekstmaterialet etappevis, noko eg meiner er tenleg i von om å finne ut korleis teaterteksten utviklar seg. Eg bruker Paul Ricœur (2001) og hans teori om teksten, der han gir ei slags metodisk oppskrift for å finne ut kva ein tekst er. Ettersom Ricœur ikkje er særleg spesifikk i sin metode, har eg òg funne hjelp i både dramaturgi- og teaterteori. Eg kjem nærmare inn på dei forskjellige teoriane etter kvart. Eg har altså ikkje valt ein hovudteori for tekstanalysen. Eg har valt fleire teoriar som eg meiner er tenleg som hjelp for å finne svar på problemstillinga mi. Nokre teoriar er meir sentrale enn andre, som også gjer at framstillingane av dei blir ulike.

Resepsjonsteori er det andre teoretiske perspektivet eg vil bruke for å svare på korleis dei i teateret tolkar tekst og jobbar med han, i eit tolkingsfellesskap. Resepsjonsteori dreier seg for det meste om lesarens posisjon til teksten, og korleis lesaren tolkar tekst på forskjellige måtar. Dette føreset at lesaren alltid tolkar teksten som blir lesen, noko som er eit av dei sentrale prinsippa for resepsjonsteori. Omgrepet *interpretive communities*, eller *tolkingsfellesskap* som eg vil bruka her, kjem frå Stanley Fish (1980), ein av dei sentrale teoretikarane innan den amerikanske skulen av resepsjonsteori, kalt ”reader-response theory”. Kva som inngår i omgrepet, vil eg forklare seinare i kapittelet. Eg har valt denne teorien som utgangspunkt for intervjuet, av di eg vil finne ut kva som inngår i tolkingsfellesskapet i teateret, og korleis dette påverkar teksttolkinga og arbeidet med teksten. I motsetnad til teatertekst-delen av dette kapittelet, vil eg her ta føre meg ein hovudteori. Eg tek utgangspunkt i Fish sin teori i problemstillinga, noko som gjer det naudsynt å fokusere på han i denne teoridelen. Men eg vil

øg sjå på andre tekstar som tek føre seg tolkingsfellesskap og kollektive skapingsprosessar i teaterverda. Før eg gjer det, vil eg sjå nærmare på teoriane kring teaterteksten.

Teatertekst

I analysen av teatertekstens utvikling, undersøker eg tekstmaterialet kvar for seg. Eg gjer altså ikkje berre ein samanlikning av tekstane. Eg skal sjå på strukturane i tekstane, men eg er òg ute etter å gå djupare inn i dei, for å sjå kva dei kan fortelle oss. Av di eg går inn i kvar enkelt tekst, såg eg det som tenleg å sjå på korleis ein kan tolka tekstar. *Tekst* kan vi sjå på som eit overordna og vidfamnande omgrep. Vi kan seie at *tekst* verker som eit paraplyomgrep, som famnar om fleire underomgrep. Eitt av desse underomgrepa vil eg seie er *teatertekst*. Å prøve å finne ut kva ein tekst er, kan være utfordrande, ikkje berre fordi det finst så mykje litteratur om akkurat tekstromgrepet, men også fordi det er eit vanskelig spørsmål å svare på. Nokre meiner teksten ikkje berre er skrift på papir eller andre materialar, men at han inneheld meir enn det ein kan sjå ved første augnekast. Andre igjen meiner tekst berre er ei systematisk framstilling av teikn og kodar, der lesaren må kunne setje desse saman for å lage mening av dei. Ein som har tort å stille spørsmålet ”kva er ein tekst?”, er hermeneutikaren Paul Ricœur, noko han prøver å svare på i artikkelen som nettopp heter ”Hva er en tekst?: å forstå og forklare” (2001).

I artikkelen gir Ricœur ein slags metodisk oppskrift for korleis vi best mogleg kan finne mening i teksten vi les. For Ricœur er forklaring og fortolking viktige delar av leseprosessen. For å finne referansen og meininga i teksten, kan vi møte teksten gjennom forklaring og/eller fortolking. Han vil ikkje skilje mellom desse slik, ifølgje Ricœur, Dilthey gjorde. Ricœur tar eit oppgjer med dei som skil forklaring frå fortolking. Ricœur hevdar at teksten må både forklarast og fortolkast for å skape mening. Han meiner vi ikke må sjå på dei som motsette tilnærmingar til tekst, men heller kombinere dei når vi les. Men kva er forklaring og kva er fortolking?

Forklaringa, skriv Ricœur, ligg i det systematiske i teksten, altså i språket, eller lingvistikken. Dette kallar han for tekstens indre verd. Denne indre verda blir tydelig når ein ser på logikken i teksten og strukturane i han. Vi kan seie at strukturen òg dreier seg om oppbygginga av

teksten. Ved å trekke fram strukturane i teksten vil ein kunne forklare han, og Ricœur seier òg at ein heilskapleg strukturell analyse av tekst er fruktbar. Men ein slik analyse kan ikkje gi lesaren eit ”godt nok” bilet av meiningsa i teksten. Då må lesaren òg fortolke teksten. For Ricœur sin del er introspeksjon ein viktig del av fortolkinga. Han skriv at for å fortolke ein tekst, vil ein alltid dra med seg sine eigne erfaringar inn i lesinga. Samstundes har teksten si eiga mening som han vil at du, som leser, skal finne og rette deg etter. Om eg skal følgje Ricœur si oppmoding, vil det seie at eg både må hente fram dei strukturelle einingane i han, og samstundes tolke han ut frå mine eigne føresetnader, for å finne mening.

For Ricœur er forklaring og forståing viktige element for å finne mening i teksten. Men det verkar som han set fortolkinga litt høgare enn forklaringa.

[...] hvis man derimot holder den strukturelle analysen for å være en etappe – en nødvendig etappe – mellom en naiv og en kritisk fortolkning, mellom en overflatisk og en dyp fortolkning, da synes det mulig å plassere forklaringen og fortolkingen langs en eneste *hermeneutisk bue* og integrere de motsatte posisjonene til forklaringen og forståelsen i en helhetlig oppfatning av lesingen som gjenerobring av meningen. (Ricœur, 2001, s.76)

Ricœur kjem med sterke ord i sitatet over. Han seier altså at det å berre gjennomføre ein strukturell analyse vil vere ein naiv måte å tilnærma seg teksten på. Vi kan hevde at for Ricœur, vil ein rein strukturell analyse ikkje produsere mykje mening. Strukturane i ein teatertekst er ofte bygde opp av scenetilvisingar og replikkar, som igjen består av ord. Dette vil eg seie er unikt for teaterteksten i tilhøve til andre tekstformer. Ein analyse med fokus på desse strukturane meiner eg kunne ha vore særslig interessant, til dømes i ein analyse av skilnaden mellom strukturane i ein teatertekst og til dømes ein roman. Struktur er interessant, men utan tolking meiner eg likevel at analysen av teksten kunne blitt særslig overflatisk og einsidig. Og ettersom eg både vil sjå på struktur i teksten, men òg prøve å tolke innhaldet, meiner eg Ricœur syner ei passande tilnærming til analysen av teaterteksten.

For å finne teksten si mening, må ein altså forklare teksten, gjerne gjennom ein strukturell analyse, og deretter fortolke han. På den måten får ein ikkje berre sett på dei små, meiningsberande elementa i teksten, t.d. ord, som i seg sjølv kan ha fleire tydingar, men ein får òg sett diskursen i teksten, altså den meiningsa desse små elementa i teksten lagar saman: ”å forklare, det er å avsløre strukturen, det vil si de indre avhengighetsforholda som utgjør tekstens statistikk; å fortolke, det er å følge den tankebanen som teksten har åpnet, å legge i vei mot tekstens *orient*.” (Ricœur, 2001, s.76) Vi kan seie at for Ricœur er teksten ei blanding

av både strukturelle einingar og meiningsområdet som ligg skjult før fortolkinga finn stad. Og for å kunne få eit fullt utbytte av teksten, må vi sjå på både dei strukturelle einingane, og samstundes tolke teksten for å finne meiningsområdet med han. Skulle eg ha nytta denne ”metoden” Ricœur presenterer, hadde eg ikkje fått mykje informasjon ut av teaterteksten. Av di metoden Ricœur presenterer er relativt diffus. Eg skal prøve både å forklare og fortolke teksten, noko teaterteori kan hjelpe meg med. Eg gjer som Ricœur oppmodar, og starter med forklaringa. Som tidlegare nemnt er teatertekstar ofte bygde opp av scenetilvisingar og replikkar, som vi kan seie er ein del av strukturen i teaterteksten. Ein som har sett nærmare på dette tilhøvet i teaterteksten, er Egil Törnqvist.

I boka *Transposing Drama* (1991) skriv Törnqvist blant anna om korleis ein teatertekst blir skriven om til å passe andre medium, som til dømes manuskript for film, radio eller fjernsyn. Han skriv at ein teatertekst, eller det han kallar dramatekst, kan vere utgangspunkt for mange forskjellige scenetekstar, eller framsyningstekstar som dei òg kan bli kalla. Boka tek for det meste føre seg korleis ein tekst skriven for teaterscena har blitt gjort om til tekstar for film, fjernsyn og radio. Han samanliknar tekstanes skilnader og likskapar. Törnqvist kallar denne prosessen *transposing*, eller *transposering* som vi kan seie. Eit av punkta Törnqvist fokuserer på i analysane sine, er teatertekstens scenetilvisingar og replikkar. Han skriv at dette er nokre av dei karakteriserande faktorane ved ein slik tekst. (Törnqvist, 1991, s. 9)

Törnqvist presenterer to omgrep: *primary text* og *secondary text*. (Törnqvist, 1991, s.9) Fritt omsett kan vi kalle dei *hovudtekst* og *sidetekst*. Dei to omgrepene blei introdusert av tyskaren Roman Ingarden, og i boka *Det Litterära Konstverket* (Ingarden, 1976), skriv han at desse omgrepene skal dekkje skilnaden mellom replikkar og scenetilvisingar i teatertekstar. Hovudteksten er det som, ifølge Ingarden, blir verbalisert på scena. Hovudteksten er det vi kallar replikkar. Sideteksten er det som berre blir verbalisert i teaterteksten, altså det publikum ikkje får med seg frå salen, men som leseren får sjå i sjølve teksten. Sideteksten er altså scenetilvisingane. (Törnqvist, 1991, s.9) Törnqvist motseier Ingarden i det at sideteksten berre er scenetilvisingar og at hovudteksten berre er replikkar. Törnqvist har laga ei liste over dei moglege ikkje-verbale tilvisingane i ein teatertekst, og døme på desse er: namnet på forfattaren, lister over karakterane i framsyningen, året teksten vart prenta osb. (Törnqvist, 1991, s.10) Sideteksten er, ifølgje Törnqvist, alt i teaterteksten som ikkje kjem fram på scena, men som likevel står skrive i teksten. Hovudteksten er heller ikkje berre replikkar, seier

Törnqvist. Dei verbale tilvisingane kan òg vere indikasjonar på geografiske og/eller historiske settingar, som til dømes kostyme som syner til tida historia spelar seg ut i.

Tilhøvet mellom hovudteksten og sideteksten er særslig interessant. Men Törnqvist trekker fram fleire element i sin definisjon av dei to omgrepa som ikkje er relevant for mi oppgåve. For det første skal eg ikkje undersøke sceneteksten for denne framsyninga. Dei elementa som berre blir tydelege på scena, til dømes kostyme, sceneteppe-styring osb., er ikkje relevante her av di eg berre analyserer teaterteksten, der slike element ikkje kjem til syne. Nokre av dei ikkje-verbale tilvisingane Törnqvist lyster opp, er heller ikkje brukbare her. Det er til dømes ikkje noka liste over karakterane i scena eg analyserer, ei heller forfattarnamn eller året teksten vart prenta. Det betyr ikkje at eg ikkje har kunnskap om desse opplysningane, men dei kjem ikkje fram av manuskriptet. Törnqvist laga denne lista over skilnadene på side- og hovudtekst av di han meinte Ingarden skilte dei på eit for snevert grunnlag. Ingarden meinte, ifølgje Törnqvist, at sideteksten berre bestod av scenetilvisingane. Manuskripta eg har tilgang til her, inneheld berre scenetilvisingar og replikkar. På bakgrunn av dette, held eg meg til Ingardens definisjon av omgrepene, og vil følgjeleg studere sideteksten gjennom scenetilvisingane og hovudteksten gjennom replikkane.

For Törnqvist er side- og hovudteksten nært knytte til kvarandre. Han meiner at om ein regissør fjernar eller forandrar sideteksten kan det påverke heile historia i teksten. Törnqvist kritiserer dei som meiner sideteksten er mindre viktig enn hovudteksten.

First, it goes against the idea that primary and secondary texts are intimately interwoven and that changing the latter inevitably means that a new and perhaps less meaningful relationship is established. Second, it does not take account of the fact that precisely the non-verbal elements in many modern plays are of the greatest significance. Third, it is a sweeping generalisation, disregarding the fact that some stage- and acting-directions are of vital importance, whereas others are merely ad libs. (Törnqvist, 1991, s.11)

Med andre ord kan vi seie at for Törnqvist er sideteksten særslig viktig i dei fleste teatertekstar, men at det finst unntak. Törnqvist har kanskje sikra seg frå kritikk på dette punktet ved å seie at sideteksten er viktig, men ikkje naudsynleg all sidetekst. Samstundes vil eg seie meg samd med han på dette punktet, av di ikkje alle scenetilvisingar er like meiningsberande som andre. Dei av oss som har lest Ibsen, veit dette. Eg vil hevde at det til dømes er viktigare for historia å få innblikk i karakteranes reaksjonar, enn informasjon om fargen på ein lampe i kulissane. Sidetekst, til liks med hovudtekst, kan vere viktige komponentar i dramaturgien i ein

teatertekst, av di både side- og hovudteksten kan verke inn på lesarens oppfatning av teksten og på framdrifta av teksten. Dramaturgi er særsviktig å ha med i det analytiske perspektivet her, av di eg meiner ei historie, anten i ein teatertekst, roman eller i ein annen form, ikkje vil ha noko særleg framdriv utan. Dette vil igjen gjere at vi som leserar ikkje vil ha den same interessa i historia.

Michael Evans, dramaturg ved Rogaland Teater, går gjennom viktige dramaturgiske grep i boka *Innføring i dramaturgi: teater, film, fjernsyn* (2006). Evans tek føre seg dramaturgi i både teater, film og fjernsyn, og presenterer noko han kallar standard-dramaturgien. Denne finn vi, ifølge Evans, i dei fleste skodespel og filmar i dag. (Evans, 2006, s.19) Det er òg standard-dramaturgien Evans fokuserer på i mesteparten av boka si. Eg skal ikkje legge fram alle trekk og prinsipp ved denne modellen, men eg trekkar fram element eg meiner er viktig for analysen min. Ein kan argumentere for at bruken av ei slik standard-dramaturgi-modell vil hindre oss i å sjå etter andre moglege oppbyggingsmønstre i tekstanalysen. Likevel vil eg nytte Evans modell i oppgåva mi, av di eg meiner det vil vere fruktbart for mi undersøking.

Eg vil seie at karakterane i historia er noko av det som driv handlinga framover i ein teatertekst. Evans brukar omgrepet *protagonist*. Det er, ifølgje Evans, ”den karakteren hvis handlinger vi følger mest.” (Evans, 2006, s.75) Eg vel å bruke omgrepet slik Evans definerer det. Handlingane vi følgjer, er ofte basert på ei utfordring protagonisten får i starten av historia, skriv Evans. Og protagonistens forhold til utfordringa er det som oftast blir fokuset i historia. Men protagonisten treng ikkje å vere berre ein karakter, men kan vere fleire, skriv Evans. (2006, s.78) Er det fleire, skriv Evans, må dei stå overfor dei same utfordringane og dei må ha omlag like stor rolle i historia. Eg meiner dette er relevant for oppgåva mi, av di *Scene 10* og *Scene 9* inneheld fleire sterke karakterar, og ei undersøking av deira posisjon i tilhøve til kvarandre kan gi svar på kven av dei som er protagonisten, og kven og kva historia eigentleg handlar om. Evans hevdar at vi lever oss inn i protagonistens kjensler, og at vi blir særsviktige i kva som skjer med han/ho gjennom historia. Dette gjeld sjølv om protagonisten ikkje er sympatisk, eller ”snill”. Ifølgje Evans er det tre måtar vi som leserar skaper eit bilet av ein karakter på:

1. Forfatterens direkte kommentarer om karakteren (sceneanvisninger i skuespilltekster og liknende anvisninger i film- og fjernsynsmanuskripter), 2. Kommentarer som *andre* karakterer kommer med om karakteren (både verbale kommentarer og det vi kan lese ut av deres

kroppsspråk, handlinger og så videre som har med karakteren å gjøre), 3. Handlingene som karakteren selv foretar seg. (Evans, 2006, s.146)

Vi ser at ikkje alt i lista over er i samsvar med mitt analytiske perspektiv. Kva vi får vite på scena er ikkje relevant for korleis vi oppfattar karakterane her, av di eg berre tek utgangspunkt i den trykte teksten. Men Evans gir nokre gode poeng i tilhøve til korleis vår oppfatning av karakterane blir påverka av andre element enn berre karakterane sjølv.

Karakterane er ein del av ei forteljing. Ifølgje Evans vil det alltid vere ei form for konflikt i fortellinga, og konfliktane dreier seg rundt karakterane: ”Personene handler på grunn av en konflikt, ellers hadde de holdt seg i ro.” (2006, s.30) Evans meiner det er tre typar konfliktar i teaterteksten: ”Konflikter med perifere personer og miljøet. Konflikter med familie og nære venner. Konflikter med seg selv.” (2006, s.31) Han hevder at teatertekst fokuserer mest på personlege konfliktar, altså ein av dei to sist nemnte, av di i teateret oppfattar vi lettare konfliktar i relasjonane mellom karakterane framfor individuelle konfliktar. Samstundes meiner Evans at ein god tekst inneheld konfliktar av alle tre typane.

Konfliktane i teaterteksten kan ofte føre til at vi stiller oss spørsmål i lesarprosessen. Og det er desse spørsmåla, eller svara på spørsmåla, som gjer at vi blir så interesserte i historia, meiner Evans. Denne spenninga er ofte grunnen til at vi les ferdig boka, eller ser ferdig filmen. Ei fortelling inneheld ofte eitt berande spørsmål, skriv Evans: ”Det bærende spørsmålet er formulert rundt protagonistens aktivitet, og det går ut på hvorvidt eller hvordan protagonisten kommer til å gjennomføre prosjektet sitt.” (2006, s.95) Protagonistens sentrale rolle for historia kjem stadig tilbake hos Evans. Og konfliktane han er ein del av, er viktige for handlingsgangen. Evans presenterer ein typisk handlingsgang for standard-dramaturgien. Eg meiner denne handlingsgangen er relevant å ha med her, av di det er interessant å sjå om *Scene 10* og *Scene 9* har ein standard oppbygging, eller om dramaturgien i teaterteksten har ein annen form for handlingsgang. Den standardiserte handlingsgangen går som følgjer:

1. I begynnelsen av denne fortellingen lever protagonisten (P) et utilfredsstillende liv; noe er feil, uten at P riktig kan si hva det er. Metaforisk kan man si at P lever ensovngjenger-eksistens.
2. Så inntreffer det noe; Livet til P (og noen av de andre personene i fortellingen) blir snudd opp ned. P får en utfordring.
3. Først tviler P på riktigheten av å ta imot utfordringen, men etter litt bestemmer P seg for å gjøre det. Så begynner kampen.

4. Tidlig i kampen tror P at det kommer til å gå bra. Men så viser det seg at motstanderen er farligere enn først antatt. P kommer til et punkt der noen og hver ville finne det fornuftig å snu, men det er dessverre umulig nå: P må fortsette.
5. I den avgjørende kampen klarer P å mobilisere uante ressurser; verken vi eller P visste at P eide så mye kløkt og styrke.
6. Utfallet av den store kampen er (til en viss grad) tvetydig, men én ting er sikkert: Livet vil aldri være det samme igjen. (Evans, 2006, s.106)

Ein slik modell kan vere farleg i ein analyse. Om ein søker etter den same oppbygginga, kan det vere vi går glipp av andre viktige element. Modellen kan verke mot si hensikt, ved at vi blir blenda i søkinga etter oppbygginga. Samstundes meiner eg at han gir eit godt bilet av ein typisk handlingsgang, noko vi vanlegvis finn i dramaturgisk-oppbygga tekstar. Eg trur heller ikkje at bruken av ein slik modell vil hindre meg frå å finne andre interessante funn i teksten. Eg vil undersøkje om ein slik oppskrift finst i *Scene 10* og *Scene 9*.

Eg har nå gått gjennom dei elementa eg meiner er relevante for analysen av teaterteksten, men eg har ikkje enno adressert det faktum at teksten utviklar seg frå førelegg, til råmanuskript og til revidert manuskript, som skjer gjennom ein arbeidsprosess i teaterets regi. Bibelhistoria har blitt skriven om slik at han passar inn i teaterets medium. Med dette som bakgrunn meiner eg det er naudsynt å sjå på adaptasjonsteori, av di ein del av analysen vil vere å sjå på korleis teksten endrar seg mellom etappane den opptrer i. Eg vil sjå på kva som endrar seg i tekstens struktur, og korleis tekstens innhald endrar seg mellom dei forskjellige etappane.

Å adaptere kan definerast som ”Å legge et stoff til rette for og tilpasse det et annet medium (med en *adaptasjon* [...] som resultat).” (Engelstad, 2007, s.209) Arne Engelstad skriv i boka *Fra bok til film : Om adaptasjoner av litterære tekster* (2007) om filmar som er basert på romanar. Han går gjennom døme for korleis ein kan analysere ein filmadaptasjon, og synar det mediespesifikke ved filmen i høve til romanen. Sjølv om eg ikkje skriv om korkje roman eller film her, meiner eg nokre av poenga hans er aktuelle for mi oppgåve. Han skriv om litterære tekstar som blir tilrettelagt for eit anna medium, noko eg òg gjer, ved å sjå på korleis bibelhistorie blir tilrettelagde for teateret. Men det er ein stor skilnad mellom Engelstads bok og mi undersøking, nemlig at han ser på korleis dei litterære tekstane ender opp som audiovisuelle resultat, altså på filmleiret. Eg ser berre på tekstane; korleis ein tekst blir skriven om til ein annan tekst, utan å ta med det audiovisuelle resultatet med i analysen. Men av di teaterteksten er grunnlaget for framsyninga, eller det audiovisuelle resultatet, meiner eg at adaptasjonsteori likevel er tenleg å bruke i analysen min.

Eit viktig poeng Engelstad kjem med i boka, er at adaptasjonen må tilpassast til det nye mediet om han skal vere vellykka. Altså må teksten endrast slik at han passar mediet han skal fungere i. (Engelstad, 2007, s.17) Med andre ord, ein kan ikkje direkte overføre eit skodespel til ein film, av di det ikkje passar mediet. Skodespelet må i så fall skrivast om og tilpassast filmens eigenskaper og eigenart. Til dømes så kunne ein ikkje sett opp *Bibelen* på teaterscena slik han er skiven i boka. Noko Det Norske Teatret har skjønt. Historia må bli tilpassa scena, og ikkje minst teatertekstens eigenart. Teatertekstens eigenart har eg prøvd å gi nokre døme på i avsnitta over, til dømes side- og hovudtekst, dramaturgisk oppbygging osb. Ein ting Engelstad ikkje fokuserer mykje på i boka si, er at filmar byggjer på eit manuskript. Det kan verke som Engelstad kuttar reisa teksten har, ved at han går frå den litterære teksten, og rett til filmen på lerretet. Han kunne, med god grunn, tatt med manuskriptet, som på ein måte er etappen mellom romanen og filmen. Hadde han sett betre på manuskripta som ligg til grunn for filmane, kunne kanskje adaptasjonen av bøkene blitt tydelegare. På same tid analyserer eg ein tekst som ligg til grunn for ei framsyning. Med andre ord er eg kanskje skyldig på same måte som Engelstad, at eg her ikkje tek med sjølve framsyninga med i biletet, slik han ikkje tek med manuskriptet. Eg vil minne om her, at eg tidlegare har nemnt at eg ikkje utelet framsyninga, men ser på ho som ein viktig del av teateret og teatertekstens framstilling. Samstundes er hovudfokuset mitt på teaterteksten, noko som gjer at framsyninga her kjem i andre rekke.

Engelstad skriver om dei tinga som ikkje kan bli fjerna i ein adaptasjon. Han viser til Roland Barthes, og hans strukturalistiske analyse av narrative fortellingar. Barthes meiner at for å analysere narrativ, må ein sjå på delane det er laga av. (Barthes, 1975) Som strukturalist³, er Barthes oppteken av delane som saman skapar handlingsgangen i ei fortelling. Desse *funksjonane*, som Barthes kallar dei, er viktige einingar for at historia skal lage mening, og fjernar vi dei, vil viktige poeng i historia forsvinne: "the function is obviously a content unit: it is "what an utterance means," not the way it is made, which constitutes it as a functional unit." (Barthes, 1975, s.245) Funksjonane blir samanlikna med handling i narrativet, og nokre funksjonar er viktigare å halde fast ved i ei historie enn andre. Desse kallar Barthes for

³ *Eléments de Sémiologie* (1965) er et verk som plasserer Barthes i strukturalismen. Frå seint på 1960-talet blir Barthes rekna ein av grunnleggjarane av poststrukturalismen. Se blant anna *Tekstteori* (Barthes, 1991).

cardinal functions. (1975, s.248) Kardinalfunksjonene, eller kjernefunksjonen som Engelstad kallar dei er:

[...] et punkt i fortellingen der handlingen klart åpner for alternativer. Det valget som blir truffet får betydning for utviklingen videre. Det ene kjernekjøpet leder til det neste i årsaksrekken, og dersom noen av disse punktene uteslutes eller endres, blir fortellingens logikk ødelagt.” (Engelstad, 2007, s.74)

Vi kan seie at kardinalfunksjonane er det som definerer historia, etter det Engelstad forklarar her. Barthes meiner fortellinga inneheld fleire einingar, noko han kallar katalysatorar. I motsetnad til kardinalfunksjonen, så kan katalysatoren bli fjerna eller endra, utan at grunnfortelinga tar skade av det. Katalysatorane kan, ifølgje Barthes, verke uviktige og uturvande for fortellinga, men dei kan fungerer som ein slags pause, eller tempokontroll i narrativen for lesaren, og utan dei, vil fortellinga miste mykje av spenninga. Ein katalysator kan til dømes vere skildringa av dei nervøse skritta til ein person som ventar på prøvesvar frå legen. Fjernes skildringa, vil ikkje historia endre seg, men oppfatninga vår av spenning vil bli borte. Engelstad meiner tilhøvet mellom kardinalfunksjonen og katalysatorar vil variere frå tekst til tekst, men at dei er viktige element å ta med i ein analyse av adaptasjonar. Det er særskilt viktig i ein adaptasjonsanalyse, meiner Engelstad, å sjå på endringane i handlinga. (Engelstad, 2007) Om kardinalfunksjonane har blitt endra eller fjerna, vil det, som tidlegare nemnt, få konsekvensar for historia sin originale utsjånad. Karakterane er òg viktige element å legge merke til i ein adaptasjon, meiner Engelstad. Til dømes om nokre av dei har blitt fjerna frå den originale historia, eller om nokre har blitt lagt til. Desse elementa er viktige å undersøkje under analysen av teatertekstens utvikling.

Ei anna eining vi kan finne i fortellinga, er det Barthes kallar *indices*, (Barthes, 1975, s.249) eller *indisium* på norsk. Indisia er dei deskriptive delane av fortellinga, anten det handlar om karakteranes utsjånad, skildring av staden forteljinga tek stad i, stemninga rundt handlinga osb. Ifølgje Engelstad, vil ikkje alle tekstar innehalde indisium:

Rytmen mellom det narrative og det deskriptive er ulik fra tekst til tekst, men en kan som regel snakke om at en av disse framstillingsformene dominerer. Når det gjelder både roman, skuespill og film, er handlingen, det narrative, oftest det primære, og i slike tilfeller kan en hevde at de deskriptive innslagene står ”i handlingens tjeneste”. For leseren eller tilskueren er det når alt kommer til alt som oftest viktigst å få svar på hvordan det går. (Engelstad, 2007, s.78)

Engelstad brukar denne teorien i samband med filmadaptasjon, noko som ikkje gjeld her. Eg meiner likevel at desse elementa kan bli overført til teaterteksten, og korleis teateret har adaptert bibelhistoria. Vi ser òg at Engelstad har lånt desse omgrepa og det analytiske perspektivet frå Barthes (1975). Barthes på sin side skreiv generelt om narrative fortellingar, ikkje berre om roman- eller filmsjangeren. Dermed meiner eg det er tenleg å bruke desse analytiske metodane og omgrepa i mi oppgåve, for å få eit betre bilet av korleis historia i teaterteksten har endra seg i arbeidsprosessen i teateret.

Eit poeng ved mi oppgåve er å sjå på korleis historia om ofringa av Isak har blitt forandra frå versjonen i *Bibelen* til historia i manuskriptet. Peter Christensen Teilmann har i artikkelen ”Holbergkomedien ad fontes og in-yer-face[...]"⁴ (2007) sett på kva slags forandringar ein kan sjå mellom ein tekst av Holberg og til ein omarbeida tekst skrive av eit teater. Eg vel å skrive litt om dei poenga han tek opp i artikkelen fordi eg sjølv kan bruke nokre av dei i analysen. Teilmann meiner at når ein skal tolke ein tekst som byggar på ein annan, må ein ta omsyn til begge tekstane i tolkinga. Altså kan ein seie at eg ikkje vil kunne tolke manuskriptet til framsyning utan å sjå på bibelteksten manuskriptet bygger på. Teilmann meiner dette er naudsynt for å ”forstå og tolke teatrets nutidige iscenesættelser på deres egne præmisser og i deres egne kontekster – og ikke blot på det grundlag, som [...] oprindelige tekster og den sceniske [...] tradition tilbyder.” (2007, s.156) Det kan her argumenterast for at Teilmann skriv om ein teatertekst som blir omarbeida til ein ny teatertekst, noko som ikkje er gjeldande for mi undersøking. Men eg meiner likevel poenget han gjer av ei samanlikning mellom desse tekstane er viktig. Det er fordi manuskriptet eg ser på, er skriven utifrå *Bibelen*, som i manuskriptet har blitt til moderne historier.

Teilmann trekker fram språklege endringar i Holbergs originale tekst og teaterets omarbeidde tekst. I den omarbeidde teksten er språket moderne og inneheld referansar til samtida. Ifølge Teilmann er dette gjort for å skape ein link mellom framsyninga og publikum. Vi kjem ikkje vekk ifrå at i teatersamanheng er det publikum som er tolkarane av framsyninga. Teksten vil difor bli omarbeidd slik at publikum oppfattar referansane og forstår kva som skjer på scena. Tilskodaren vil forstå det som skjer på scena fordi ”han har kontekstuel viden om de sociale konventioner og den situationsbundne kontekst, talehandlingen udtrykkes i [...]” (Teilmann,

⁴ Full tittel: *Holbergkomedien ad fontes og in-yer-face - Om spillet på tekstu og subjekt, kontekst og tradition fra scenen her-og-nu: ordspillet og den sceniske talehandling* (Peter Christensen Teilmann, 2007)

2007, s.165) Eg vil sjå nærmare på korleis språk og referansar tek omsyn til publikum, i analysen, med tanke på språk og ”samtidsreferansar”.

Den omarbeidde teksten, skriv Teilmann, må setjast inn i ein kontekst. Denne konteksten vil ofte spegle samtid og samfunnet der framsyninga finn stad. Dette kan bli synleg gjennom til dømes språkbruk eller i referansane i teksten. (Teilmann, 2007, s.164) Som Teilmann peiker på, vil altså teaterteksten eg ser på her, innehalde referansar til både *Bibelen* og samtida. Desse vil eg sjå nærmare på analysen, for å kunne stadfeste korleis *Bibelen*, framstilt av Det Norske Teatret, refererer til vårt moderne samfunn.

Teoriane vi nå har sett på, syner korleis eg vil gå fram og kva eg ser etter i analysen av teatertekstens utvikling. Ved hjelp av desse skal eg kome fram til ei mogleg løysing på den første problemstillinga mi. Altså vil dette bli min metodiske tilnærming til tekstmaterialet. Eg går nærmare inn på val av tekstar, framgangsmåte, og kva haldning eg har til teaterteksten i metodekapittelet.

Tolkingsfellesskap

Det andre teoretiske perspektivet eg vil sjå på i avhandlinga mi, er resepsjonsteori. Og spesielt ein teori som er utarbeidd av amerikanaren Stanley Fish, som blir kopla til den amerikanske skulen av resepsjonsteori, kalla ”reader-response-theory”. Eg vil, med dette som utgangspunkt, forsøke å svare på andre del av problemstillinga mi: kva slags tolkingsfellesskap finn vi i teateret? Det er viktig å presisere at teorien eg presenterer her, ikkje er knytt til metoden på same måte som i føregåande kapittel. Eg skal undersøkje korleis teorien om tolkingsfellesskapet fungerer gjennom kvalitative intervju, i motsetnad til å bruke teorien hans som eit medel i analysen.

Det er i boka *Is there a text in this class?* (Fish, 1980) Stanley Fish tek føre seg omgrepene tolkingsfellesskap, eller *interpretive communities*. Ideen til Fish oppstod etter ein situasjon på John Hopkins University der han jobba. Ein student spurte ein av hans kollegaer om det fanst ein tekst i klassen. Kollegaen svarte ja, og nemnte ei bok frå pensum. Studenten korrigerte spørsmålet og sa: Nei, eg meinte om vi trur på dikt og slikt i denne klassen, eller om det berre

er oss? (Fish, 1980, s.305) Ettersom kollegaen var kjent med tekstteoriane til Fish, forstod han at studenten gjekk i klassen til Fish. Då Fish seinare fekk høyre om denne situasjonen, kom han til å fundere over korleis hans kollega kunne skjønne kva studenten meinte med sitt spørsmål. Han kom til den konklusjon at sidan hans kollega kjende til Fish sine teoriar, hadde han eit fundament for å forstå kva studenten meinte. Fish meiner kollegaen forstod studentens spørsmål fordi dei begge var ein del av ein institusjon, i dette tilfellet universitetet.

[...] both my colleague and his student are situated in that institution, their interpretive activities are not free, but what constrains them are the understood practices and assumptions of the institution and not the rules and fixed meanings of language. (Fish, 1980, s.306)

Altså meiner Fish at ytringar gir meinung i situasjonen den blir ytra i. I dømet til Fish, ser vi at kollegaen først mistyda studenten, kanskje fordi den første tolkinga var meir naturleg for han. Men då studenten forklarte nærmare kva som var meint, forstod likevel kollegaen kva meinung som låg i ytringa. Men kvifor kunne kollegaen forstå ytringa, når andre Fish har fortalt historia til ikkje forstår ho? Kollegaen til Fish var godt kjend med hans teoriar kring tekst, til dømes om teksten sin ustabile natur. Sjølv om han ikkje forstod studentens spørsmål med det første, kunne han etter nærmare forklaring trekkje ei slutning om at studenten òg tok faga til Fish. Kollegaen kunne trekkje ei slik slutning fordi han hadde informasjonen for handa. (Fish, 1980, s.314) Ein person som ikkje hadde hatt denne informasjonen tilgjengeleg, ville ikkje kunne forstå studentens faktiske spørsmål. Grunnen til det, er at ein "uvitande" person, i denne situasjonen, ikkje kunne sett seg inn i bakgrunnen for spørsmålet som vart stilt. Studenten var kjent med litteraturteori, i særleg grad teorien til Fish, slik som kollegaen òg var. Dei var, gjennom denne kunnskapen, knytt til kvarandre og til tematikken bak spørsmålet. Ein utanforståande kunne ikkje dratt same slutning som kollegaen, rett og slett fordi han ikkje kunne ført tråden til Fish og til litteraturteori.

Fish meiner altså at ein tekst kan bli forstått på fleire måtar, og at same tekst, eller ytring kan få fleire meininger etter kva slags situasjon og kontekst han tolkast i.

[...] meanings come already calculated, not because of norms embedded in the language but because language is always perceived, from the very first, within a structure of norms. That structure, however, is not abstract and independent but social; and therefore it is not a single structure with a privileged relationship to the process of communication as it occurs in any situation but a structure that changes when one situation, with its assumed background of practices, purposes, and goals, has given way to another. (Fish, 1980, s.318)

Denne forståinga kollegaen til Fish og hans student har seg i mellom, oppstår ikkje, meiner Fish, fordi dei deler eit eige språk som berre dei forstår. Men fordi dei begge forstår kva som *kan* meinast i ein slik situasjon, og derfor oppstår kommunikasjon i form av eit språk av same karakter. Altså deler dei ein bakgrunn som gjer at situasjonen og ytringa blir forståeleg frå begge sider. Denne bakgrunnen er heller ikkje individuell for nokon av dei, men ein dei delar med andre, som gjer at dei blir ein del av eit fellesskap, og i dette høvet, eit tolkingsfellesskap. Av di vi er sosiale menneske og ikkje isolerte størrelsar, vil vi naudsynleg vere påverka av omgjevnadane våre, som igjen vil styre korleis vi tolkar ytringar.

Fish presenterte omgrepet *interpretive communities* første gang i 1976. I artikkelen ”Interpreting the Variorum” (Fish, 1980, s.147) prøver Fish å forklare korleis ein lesar kan tolke tekst på ulikt vis, samstundes som fleire lesarar kan tolke same tekstu på likt vis. Han meiner det er tolkingsstrategiar som ligg til grunn her. Med det meiner Fish at tolkaren vil ha ulike strategiar for korleis vi tolkar teksten vi les, og desse strategiane er det som lager teksten i vårt hovudet. Før vi les ein tekst, slår vi fast ein strategi for korleis vi kjem til å lese teksten, og dette avgjer korleis tolkinga vår blir. (Fish, 1980, s.169)

Interpretive communities are made up of those who share interpretive strategies not for reading (in the conventional sense) but for writing texts, for constituting their properties and assigning their intentions. In other words, these strategies exist prior to the act of reading and therefore determine the shape of what is read rather than, as is usually assumed, the other way around. (Fish, 1980, s.171)

Vi skriv altså teksten, vi les han ikkje. Med det meiner Fish at tolkingsstrategiane vi brukar føreset ei ramme for tolkinga vår, og teksten vil på ein måte vere tolka allereie før vi byrjar å lese han. Når vi skriv meining inn i ein tekst, som vi forstår eller er samde om kva uttrykker, er det eit teikn på at vi er ein del av same tolkingsfellesskap, ifølgje Fish. Vi vil då ha nytta dei same tolkingsstrategiane. ”Those outside that community will be deploying a different set of interpretive strategies (interpretation cannot be withheld) and will therefore be making different marks [meining].” (Fish, 1980, s.173) Ein som ikkje er ein del av tolkingsfellesskapet, vil ikkje forstå kva som skjer på ”innsida”. Dei på innsida deler interesser og perspektiv, og lager difor meining i teksten som er tilnærma lik. Tolkingane i fellesskapet er like fordi:

[...] a way of thinking, a form of life, shares us, and implicates us in a world of already-in-place objects, purposes, goals, procedures, values, and so on; and it is to the features of that world that any words we utter will be heard as necessarily referring. (Fish, 1980, s.304)

Ein som meiner Fish er for radikal i si tenking, er franskmannen Antoine Compagnon. I boka *Literature, Theory, and Common Sense* (Compagnon, 2004) tek Compagnon eit oppgjer med dei fleste teoretikarane innan moderne litteraturteori, inkludert Fish. Compagnon meiner Fish går i mot dei tidlegare teoriane kring forfattar, tekst og lesar, og at han minimerar dei ved å presentere omgrepene tolkingsfellesskap. Av di Fish meiner teksten blir skiven av tolkingar gjort av fellesskapet, utslettar han forfattarens intensjon, det autonome ved teksten, og lesarens individuelle perspektiv. Dette blir erstatta av tolkingsfellesskapet, noko Compagnon kritiserer fordi det ikkje gir plass til det subjektive. (Compagnon, 2004, s.120) Ettersom tolkingane våre er påverka av fellesskapet vi er ein del av, vil vi ikkje kunne ha individuelle og sjølvstendige tolkingar. Det er truleg slik Compagnon tolkar Fish. Samstundes trur eg vi alltid vil vere påverka av noko i ein tolkingssituasjon, til dømes forventingane vi har til teksten eller kulturen vi lever i, og dette vil då gi oss eit utgangspunkt for tolkinga vår. Likevel meiner eg Compagnon stiller relevante spørsmål kring teorien til Fish. Eg vil difor sjå litt på korleis tolkingsfellesskapet påverkar synet på teksten, tolkingane av han, synet på forfattaren, og korleis tolkingane til individua blir handterte.

Ein lesar vil vere ein del av fleire tolkingsfellesskap, ifølgje Fish, noko som gjer at han kan lese ein tekst på forskjellige måtar etter kva slags fellesskap han er i, i leseaugneblinken. Fish hevdar dette er grunnen til at folk diskuterer tolkingar med kvarandre, fordi dei er del av ulike fellesskap. Fellesskapa vil alltid forandre seg, seier Fish, og dei fleste vil døy ut og det vil bli danna nye tolkingsfellesskap. Fish meiner altså at tolkingsfellesskapa ikkje er stabile, og grunnen til det er fordi vi heile tida lærer korleis vi skal tolke tekst. Vi kan gløyme tolkingsstrategiane, vi kan leggje dei bak oss, og bruke andre strategiar. Dette er òg grunnen til at vi aldri kan vite kva tolkingsfellesskap vi er ein del av, fordi prova vi kan leggje fram vil naudsynleg òg vere tolkingar. (Fish, 1980, s.173) Det einaste vi kan halde oss til, er nettopp kjensla av fellesskap, og det at vi deler noko med andre.

Sjølv om vi ikkje veit kva tolkingsfellesskap vi er ein del av, kan det kanskje vere høve for at ein person utanfrå kan finne det ut. Det er nettopp dette eg vil prøve på, med tolkingsfellesskapet i teateret. Dei vil ikkje sjølv kunne definere deira fellesskap, men kanskje eg kan. Dette kan sjølv sagt problematiserast ved å seie at eg då vil tolke deira

tolkingsfellesskap utifrå mitt eige. På same tid, om ein skal følgje resepsjonsteorianes kanskje viktigaste parole, så er det at ein ikkje kan lese noko utan å tolke det. Altså må eg naudsynleg tolka det dei seier utifrå mine eigne føresetnader. Likevel ser eg ikkje på det som noko negativt her, av di eg meiner eg likevel vil kunne skildre deira tolkingsfellesskap av di eg ikkje er ein del av det. I analysen av intervjuet vil eg forsøke å finne ut kva tolkingsfellesskapet til informantane fører med seg, kva kunnskap ein må ha for å kunne delta i det, og korleis dei arbeider saman, som eit fellesskap, med teksten og tolkinga av han.

Så korleis fungerer dei forskellige aktørane i teatret saman som eit fellesskap? Til dømes regissør, skodespelar, dramaturg, og dramatikar. Torunn Kjølner har tatt opp denne problematikken i artikkelen ”Teater, drama og kollektive skabelsesprocesser 1” (2004). Kjølner meiner teatret er ein institusjon der fleire menneske skaper noko saman. Sjølv om desse menneska er individ, vil dei måtte jobbe saman for å bringe fram eit endelig resultat, nemlig framsyninga. Men ho peiker på at i teateret, og i skapingsprosessen, er det eit hierarki ein må ha omsyn til. Og i dei fleste samanhengar er det regissøren som er på toppen av haugen, og som tek dei utslagsgjevande avgjerdene.

Men et stort dramatikernavn, en kend skuespiller eller (i sjeldnere tilfælde) et stort scenografnavn kan kan nemt ”ophæve” instruktørens status når forestillingen kommer på plakaten på et stort institutionsteater. Når teatret sälger forestillingen som et navngivet skuespil skrevet af en navngiven dramatiker, opfattes dramatikeren mer eller mindre eksplisit som forestillingens viktigste skaberkraft. (Kjølner, 2004, s.2)

Men i eit hierarkisk fellesskap vil skodespelaren berre være ein brikke i regissørens plan for framsyninga, skriv Kjølner. Skodespelaren har si eiga individuelle skapande kraft, men den vil berre bli brukt for å oppfylle regissørens visjon for rolla som skal spelast. Regissøren blir altså, i Kjølner sine auge, sett på som den viktigaste skapande personen i teatret. Dramatikaren skaper teksten, men sidan det er regissøren som bestemmer korleis teksten skal tolkast og brukast, vil han få den ”høgaste” posisjonen i teatret. Dette gjer òg, meiner Kjølner, at ei anna side ved det ”kollektive” i teateret blir tydelig. Dei ulike aktørane er individ, noko som gjer at dei fokuserer mest på si eiga rolle, eller arbeidsoppgåve, samstundes som dei skal delta i ein kollektiv prosess. Dette kan skape ein interessekonflikt, fordi dei i eit kollektivt arbeid er mest opptatt av si eiga rolle, noko som kan skade samarbeidet. Her kjem òg tolkingsfellesskapet inn, i den forstand at aktørane i teateret må balansere si eiga interesse med det som er til bate for alle, men òg i kor stor grad tolkingsfellesskapet tillèt dei å syne

desse interessene. Dette er noko eg vil sjå nærmare på i analysen av intervjuet med aktørane i Det Norske Teatret som jobbar med *Bibelen*.

Metodisk tilnærming

Teoriane presentert i det føregående kapittelet, setter premissane for det metodiske opplegget i undersøkinga. Eg nyttar to ulike metodar: tekstanalyse og kvalitative intervju. I dette kapittelet skal eg syne framgangsmåtar og nokre utfordringar ved kvar metode, og gå gjennom vala av materialet.

Tekstanalyse

Først og fremst vil eg ta føre meg ei grunnleggjande utfordring når det kjem til teaterteksten og tekstanalysen. Eg har allereie gjort greie for at eg vil sjå på teaterteksten i mi undersøking, og ikkje leggje stor vekt på framsyninga av han. Men det er ikkje å kome vekk ifrå at denne teksten skal bli framsyna, noko eg meiner det er naudsynt å ta omsyn til. For at metoden min skal bli gyldig, meiner eg det er naudsynt å klargjere mi haldning til teksten, eller teaterteksten i dette høve. Ifølgje regissøren Manfred Jahn vil vi tolke ein tekst utifrå vårt eige, eller eigne tolkingsfellesskap. (2001, s.660) Han påpeiker at ein kan vere ein del av fleire på ein gong. Desse tolkingsfellesskapa vil auke dei moglege tolkingsposisjonane vi kan ha til teksten som blir tolka. Jahn presenterer tre moglege posisjonar som han kallar 1) *Poetic Drama*, 2) *Theatre Studies*, og 3) *Reading Drama*. Posisjonane har til felles at dei meiner teaterstykkar tek to former, eller realiseringar: tekst og/eller framsyning. (Jahn, 2001, s.660) Den første tolkingsposisjonen, *Poetic Drama*, prioriterer teaterteksten. For dei som tek denne posisjonen vil teksten vere det viktigaste ved teateret, mens framsyninga blir sett på som noko sekundært, eller noko uviktig. *Poetic Drama*-lesarar vil òg vere skeptisk til skodespelarar, i den forstand at lesaren meiner desse ikkje vil kunne framstille teksten like godt som dei sjølv kan i sitt eige hovud.(Jahn, 2001, s.661)

Theatre Studies er den andre posisjonen, og her blir framsyninga prioritert over teksten. Dei som er del av denne gruppa ser på teksten som noko som skal bli framstilt, ikkje noko anna.

Tolkingsstrategien vil her vere å sjå på framsyninga, i motsetnad til *Poetic Drama* der teksten er det einaste som tolkast. Tolkerane i *Theatre Studies* vil, ifølge Jahn, meine at framsyninga er der dramaet kjem til live. (2001, s.661) I mitt prosjekt vil eg ikkje ta mykje omsyn til framsyninga, men eg meiner likevel at han er viktig for realiseringa av teaterteksten. Difor er korkje *Poetic Drama* eller *Theatre Studies* ein posisjon eg vil seie er passande for mitt prosjekt.

Den tredje tolkingsposisjonen ein kan ta, kallar Jahn for *Reading Drama*. Han meiner at ein ideell leser vil ta denne posisjonen i si tolking. Lesaren vil nemlig både lese teaterteksten og sjå framsyninga. Lesaren i *Reading Drama* vil først lese teksten som ein mogleg framsyning, og deretter gå i teateret for å sjå framsyninga med hjelp av kunnskapen om teksten den bygger på. Lesaren vil her bruke sin eigen fantasi saman med scenetilvisingane i teksten for å sjå den potensielle framsyninga. (Jahn, 2001, s.662) Dette er ein posisjon eg meiner er tenleg for mi oppgåve. I tekstanalysen av *Bibelen*, satt opp på Det Norske Teatret, vil eg først og fremst sjå på teaterteksten og kva han kan fortelle meg om korleis han utviklar seg. Samstundes har eg, og såg det som tenleg, sett framsyninga av *Bibelen*. Som nemnt vil eg ikkje ta mykje omsyn til framsyninga, men eg såg ho likevel for å få innblikk i framstillinga av teksten. Ein analyse av framsyninga vil ikkje vere ein del av oppgåva mi, men eg meiner det er naudsynt å syne at eg veit at teksten eg analyserer er meint for ei scene. Eg er klar over at *Bibelen* ikkje er eit lesedrama, som til dømes stykka til Ibsens var, og at teksten dermed har eit anna mål enn berre å bli lesen. Dette er òg årsaka til at eg har valt å sjå på korleis teksten utviklar seg, av di eg veit at han til slutt vil bli eit utgangspunkt for sceneteksten. Men eg meiner likevel at teaterteksten i seg sjølv har verdi, og difor er interessant å undersøkje.

Manuskriptet eg fekk i oktober 2012, inneholdt over 80 scener fordelt mellom manuskriptdelane ”Ørkenvandringar” og ”Jesus frå Nasaret”. Eg har berre valt ei scene utifrå denne mengda med tekstar, så eg meiner det er naudsynt å forklare kvifor mitt val falt på *Scene 10*: ”Abraham blir beden om å ofra sonen Isak”. Det var viktig for meg at eg hadde høve til å snakke med forfattaren. Ikkje alle forfattarane knytt til *Bibelen* var tilgjengelege, ante fordi dei ikkje budde i nærleiken eller fordi dei ikkje lev lengre, slik som Jose Saramago. Det var òg viktig at teksten ikkje kom til å bli kutta vekk frå framsyninga. Altså at dei i teateret var sikre på at scena skulle vere ein del av framsyninga. Eit anna kriterium for val av scene, var at teksten måtte vere endra frå førelegget. I manuskriptet var det fleire tekstar som var henta rett frå *Bibelen*. Eg ville undersøke ein tekst der eg kunne sjå ei tydeleg tolking og

endring. Valet falt difor på ”Abraham blir beden om å ofra sonen Isak”, av di forfattaren Maria Tryti Vennerød var tilgjengeleg for intervju, og eg fekk vite av dramaturg Carl Morten Amundsen at bibelteksten hadde fått ei ny tolking.

Det var sjølvagt andre scener i manuskriptet som fylte krava mine, og som eg kunne ha valt. Historia om ofringa av Isak er ein velkjent tekst. Dei fleste kjenner til historia, og ho har blitt tolka mange gonger tidlegare. Dette kunne sjølvagt talt imot valet av akkurat denne scena, men dette var noko av det som interesserte meg mest. Eg fann det interessant å sjå korleis Det Norske Teatret skulle lage ei ny tolking av ei så kjent historie. Historia er òg ei av dei eg hugsar best frå kristendomsundervisinga på barneskulen, og eg ville difor sjå korleis ho blei presentert i ei moderne utgåve.

Tekstmaterialet som ligg til grunn for undersøkinga av teatertekstens utvikling, er samansett av tre tekstar: førelegget, *Scene 10* og *Scene 9*. Førelegget er bibelhistoria om ofringa av Isak. *Scene 10* er utgåva frå råmanuskriptet frå oktober 2012, og *Scene 9* er utgåva av scena frå januar 2013. I analysen av teaterteksten vil framgangsmåte og fokuspunkt vere gitt av teoriane. Eg tek føre meg tekstmaterialet i fire etappar, der eg først undersøker bibelteksten, deretter ser eg på endringane mellom han og *Scene 10*, for så å undersøke *Scene 10*, og til slutt ei undersøking av ulikskapen mellom *Scene 10* og *Scene 9*. Ein slik etappevis analyse meiner eg vil gi det beste utgangspunktet for å kunne seie noko om korleis teaterteksten utviklar seg. Eit høve hadde vore å berre samanlikna tekstane opp mot kvarandre, utan å sjå på kvar enkelt tekst. Men eg meiner det er naudsynt å sjå på tekstane kvar for seg, slik at vi tydelegare kan sjå kva utgangspunkt neste tekst har. Til dømes at bibelteksten blir analysert før *Scene 10*, slik at grunnlaget for samanlikninga med *Scene 10* er klart. Med andre ord, at eg her ser på korleis historia om ofringa av Isak endrar seg frå førelegget til manuskriptutgåvene. Eg er interessert i korleis handlinga, karakterane og tekststrukturen endrar seg, gjennom ein kronologisk gjennomgang av dei tre tekstane eg har tilgjengeleg.

Eg må presisere at *Scene 10* sluttar før historia om ofringa er ferdig. Maria Tryti Vennerød har berre skrive ein del av historia om ofringa av Isak. I *Scene 10* sluttar historia før sjølve ofringa skjer. I *Scene 11* fortsett historia, der engelen kjem og stoppar Abraham før han drep sonen sin. Eg har valt å ikkje undersøkje *Scene 11* av di ho er skriven av Jose Saramago. Eg ville undersøkje ei scene som var samanhengande, og som var skriven av ei dramatikar. Etter å ha lese *Scene 11*, såg eg at historia fekk ei heilt anna framstilling, av di Jose Saramago skriv

annleis enn Maria Tryti Vennerød. Sjølv om historia om ofringa blir kutta mellom scenene, er det eit tydeleg skifte i framstillinga av historia. På grunn av dette meinte eg det var tenleg for undersøkinga mi å sjå på det Maria Tryti Vennerød skreiv. Ved berre å undersøkje ei scene, har eg òg hatt høve til å gå djupare inn i tekstmaterialet. Hadde eg valt fleire scener, kunne undersøkinga av teatertekstens utvikling blitt meir overflatisk, og kanskje ikkje gitt ein god løysing på problemstillinga mi.

”Abraham blir beden om å ofra sonen Isak” var ei av dei scenene som blei endra minst under tekstarbeidet, ifølgje Carl Morten Amundsen. (intervju 9.januar 2013) Han fortalte kor nøgde dei var med Tryti Vennerød og korleis ho hadde skrive historia. Dette kan vere eit minus i undersøkinga mi. Det hadde kanskje vore meir fruktbart å undersøkje andre tekstar i manuskriptet der endringane var større, av di tekstarbeidet hadde blitt tydelegare. Likevel valte eg *Scene 10*, for eg meinte det var spennande å sjå på dei endringane som hadde blitt gjort, sjølv om det ikkje var mange. Det eg finn interessant ved dette, er kva dei har endra på. Dei var veldig nøgde med teksten, men dei har likevel endra han. Kva har i så fall blitt endra, og kvifor?

Som tidlegare nemnt vil eg analysere teksten utifrå dei teoretiske perspektiva eg allereie har presentert. Eg kunne ha valt ein annan måte å analysere teksten på. I boken *Å lese drama* (2008) gir Frode Helland og Lisbeth Pettersen Wærp ein god presentasjon av korleis eit drama, eller ein teatertekst, kan bli lest og tolka. Dei førar lesaren gjennom ei slags oppskrift på dramaanalyse, der handlingsgang, replikkar, karakterar, rom og dialog er nokre av elementa dei drar fram som viktige komponent i ein teatertekst. Skulle eg berre gjort ein ”dramaanalyse” av manuskriptet, der eg anten hadde fokusert på karakterar eller handlinga, kunne denne framgangsmåten vore tenleg og sikkert særslig fruktbar. Men i problemstillinga spør eg korleis teaterteksten utviklar seg, og eg meiner difor ein slik analyseoppskrift ikkje vil gi meg svar på det eg lurer på. Sjølvsagt vil eg ta omsyn til både replikkar, karakterar, handling osb. i min analyse, slik vi såg i teorikapittelet, men dette er ikkje det einaste eg vil sjå på. Eg vil prøve å sjå korleis han utviklar seg frå førelegget til manuskriptet, og lage eit større bilet av teaterteksten enn berre elementa i han, som igjen er årsaka til at eg har valt ein annleis analyse enn den Helland og Pettersen Wærp presenterer.

Intervju

For å svare på andre del av problemstillinga mi, har eg valt å utføre intervju med utvalte aktørar i teateret. Målet med intervjuet er å finne ut kva slags tolkingsfellesskap desse menneska utgjer. Eg har valt ein såkalla naturalistisk tilnærming til intervjuet, som vil seie at eg undersøker informantane røyndomsforståing. Altså at eg tolkar deira eiga oppfatning av korleis tekstarbeidet og teaterverksemda fungerer.

”Man har da tillit til at respondentene kan referere hvordan livet er i deres verden, og lar deres tolkninger representere virkeligheten slik den ser ut fra deres side av grenselinjen. Det er innsideiens representasjon eller versjon av virkeligheten man er på leting etter.” (Ryen, 2002, s.144)

Av di eg er på utsida av deira ”verd”, er eg nøydd for å akseptera deira fortolking av røyndommen, ifølgje Anne Ryen. Det vil seie at eg ikkje kan vite om det er heimel i det dei fortel. Likevel ser eg ingen grunn til at informantane skal lyge til meg. Dei er oppegåande menneske, som har god kunnskap om den verksemda dei er knytt til. Det er ikkje mi oppgåve å etterprøve deira utsegn, men heller forsøke å finne interessante aspekt ved det dei fortel.

Eit kriterium eg sette for informatane, var at dei måtte vere knytt til teaterteksten eg undersøkjer, altså ”Abraham blir beden om å ofra sonen Isak”. For å kunne kople tolkingsfellesskapet og arbeidet med teksten, opp mot teatertekstens utvikling, såg eg dette som naudsynt. Tidlig i prosessen fann eg ut at eg ville intervju både dramaturg og skodespelarar, og utvida deretter informantgruppa med regissør og dramatikar. Desse personane er direkte knytt til teksten, men på ulikt vis. Dramatikaren har skrive teksten for teateret, regissøren har ansvaret for heilskapen av framsyninga, dramaturgen bidrar til handlingsramma og utviklinga av framsyninga, og skodespelarane framstiller teksten på scena. Eg har ikkje intervjuet scenograf, kostymearbeider, komponist osb. Desse personane er òg sentrale i produksjonen av framsyninga, men ikkje like sentrale i arbeidet med teksten. Desse kunstnariske rollene er viktige for den estetiske utsjånaden til framsyninga, og er difor ikkje like sentrale aktørar innan tekstarbeidet. Ettersom eg fokuserer på teksten i denne oppgåva, er det ikkje like relevant å inkludere desse personane i intervjuet. Hadde eg vore meir oppteken av framsyninga og kva som skjedde på scena, ville desse personane vore ein naturleg del av undersøkinga.

Informantane eg har intervjuer er: regissør Stein Winge, dramaturg Carl Morten Amundsen, dramatikar Maria Tryti Vennerød, og skodespelarane Marianne Krogh (som spelar Sara), Bernhard Ramstad (som spelar Abraham) og Bjørn Sundqvist (som spelar Gud). Eg kunne intervjuer ein skodespelar til, Frank Kjosås, som spelar Isak. Det kunne vore interessant å sjå korleis han òg passar inn i tolkingsfellesskapet, men av di rolla "Isak" er så lita i manuskriphistoria, valte eg å ikkje inkludere han her. Sjølv om scena handlar om karakteren Isak, er han lite med i sjølve handlinga. Difor såg eg det som unyttig å inkludere han i utforskinga av tolkingskingsfellesskapet kring denne scena. Det må nemnast at Frank Kjosås spelte Jesus i framsyninga, som var ei av dei største rollane. Kjosås ville truleg vore meir oppteken av den rolla, enn av Isak, på dette hektiske tidspunktet i arbeidsprosessen. Eg trur difor at han ikkje hadde vore like tilstade i intervjuet kring *Scene 10*, av di han hadde vore meir oppteken av Jesus og tolkingane sine av han.

Intervjuet blei gjort med kvar enkelt informant aleine. Eg ville ta utgangspunkt i individua for så å skildre dei som eit fellesskap. Eg kunne sjølvsagt ha gjort eit gruppeintervju med alle informantane, slik at deira dynamikk som fellesskap kom tydelegare fram. Denne framgangsmåten kunne vist dei ulike syna desse menneska har på teksten, gjennom ein felles diskusjon av han. Likevel har eg valt individuelle intervju fordi eg meiner det vil generere meir informasjon. Eit gruppeintervju ville kanskje hemme nokre av dei i å ytre si mening. Nokre vil kanskje ikkje delta i diskusjonen like mykje som andre, og som Torunn Kjølner (2004) nemner, så er det truleg eit hierarki i teateret, der regissøren har mest makt. Det kan tenkast at dei andre i gruppa ikkje ville hatt same fridom til å uttale seg om dei hadde vore saman med han. For å få mest mogleg informasjon frå dei ulike informantane har eg difor gjort intervju med kvar enkelt. Dette trur eg gjorde at samtalen mellom oss blei friare, og at deira eigne syn kom tydelegare fram. Eg ville òg intervju dei om deira bakgrunn og tilknyting til teateret og tekst, noko som ville vore upassande å gjere i eit gruppeintervju.

Av di eg ville undersøkje informantane som eit fellesskap, såg eg det som naudsynt å laga ein intervjuguide. Ved å stille dei same spørsmåla, fekk eg betre høve til å samanlikna svara deira, for så å sjå kva tolkingsfellesskap dei er ein del av. Dette gjorde at intervjuet for det meste blei styrte av guiden, noko som kunne vore uheldig for svara. Ved å strukturera intervjuet for mykje, kunne informantane ha følt at dei ikkje fekk snakke fritt kring tema. (Ryen, 2002, s.97) Eg ville sjølvsagt at informantane skulle svare på spørsmåla i intervjuguiden, samstundes som eg ville skapa ein naturleg samtale kring det vi snakka om.

Av di eg stilte oppfølgingsspørsmål som ikkje var oppført i guiden, meiner eg intervjeta ikkje blei prega av strukturen. Informantane fekk kome med sine refleksjonar kring spørsmåla, digresjonar og historier utanom tematikken i intervjuet. Dette meiner eg gjorde intervjustituasjonen til ein flytande samtale, men med eit tydeleg tema.

Spørsmåla i intervjuguiden er basert på mange av dei same perspektiva eg sjølv fokuserer på i tekstanalysen. Eg har altså brukt nokre av teoriane frå tekstanalysen som basis for intervjuguiden. Dette gjorde at eg fekk informanantes syn på teksten, utifrå dei elementa eg sjølv er interessert i. Intervjeta blei tekne opp med lydopptakar, som seinare blei skrivne ut.⁵ Dette avtala eg med informantane før intervjeta. Eg såg det som naudsynt å ta opp intervjeta slik at eg kunne vere sikker på at eg ikkje feilsiterte nokre av informantane.

Eg hadde i utgangspunktet planlagt at eg skulle observera informantanes arbeid med teksten, i tillegg til intervjeta. Eg ville vere tilstade under lese- og sceneprøvar for å sjå korleis informantane samarbeida om teksten. Observasjon kunne gitt meg meir informasjon om tolkingsfellesskapet og arbeidsmetodane deira. Eg kunne kanskje hatt eit større grunnlag for å trekkje konklusjonar om tolkingsfellesskapet og tekstens utvikling gjennom observasjon. Det må her nemnast at eg bur i Stavanger, og Det Norske Teatret hald til i Oslo. Mangel på både tid og økonomi har gjort at eg ikkje har hatt høve til å delta på desse prøvane. Noko eg meiner er ein svakhet ved opplegget mitt. Eg skulle gjerne hatt meir førstehandskunnskap om arbeidsprosessen med teksten, i staden for å intervju informantane om det. Likevel meiner eg at informasjonen frå intervjeta gir meg god nok informasjon om denne prosessen og gir meg eit godt nok bilet av korleis det gjekk føre seg. Intervjeta dannar såleis eit grunnlag for analysen min, der eg likevel kan trekke slutningar om arbeidsprosessen og korleis dei passar inn i eit tolkingsfellesskap.

No som både det teoretiske grunnlaget og den metodiske framgangsmåten er gjort klar, vil eg her gå inn i analysen. Som dei tidlegare kapitla vil også analysen vere delt inn i to: ein del der eg fokuserer på teaterteksten og ein del der eg fokuserer på tolkingsfellesskapet. Eg startar med teatertekstdelen, og dermed også tekstanalysen.

⁵ Dei transkriberte intervjeta er lagt ved som vedlegg.

3 Teatertekstens utvikling

Som eg skreiv i innleiinga, har eg tatt utgangspunkt i framsyninga *Bibelen*, som hadde premiere på Det Norske Teatret 1.februar 2013, og eg har valt meg ut ei scene frå framsyninga som eg her skal sjå nærmare på. Som grunnlag for denne analysen har eg tre tekstar å halde meg til: *Gud set Abraham på prøve* (1 Mos 22,1-19, Bibelselskapet nynorsk overs. 2011), *Abraham blir beden om å ofra sonen Isak* (frå 2.10.2012), og *Abraham blir beden om å ofra sonen Isak* (frå 7.01.2013). For ordensskuld vil eg kalle dei to sistnemnte for *Scene 10* og *Scene 9*. Scena tek nettopp føre seg historia om ofringa av Isak, Abraham og Saras son. Eg vil med denne analysen prøve å finne løysinga på korleis teaterteksten utviklar seg gjennom arbeidsprosessen på teatret.

Bibelhistoria

Eg vel å byrje med bibelteksten, *Gud set Abraham på prøve* (1 Mos 22,1-19). Dette er teksten både *Scene 10* og *Scene 9* tek utgangspunkt i, og eg meiner difor det er naudsynt å trekke fram den først. Eg vil først ta føre meg historia i bibelteksten. Han startar slik:

Ei tid etter at dette hadde hendt, sette Gud Abraham på prøve. Han sa til han: ”Abraham!” Og han svara: ”Ja, her er eg.”. Då sa han: ”Ta son din, den einaste, Isak, han som du elskar, og dra til landet Moria! Der skal du ofra han som brennoffer på eit av fjella, det som eg seier deg.” (1 Mos 22,1-2)

Bibelhistoria er kronologisk. Og ein kan seia at den har ein såkalla ”happy ending”. Etter at engelen har redda Abraham frå å ofra sonen sin, lovar engelen Abraham rikdom og ein talrik ætt. Deretter drar reisefølgjet tilbake til bustaden sin. Men historia er ikkje fult så keisam som dette. Det er definitivt eit spenningsmoment i historia; kjem Abraham til å drepa sonen sin eller ikkje? Engelen stoppar offeret akkurat tidsnok, noko som gjer at fram til det augeblikket er ein ikkje sikker på kva som vil skje. Utifrå Abrahams lydnad og vilje til å gjere som Gud seier, kan vi gå ut frå at Abraham faktisk kom til å drepa Isak. Hadde ikkje engelen stoppa han, ville Isak vore død.

Eller hadde han det? Gud set Abraham på prøve, ei svært hard prøve. Og ho går ut på om Abraham fryktar Gud nok. Om han fryktar Gud så mykje at han er villig til å gjere kva som

helst for Gud. Noko Abraham provar at han gjer. Men spørsmålet er om Isak ville dødd i det heile tatt? Om Abraham ikkje hadde vore villig til å ofra Isak, ville det truleg ikkje skjedd noko med han. Og hadde Abraham prøvd å ofra han, ville Gud stoppa det før det hadde skjedd. På ein måte kan vi seie at Isak uansett hadde vore trygg, men det visste sjølvsagt ikkje Abraham.

Ei god historie bygger ofte på ein konflikt. Men er det nokon konflikt i denne historia? Vi får ikkje noko innblikk i kjenslene til Abraham, så vi veit ikkje om det er nokon indre konflikt hjå han. Det er ikkje noko konflikt mellom Gud og Abraham heller, sidan Abraham berre aksepterer Gud sitt påbod. Eg kan heller ikkje sjå ein konflikt mellom Abraham og Isak, sjølv om Isak ikkje heilt forstår kva som skjer. ””Sjå, her er elden og veden, men kvar er brennofferlammet?”” Abraham svara: ”Gud vil sjølv sjå seg ut eit brennofferlam, son min.”” (1 Mos 22,7-8) Isak er forvirra, og Abraham held sin lovnad til Gud skjult for sonen, men det er ingen konflikt. Grunnen til at konfliktane ikkje er tydelege i denne historia, trur eg er på grunn av mangel på skildring av kjensler. Vi som les denne historia, får ikkje noko innblikk i korleis personane eigentleg har det. Vi kan sjølvsagt tenke oss til det, men vi kan ikkje vite det sikkert.

Abraham er ein viktig person i denne historia, og kanskje den mest sentrale. Det er han vi følgjer på vei til Moria, og det er han Gud snakkar til. Det er han som er den handlande krafta her. Samanlikna med resten av *Bibelen*, har han kanskje ikkje ei særskilt viktig rolle, men her er han sentral. Det som gjer han så spesiell i denne historia er at Gud har valt han ut som den eine personen som skal få testa trua si. For det kan vi seie at Gud vil. Gud vil teste i kor stor grad Abraham trur på han, og kor langt Abraham er villig til å gå for trua si. Men kva slags mann er Abraham? Eg vil seia han er særskilt lydig mot Gud. I bibelhistoria set han ikkje spørsmålsteikn ved det Gud ber han om. Han berre gjør det. I eit religiøst perspektiv vil dette kanskje bli sett på som ein styrke, det at han ikkje tvilar på sin eigen gud. Men som protagonist for historia kan dette bli sett på som ein veikskap.

Abraham blir beden om å ofra sin eigen son. Ein son han har venta hundre år på å få saman med kona Sara. Og når Gud ber han om å drepa han, er Abraham villig til å gjøre det. Vi får ikkje vite korleis han reagerer, berre at han reiser til Moria dagen etter. Abraham får heller ikkje noko grunn av Gud for å gjøre det. Det ligger ikkje nokon motivasjon bak handlingane til Abraham, bortsett frå at Gud har sagt at han skal gjøre det. Grunnen kjem først etter at

engelen har stoppa han: ”Legg ikkje hand på guten og gjer han ikkje noko! For no veit eg at du fryktar Gud, sidan du ikkje sparte din einaste son for meg.” (1 Mos 22,12)

Her vil eg trekke fram Guds rolle i historia. På ei og same tid er Gud ein liten og ein stor del av historia om ofringa av Isak. På ein måte er Gud berre med i historia i byrjinga. Han ber Abraham om å ofra Isak, og deretter er han ikkje fysisk tilstade i teksten. Som tidlegare nemnt er det Abraham som er beraren av handlinga. Ei handling skapt av Gud. På grunn av dette er Gud ein stor del av historia. Han er heile grunnen til at historia kunne bli skriven. Hadde ikkje Gud bedd Abraham om å drepa Isak, hadde ikkje historia eksistert i *Bibelen*. Gud er også drivkrafta bak Abrahams handlingar. Engelen blir skildra som ”Herrens engel”, noko som tyder på at det er Gud som har sendt han til Abraham. Noko som og blir stadfesta når engelen snakkar til Abraham på vegne av Gud:

Eg sver ved meg sjølv, seier HERREN: Fordi du gjorde dette og ikkje sparte din einaste son, vil eg velsigna deg rikt og gjera ætta di talrik som stjernene på himmelen og som sanden på havsens strand. Di ætt skal ta fiendens portar. Ved di ætt skal alle folkeslag på jorda velsigna seg fordi du høyrdé på meg. (1 Mos 22,16-18)

Eg vil hevde at det Gud ber Abraham gjere, er forferdelig. Noko av det verste ein forelder kan gjere, må vere å drepe sitt eige barn. Når vi dessutan får vite på slutten av historia at Abraham gjorde det berre for å prova for Gud at han fryktar han, blir Gud til ein småleg og usikker karakter. Å la eit menneske gå gjennom ei slik hending berre for å få stadfesta sin eigen veikskap, gjer at vi kan kome til å tvila på Guds tru på seg sjølv og på Guds eigentlige autoritet. Samstundes blir denne autoriteten stadfesta av nettopp Abraham ved at han gjer det Gud seier. Eg vil prøve å ikkje leggje for mykje inn i ”karakteren” Gud i denne historia, men kanskje vi også kan sjå eit teikn på därleg samvit. Særs i utdraget over. Kanskje denne lovnaden om ei talrik ætt og rikdom er måten Gud kan gi noko tilbake til Abraham på, etter at han har gått gjennom ei slik prøve.

På ein måte kan vi seie at bibelhistoria om ofringa av Isak er særs overflatisk, i den forstand at den ikkje gir oss noko anna enn ein handlingsgang. Den skildrar berre det som skjer, og ikkje noko av det rundt historia som vi kanskje framfor alt ynskjer å vite. Korleis reagerte Abraham eigentlig då Gud bad han om å ofra sin eigen son? Kvifor ber Gud om dette? Kor er Sara opp i alt dette?

Eg ser føre meg at nokre av desse spørsmåla stilte òg Maria Tryti Vennerød seg då ho skulle skrive *Scene 10* til manuskriptet. Og ho har funne sin måte å svare på. Men før eg går nærmare inn på svara, som vi kanskje kan finne i manuskriptet, vil eg sjå på skilnadene og likskapen mellom bibelhistoria og manuskriphistoria. For kva skjer når ei gamal historie skal gjerast moderne? Og når ein litterær tekst skal gjerast om til ein teatertekst?

Frå bibelhistorie til Scene 10

Strukturen i dei to tekstane er særstakt forskjellig. Bibelhistoria er skriven som ei historie der vi får informasjon frå ein utanforståande ”forteljar”. Forteljaren skildrar historia utanfor situasjonen, noko som gir oss ein slags distanse til han. Samstundes kan denne typen skildring gje oss eit større overblikk over det som skjer. *Scene 10* er oppbygd av replikkar og nokre få scenetilvisingar. Vi får historia servert gjennom det personane seier, ikkje gjennom det dei gjer. Med andre ord så får vi ikkje vite korleis dei flyttar seg fysisk gjennom historia, og i motsetnad til bibelhistoria får vi informasjonen direkte frå dei involverte personane. I korkje bibelhistoria eller *Scene 10* får vi vite korleis personane tenkjer, men på grunn av replikkane i manuskriptet kan vi enklare tenke oss til korleis personane eigentlig har det. Vi kjem djupare inn i personane ved at vi ser korleis dei reagerer på kvarandre.

Bibelhistoria er ikkje utan replikkar, slik vi har sett i døma over. Det er små dialogar i den fortellinga òg, men dei er ikkje like meiningsberande som dialogane i *Scene 10*. Maria Tryti Vennerød, forfattaren av *Scene 10*, har valt å ta med ein del av dialogen frå bibelhistoria inn i manuskriptet. *Scene 10* startar med at Gud seier: ”Abraham!” og Abraham svarar: ”Her er eg.” Denne dialogen er nesten heilt lik den bibelhistoria byrjar med. Ho har òg valt å ta med Guds neste replikk i bibelhistoria: ”Ta son din, den einaste, Isak, han som du elskar, og dra til landet Moria! Der skal du ofra han som brennoffer på eit av fjella, det som eg seier deg.” (1 Mos 22,2) Eit interessant spørsmål å stilla er kvifor ho har valt å ta med denne dialogen i sin eigen tekst? Dette kjem eg tilbake til seinare.

Handlingsgangen i dei to tekstane er forskjellige. Bibelhistoria har ei byrjing, ein mellomdel og ei avslutning. Avslutninga i denne teksten vil eg kalla for lukka. Når vi har lest ferdig historia er vi fornøgde med korleis han slutter, og vi har fått ei løysing på det største

spørsmålet i historia, nemlig om Isak blir drepen eller ikkje. *Scene 10* er skriven på ein annan måte. Ho har ei byrjing, ein mellomdel og ei avslutning, men avslutninga er open. Vi får ikkje noko løysing på spørsmålet om Isak overlever eller ikkje. Om ein berre les *Scene 10* og ikkje dei scenene som føljer etter, vil ein sitte igjen med ein følelse av ufullstendighet. I den forstand at ein ikkje får vite det ein verkeleg vil ha ei løysing på.

Dette er eitt av spenningsmomenta i *Scene 10*, som det òg var i bibelhistoria. Skilnaden er at i manuskriphistoria finst det fleire spenningsmoment. Det største spørsmålet vi stiller oss er om Abraham er villig til å ofra sonen sin berre fordi Gud ber han om det. Noko Abraham sjølv slit med å svara på. Vi kan seie at dette skil dei to tekstane frå kvarandre, fordi i bibelhistoria er ikkje spørsmålet om Abraham er villig til å gjere det, men om han får gjort det. I manuskriphistoria ligg spenninga i spørsmålet om Abraham bestemmer seg for å gjere det. Eit anna spenningsmoment i *Scene 10* er kor langt Gud er villig til å strekkje sin autoritet i tilhovet til menneska. Altså om Gud klarar å få seg sjølv til å overtala Abraham til å gjennomføre offeret. Enda eit spenningsmoment er heilt på slutten av *Scene 10*, der Sara og Gud er i dialog. Sara er forbanna på Gud fordi han har bedd dette av Abraham, og ho prøver å få han til å sjå at det er ein därleg idé. Spenninga ligg i det at vi ikkje får nokon eintydig respons frå Gud. Det som er særspennende med heile *Scene 10*, er at vi ikkje får noka løysing på desse spørsmåla eller noka forløysing av spenninga. Scena sluttar før vi får vite om Abraham gjennomfører ofringa, før vi får vite om Gud er villig til å gjennomføre påbodet sitt, og før vi får vite om Sara klarer å overtale Gud. Heile teksten er såleis prega av denne spenninga, og som vi skjønar allereie her, ender *Scene 10* annleis enn bibelhistoria.

Persongalleriet er òg annleis frå bibelhistoria. I *Scene 10* er det òg fire personar med i fortellinga slik som i bibelhistoria, men her har Maria Tryti Vennerød skrive Sara inn i historia. Engelen er ikkje med i scena. Sara har fått ei mykje større rolle enn ho har i bibelhistoria, der ho ikkje er nemnt i det heile. Sidan ho er mor til Isak, er det kanskje naturleg at Sara blir tatt med når ein skal lage ein moderne versjon av *Bibelen*. Isak har ikkje ei stor rolle i *Scene 10*, på lik linje som i bibelhistoria. Sjølv om historia handlar om noko som skal skje med ham, er ikkje Isak sentral for sjølve historia. Abraham har ei stor rolle i begge historiene, men i *Scene 10* vil eg ikkje kalla han for protagonisten. Det er Gud som har hovudrolla i manuskriphistoria. Gud hadde ei sentral rolle i bibelhistoria òg, sjølv om han ikkje var direkte nemnt i teksten så mange gonger. Men i *Scene 10* er han med gjennom heile historia. Eg vil gå nærmare inn på personane i manuskriphistoria i neste delkapittel.

Scene 10 sluttar annleis enn bibelhistoria. I *Gud set Abraham på prøve* får vi heile historia om ofringa. I *Scene 10* derimot, sluttar historia før Abraham og Isak kjem seg til offerstaden. Etter at Abraham blir beden om å ofra Isak, blir han fortvila og prøver å kome seg ut av situasjonen, men Gud står på sitt. Sara blir urolig når ho ser at Abraham oppfører seg merkeleg, og skjønar etterkvart kva Gud har bedd om. Ho prøver å overtale Isak til å bli igjen, men sidan han ikkje veit kva som ventar han på reisa, nektar han å bli. Abraham og Isak drar, og Sara blir igjen med Gud. Ho forbannar han og prøver å skjøne kvifor Gud ber dei om dette offeret. Dette er ei svært overflatisk attforteljing av historia, men den gir likevel informasjon om korleis bibelhistoria har blitt forandra. Vi ser allereie her at historia er dratt ut og gjort lengre, og kanskje meir innhaldsrik enn det ho er i *Bibelen*. Ser vi på bibelhistoria, vil vi finne ut at manuskriphistoria baserer seg på dei åtte første linjene av henne, altså 1 Mos 22, 1-2. Det vil seie at Maria Tryti Vennerød har klart å skrive ei scene på 28 sider med utgangspunkt i ein tekst på åtte linjer. Det tyder på at Tryti Vennerød har ein stor fantasi og evne til å lese mykje ut av ei historie som kanskje ikkje gir så mykje informasjon til lesaren i utgangspunktet.

Det er òg tydeleg at det er mange ting ein må ta omsyn til når ei litterær forteljing skal bli skriven om til ein teatertekst. For det første må heile teksten struktureraast på ein annan måte. Fordi skodespelarane som framfører teksten må ha noko å seie, må historia bli skriven om til replikkar. Sjølv om vi kan lese eit manuskript, noko òg skodespelarane gjer, er replikkane meint å bli framstilt. For det andre må ein utdjupe historia meir, særskilt med tanke på kjensler og reaksjonar til personane i historia. Òg med tanke på at framsyninga skal bli spennande og underholdande for publikum. I *Scene 10* er fokuset meir på korleis personane reagerer på påbodet frå Gud, enn på sjølve ofringa, som vi ser i bibelhistoria.

Scene 10

Maria Tryti Vennerød sin tekst er den vi finn i råmanuscriptet frå oktober 2012. Eg kallar det råmanuscript fordi det var heilt rått, altså slik teksten var før teateret starta å jobbe med det. Tekstane til dei forskjellige forfattarane blei plasserte saman i manuset som eit puslespill, og

råmanuskriptet var slett ikkje ferdig gjennomarbeidd på det tidspunktet. Vi kan difor kalle *Scene 10* for den rå utgåva av historia. Eg vil no sjå nærmare på *Scene 10*.

Vi har allereie sett at replikkar er viktige element i eit manuskript. I *Scene 10* består teksten omrent berre av replikkar og inneheld nokre få scenetilvisingar. Strukturen på replikkane i *Scene 10* ser slik ut:

GUD
Abraham!

ABRAHAM
Her er eg
(*Scene 10*, oktober 2012)⁶

Først står namnet på personen som snakkar, så kjem replikken personen skal seie. Og som i dømet over, ser vi at dei fleste replikkane er ein del av ein dialog. Denne dialogen, eller samtalen, kan vere mellom to eller fleire personar. Tryti Vennerød har skrive replikkane i *Scene 10* nett som ein vanleg samtale går fram: ein person seier noko, og den andre svarar på det som har blitt sagt. Det er ufullstendige setningar, personane avbryt seg sjølve, og nokre gonger svarar dei ikkje heilt på det den andre personen seier, nett slik ein gjer i ein samtale. Tryti Vennerød har òg skrive inn nokre teikn i replikkane som kan gje oss eit bilet av korleis personen snakkar. Til dømes:

ABRAHAM
Det er ikkje sant
GUD
Du veit at du lyg!
Snakk sant!

Desse utropsteikna i replikkane til Gud kan indikere at han er sint, og at når han skal seie desse replikkane, gjer han det med kraft i stemma. Tryti Vennerød har òg strukturert nokre delar av teksten på ein litt spesiell måte. I dei lengre replikkane delar ho opp orda slik at dei nesten ser ut som små dikt:

ABRAHAM
Vesle guten
Vesle kroppen!
Tenk om eg – med vilje!
Eg klarar ikkje stoppa tankane!

⁶ Alle sitat frå manuskriptet er frå *Scene 10* (sjå vedlegg). Tilvisingen vil difor berre bli syna til her.

Dette dømet syner òg hennar bruk av teikn for å skapa meinings. Tankestreken i linje tre tydeleggjer at Abraham avbryt seg sjølv, og at det han eigentlig hadde tenkt til å seie, verkeleg gjer han uroleg. At det han hadde tenkt til å seie er så forferdeleg at han ikkje klarar å seie det høgt eingong. Denne typen teiknsetting tvingar lesaren til å tolka teksten, og spesielt det som ligg bak teksten. Og dette er Tryti Vennerød særskilt god på i teksten sin. Det er mange gonger vi må stoppe opp og tenke gjennom kva som eigentleg blir sagt og ikkje sagt i replikkane. Scenetilvisingane Tryti Vennerød brukar har den same effekten på oss.

Dei scenetilvisingane som finst i *Scene 10*, er i form av teikn som dette ”/”, som betyr pause. Altså gir Tryti Vennerød ei føring for skodespelarane om kor dei burde ta pausar i snakkinga. Pausane kan òg seie noko om handlinga i seg sjølve. Desse pausestrekane gir oss høve til å stoppe opp litt og tenke. Dei gir rom for tolking for både lesarane, skodespelarane og publikum. Ein kan kanskje seie at pausestrekken er det som ligg mellom linjene, både fysisk i teksten og i eit tolkingsperspektiv. Og i historia er det kanskje i desse pausestrekane den omtala underteksten ligg, og kjem tydelegast fram. Det er òg nokre scenetilvisingar som er meir skildrande enn pausestrekane. I den lengste scenetilvisinga står det ”Abraham kjem og tek Isak. Sara prøver å halda guten att. Abraham dyttar ho vekk. Sara er knust.”. Her ser vi at forfattaren legg føringar for handlinga, og ho legg inn slike scenetilvisingar for å syna kva ho vil skal skje på scena. Om skodespelarane og regissøren tek omsyn til dette, er ikkje sikkert, men det syner kor ho vil med si historie.

Språket i *Scene 10* er eit tydeleg teikn på at dette er ein moderne tolking av *Bibelen*. Maria Tryti Vennerød har skrive inn fleire ord og uttrykk som ein definitivt ikkje ville assosiert med bibelhistoria, noko som skapar overraskinger for lesaren.

ABRAHAM

Unnskyld
Du har rett
Ho seier eg må gå ned på helsestasjonen og snakka med nokon

Ordet ”helsestasjon” får ein til å skvette litt når ein las manuskriptet. Vi ventar ikkje å møte moderne ord som dette i ei bibelhistorie som er gjort om til teatertekst. Det gjer at vi blir litt satt ut, samstundes som vi kanskje ler litt av det. Det er vanskelig å sjå for seg Abraham, stamfaderen, snakka om helsestasjonen. Noko som i alle fall ikkje fanst på den tida han levde.

Seinare seier Abraham: "Har det klikka for deg?". Ordet "klikka" gjer igjen at vi skvett til. Ord som dette bringer fram noko vi ikkje ventar å møte i historia om ofringa av Isak. Og det gir historia ein annan dimensjon enn den vi las i *Bibelen*. Vi finn igjen ord som desse gjennom historia, noko som minner oss på at vi ikkje les ei gamal historie som er skriven for hundrevis av år sidan, men ei historie som er skriven for vår tid. Sjølve historia er gamal, men orda forankrar henne til notida.

Karakterane

Replikkane er skrivne for personane i historia. Det er gjennom dei vi blir kjent med personane og historia. Eg vil no sjå på desse personane eller karakterane kvar for seg, noko som vil gi oss større innblikk i historia dei er ein del av, og som dei skaper saman. Som vi såg i bibelhistoria, var Abraham hovudpersonen i historia. I *Scene 10* har han ei viktig rolle, men eg vil ikkje seie at han er hovudpersonen. Abraham er med i første del av scena, der han snakkar med Gud og litt med Sara. I byrjinga av historia verkar Abraham usikker på seg sjølv og si eiga tru. Gud trur ikkje at han stolar på han, men Abraham prøver å overtale han om at han gjer det. Men vi skjønar at han ikkje meiner det heilt. Han lyg til Gud, noko som kan vitne om ein dumdristig mann. Vi får vite at Abraham er redd for å skade Isak, noko Gud tek som eit teikn på at han ikkje stolar på han. Abraham prøver å snakke seg sjølv opp og vil verkeleg at Gud skal tru han. Men han får det ikkje heilt til. Han gir til slutt opp. Det er ein veikskap som er typisk for Abraham. Gjennom replikkane hans er det tydeleg at Abraham fryktar Gud, samstundes som han ikkje heilt klarar å styre sine eigne tankar. Og Gud pressar tankane hans ut av ham, sjølv om Abraham helst ikkje vil snakke om det. Han synes det er så utriveleg å snakke om, at han gret. Deretter seier Gud til han at han skal ofra Isak. Då bryt Abraham saman.

ABRAHAM
Kvífor skal eg ofra Isak?
GUD
Du skal gjera som eg seier
ABRAHAM
Kan du ikkje finna ein anna straff?
/
Kjære Gud i himmelen!
/
Å herregud

Når han forstår at Gud ikkje tullar med han, forklarer han til Isak kor glad han er i han. Vi skjønar at Abraham har därleg samvit, samstundes som han fullfører påbodet frå Gud. Ein kan kanskje kalla Abraham for feig. Han prøver å motseie seg påbodet, men det verkar meir som eit lunkent forsøk. Kanskje fordi han veit at det ikkje er nokon vits i å gå imot Gud, men det kan òg vere fordi han ikkje tør. Abraham tør heller ikkje konfrontere Sara med påbodet frå Gud. Han lyg til henne då ho spør om kva som skjer, kanskje fordi han veit at ho vil bli sint og fortvila. Abraham verkar svak i motsetnad til Sara i denne situasjonen. Når Sara får vite at Gud har gjort krav på Isak sitt liv, går ho laus på Gud. Abraham held seg utanfor medan dette skjer, og tar deretter Isak med seg. Det er tydeleg at Abraham ikkje likar konfrontasjonar, og held seg unna dei. Og aller mest er han redd for kva Gud vil gjere mot han om han ikkje følgjer påbodet. Det kan nesten verke som han er villig til å ofra sonen sin så lenge Gud ikkje skadar han. Han elskar sonen sin, men kanskje han elskar seg sjølv høgare.

Isak er ikkje like deltagande i historia som Abraham. Slik som vi såg i bibelhistoria, er han ikkje mykje med, fysisk, i forteljinga. Det kjem ikkje tydeleg fram kor gammal Isak er i historia, men han verkar særstundes ung. Sara prøver å forhindre at han reiser saman med faren, fordi ho veit kva som vil skje, men det gjer ikkje Isak. Han blir difor sur på mora fordi han blei lova ein tur saman med faren.

SARA
Det har rabla for far din
ISAK
Kva betyr rabla?
SARA
Du får ikkje reisa med far din
ISAK
Vi skal av stad! Han lova det!

Spørsmålet Isak stiller her, vil eg seie er typisk for yngre barn, noko som kan tyde på at han ikkje er gamle guten. I tillegg ser vi at han motseier mora, og vi får inntrykk av at han er i ein slags trassalder. Samstundes skjønar vi kvifor Isak blir så lei seg når mora seier at han ikkje får reisa, fordi Sara ikkje gir han nokon grunn for at han ikkje kan dra. Isak forstår ikkje kva som skjer rundt han. Han er uskyldig, noko barn ofte er. Han veit berre at faren har lova han at dei skal ut på tur saman, men ikkje kor eller kvifor. Isak ser opp til far sin, og det verkar som han verkeleg ser fram til ”aleinetid” saman med han. Mora hans kjem i vegen for denne aleinetida, og det kan vere grunnen til at Isak reagerer som han gjer når mora nektar han å dra.

Sara på si side er særskilt intuitiv. Utan at nokon har sagt noko om situasjonen forstår ho at nokon er galt. Ho kjenner mannen sin såpass godt at ho veit når nokon ikkje stemmer, og ho har rett. Sara finn sjølv ut at det er Isak som skal ofrast, etter at Abraham fortel ho at Gud har gjort krav på eit offer. Og ho er ikkje redd for å ta eit oppgjer med korkje Abraham eller Gud. Dei får begge høyre det når Sara får vite kva som skjer.

GUD
Han stolar ikkje på meg
ABRAHAM
Han stolar ikkje på at eg stolar på han
SARA
De har ei pakt!
Gud!
(til Gud) Du har sjølv inngått ei pakt med han!
Då er det du som ikkje stolar på oss, når du vil bryta pakta!
Du lova oss gyllen framtid og mange etterkomstrar!
Og kva har vi lova tilbake? Å omskjera gutane våre, og det har vi gjort! [...]
Gud!
Du dobbeltmoralske fascist
Du veit ikkje eingong å svara når eg hyttar, når eg vræler og konfronterer deg
Med løfta dine!
Det er du som lyg
Fordømte Gud
[...]

Sara har ingen problem med å skjelle ut Gud, som vi ser over. Ho går mot han, kjeftar på han og forbannar han. I motsetnad til Abraham, som berre klagar og grin, blir Sara sint og tar opp kampen mot Gud. Ho er ei skikkelig kruttønne, og det er tydeleg at Sara har bein i nosa, som ein seier. Ho er òg særskilt direkte i talen. Ho går ikkje rundt grauten når ho har meiningar om nokon, men snakkar direkte til personen det gjeld og legg ikkje nokon i mellom. Det er òg tydeleg at Sara er eit emosjonelt menneske. Og i dette tilfellet vil eg seie det er på sin plass. Ho har venta i mange år på å få ein son, og så skal han bli tatt frå henne. Då ville einkvar mor eller far blitt emosjonell. Men i motsetnad til Abraham prøver ho å gjere nokon med situasjonen i staden for å berre akseptere han. Sara kan kallast ei løvemor, som vil verne barnet sitt for einkvar pris. Ho er ikkje redd for å kjefta på seg Gud sin vreide, i alle fall ikkje om det kan redda sonen frå ein forferdeleg skjebne. Som vi kan lese ovanfor, er Sara flink til å snakke for seg, og ho kjem med gode argument når ho diskuterer. Og dette får ho god bruk for når ho i slutten av *Scene 10* diskuterer med Gud, og prøver å overtale ham til å droppe kravet. Det er tydeleg at Sara har ein form for påverknadskraft på Gud.

GUD

Eg vil så gjerne at de skal stola på meg

/

SARA

Sjølv om du drep sonen vår?

GUD

Uansett!

SARA

Trur du vi er som sauer, som liksom blindt følgjer leiaren, om det så er til slaktarbenken?

Og det kan verke som det er det Gud vil at menneska skal gjere. I byrjinga av *Scene 10* seier Gud om og om igjen ”Du stolar ikkje på meg”. Han krev at menneska skal vere hundre prosent tru mot han, og ikkje tvile på hans kraft. Det er tydeleg når Gud ikkje trur Abraham stolar på han, berre fordi Abraham er redd for å skade Isak. Og som Abraham sjølv seier, er det berre menneskelege tankar. Men Gud krev at alle menneska skal stola heilt på han, at dei ikkje treng å vere bekymra for nokon ting. Ein kan kanskje seie at Gud er urimeleg i sine krav, samstundes som desse krava gjer at Gud verker usikker på sin eigen autoritet. Desse krava hadde ikkje vore naudsynte, dersom han hadde hatt full tiltru frå menneska. Gud verker nesten litt såra over at dei ikkje stolar heilt på han, noko som òg gir han menneskelege trekk. Han viser kjensler, noko han ikkje gjer i *Bibelen*. Vi ser at Gud har makt over Abraham. Han veit at Abraham er redd for ham, noko Gud brukar for å påverke og styra over ham. Sara er ikkje like påverkeleg av Guds autoritet. Ho er redd for ham, men ho er ikkje redd for å gå imot han. Og denne styrken som Sara syner, gjer at Gud blir lei seg. I diskusjonen med Sara byrjar Gud å gråte.

SARA

Det er ikkje logisk!

Du lovar oss etterkommarar, og samstundes krev du Isak sitt liv!

GUD

Så du ville gått langt, men berre så lenge det var logisk?

Gud græt

Dei menneskelege trekka vi finn hos Gud her, finn vi ikkje hos Gud i bibelhistoria. Vi får ikkje inntrykk av at den bibelske Gud har kjensler. Han gjer det han trur er riktig, og anten blir han nøgd med menneska eller ikkje. Ofte endar det anten med ein streng straff eller ein godtgjersle. I *Scene 10* er det openbart at Gud ikkje er slik. Det kan verke som han straffar Abraham fordi han sjølv er usikker, og vil sjå kor langt han kan gå før menneska nektar å gjere det han seier. Trua han har på seg sjølv, er ikkje det same i denne historia som i bibelhistoria. Det at Sara i det heile kan påverke han så mykje at han byrjar å gråta, seier

mykje om karakteren Gud vi blir kjend med her. Og som vi har sett tidlegare, påverkar alle karakterane kvarandre. Det er desse relasjonane historia i *Scene 10* er bygde opp av.

Relasjonane

Den første relasjonen vi blir presenterte for i *Scene 10*, er den mellom Abraham og Gud. Og det er tydeleg ein form for maktdemonstrasjon som utspelar seg imellom dei. Gud tvingar makta si på Abraham, og Abraham prøver å stritte imot, men klarar det ikkje. Vi kan kalla det for eit ovanfrå-og-ned-relasjon. Abraham er redd for Gud og kva han kan gjere mot han. Gud er redd for at Abraham ikkje vil gjere det han vil, og brukar redsla til Abraham for å fremma seg sjølv. Gud pressar Abraham til å gjere noko han ikkje vil, samstundes som Gud òg vil ha full tillit og absolutt truskap. Abraham er makteslaus ovanfor Gud. Sjølv når Abraham prøver å lyge for Gud, veit Gud at han lyg. Han kan ikkje skjule noko frå han.

GUD	Du stolar ikkje på meg
ABRAHAM	Eg stolar på deg, Herre
GUD	Jo men eg merkar det
ABRAHAM	Jo men Herre
GUD	Eg stolar på deg, eg
ABRAHAM	Ikkje lyg
GUD	Kva!
Av og til	
I mellom gled:	
Familien	
Sønene dine	
Pakta vår	
I mellom alt eg har love, alt du har fått	
Så går du rundt med ei kjensle	
Av tvil!	
ABRAHAM	
Nei, Herre!	
GUD	
Du lyg!	
Eg merkar det!	
Eg merkar det godt	
Trur du du kan lyga for meg?	
[...]	

Gud sin maktdemonstrasjon over Abraham held fram gjennom store delar av dialogen. Heilt til Gud knekkjer han, og Abraham innrømmer at han har tvila, og har hatt nokre føle tankar om skjebnen til Isak. Vi kan seie at det er Gud som vinn i diskusjonen med Abraham, og Abraham skjønner at for å tilfredstille Gud må han drepa son sin. Og det er tydeleg at Abraham elskar sonen sin.

	ABRAHAM
Isak	
	ISAK
Ja far	
	ABRAHAM
Forstår du kor glad eg er i deg	
	ISAK
Ja då, far?	

Isak veit ikkje her kva som vil skje med han. Det er klart at Abraham har eit behov for å fortella sonen sin kor glad han er i han før han utset han for dette traumatiske som kjem. Kanskje i håp om at Isak vil forstå kva faren blir utsett for, og at han forstår at Abraham ikkje vil dette. Isak har eit godt høve til far sin. Vi ser i historia at han ser opp til han, og ikkje minst stolar på han. Han held farens ord høgt, noko som forklarar kvifor Isak blir så lei seg når mora seier at han ikkje får lov til å reisa likevel. Abraham på si side er glad i sonen, samstundes som ein ikkje skjønner korleis ein elskande far kan utsette sin eigen son for noko slikt. Relasjonen mellom Isak og Abraham er ikkje den mest tydelege i historia. Vi får ikkje mykje informasjon ut av dei få replikkane dei imellom. Likevel kan ein lage eit bilet av korleis dei har det ilag.

Isak og Sara er ei anna sak. Sara er ei mor som elskar sonen sin høgare enn sjølve livet. Som sagt er ho ikkje redd for å gå opp imot sjølvaste Gud, han som kan øydeleggja heile livet hennar, i håp om å redda guten sin. Vi kan seie at Isak er oververna av Sara. Ho vil verna han mot både Abraham og Gud sine påfunn. Noko ein godt kan skjøne etter at ho har venta så mange år på å få barn. Og når ho endeleg får ein son så skal han bli tatt ifrå ho. Isak på si side vil ikkje høyre på mor si sine bod. Han vil berre reise med far sin. Kanskje Isak er lei av at mora vernar han frå verda, og at denne reisa er hans sjanse til å sjå meir enn berre bustaden deira? At Isak har blitt oververna kan òg forklara kvifor han verkar litt naiv og ikkje forstår visse ord og uttrykk: ”Kva betyr rabla?” (s.58) og ”Og kva betyr hysterisk?” (s.61) Isak sin naivitet kan kome av at begge foreldra har skjerma han mot påverknad frå andre.

Relasjonen mellom Abraham og Sara verkar ikkje som eit godt, stabilt ekteskap. Dei kjenner kvarandre godt, noko som er forståeleg ettersom dei har vore ilag i mange år. Dei er òg særslig glad i kvarandre og syner omsorg for kvarandre. Men det er ei skeiv fordeling av makt i tilhøvet. Slik som i relasjonen mellom Abraham og Gud, er igjen Abraham den underlegne i relasjonen med Sara. Han er familieoverhovudet og er mannen, men det kan verke som han er litt redd for Sara og hennar sterke meininger.

ABRAHAM

Han [Gud] kvernar og kvernar og seier at eg ikkje stoler på han

SARA

Ja, og har han rett?!?

Abraham, sjå meg i auga!

Har Herren rett?

ABRAHAM

Eg er berre eit menneske

Eg stolar på han

Men av og til - , eg kan ikkje styra draumane mine!

SARA

Kva drøynde du

ABRAHAM

Det er irrelevant

SARA

Men kvifor er han sint!

ABRAHAM

Eg veit ikkje

Abraham unngår spørsmåla til Sara, sikkert fordi han er redd for korleis ho vil reagere når han fortel ho sanninga. Noko som er forståeleg ettersom Sara har eit sterkt temperament. Sara er uroleg for mannen sin, samstundes som ho synes han oppfører seg som ein idiot. I Sara sine auge er nok Abraham ein svak mann, sidan han ikkje seier imot Gud. ”Bak ein kvar mann står ein sterk kvinne” er det noko som heiter. Og det trur eg er tilfellet i dette ekteskapet. Det er Abraham som er mannen i familien, men bak fasaden kan det sjå ut som det er Sara som er den eigentlige sjefen. I manuskriptet ser vi òg ein stor skilnad. Det står i to scenetilvisingar at Abraham gret, medan det ikkje står ein einaste stad at Sara gret. Ho er for det meste berre forbanna. Eg vil ikkje seie at dette er ein typisk moderne familiesituasjon, men det at Sara er så sterk i relasjonen til Abraham, kan vere for å syna dei moderne aspekta ved historia. Som kjent er ikkje Sara nemnt i bibelhistoria, og kanskje difor har ho fått ei så stor og sentral rolle i denne historia.

Ein av dei meist interessante relasjonane i historia, synes eg er mellom Sara og Gud. Gud er vant med å bli frykta, å bli høyrd på, og å vere mektig. Difor trur eg han blir litt overrumpla

av Sara. Ei kvinne som ikkje har nokre problem med å skjelle han ut og fortelle han akkurat kva ho meiner. Sjølv om Sara hevdar ho fryktar Gud, får vi ikkje inntrykk av det, når vi ser korleis ho snakkar til han.

GUD
Du stolar ikkje på meg
SARA
Å fy faen så gjerrig du er!
GUD
Du stolar ikkje på meg
SARA
Nei kvifor i helvete skulle eg det?

Sara er veldig skuffa over Gud og påbodet hans. Ho forstår ikkje korleis han kan krevje deira einaste son når Gud samstundes lovar dei etterkommarar. Ho ser ikkje logikken i det, og meiner han er dobbeltmoralsk. For Gud ligg logikken berre i det at han vil ha deira fulle truskap. Det er motivet hans. Han seier sjølv at kjærleiken hans går forbi det gruvsame og at han ikkje likar menneskeofring. Sara forsøker å få han til å sjå at dette ikkje er vegen å gå for å få menneska til å tru på han. Til å stola på han. På ein måte er Sara og Gud meir likestilte enn Abraham og Gud. Sara og Gud fører ein samtale, der Gud faktisk hører på det Sara har å seie. Og det vonbrotet Sara har andsynes Gud, påverkar Gud så mykje at han på slutten av scena seier:

GUD
Og dette fenomenet kalla smerte
De er heilt opphengte i det!
Som om smarta kan vitna om kjærleiken eller Gud
/
GUD
Eg er nøydd å finna på noko.

Guds openberring på slutten kan vere eit teikn på at Sara har påverka han etter all kjeftinga. Ho har fått han til å forstå at han ikkje kan la Abraham fullføre ofringa, og må finne på noko som kan stoppe han. Kanskje Gud skjønner likevel at menneskeofring ikkje er vegen å gå for å få menneska til å stola på han. Kanskje han berre gjer vondt verre, og at han difor må stoppe Abraham før noko gale skjer.

Relasjonane vi har sett på no, fortel oss meir om historia om ofringa av Isak. Historia handlar eigentleg ikkje om ofringa. Den handlar om Guds vonbrot over menneska og hans eigen veikskap. Den handlar om korleis Gud går feil fram for å få menneska til å sjå at han *er*

kjærleiken, og at det er Sara som, gjennom sin kjærleik for sonen, får han til å forstå det. Vi kan kanskje sjå på historia som ein slag ”prøve og feile”-episode i Gud si søker etter si eiga rolle. Der han må finne sin eigen måte å nå fram til menneska på. Historia kan òg bli sett på som eit frampeik til det som skjer når Gud ofrar sin eigen son for menneska, der han syner kor langt han er villig til å gå for kjærleiken.

Frå Scene 10 til Scene 9

Vi har no sett på scena som er skriven av Maria Tryti Vennerød. Etter at ho leverte den til teateret, har teksten blitt påverka av både regissør, skodespelarar og dramaturg, og deretter endra slik at han passar betre inn i framsyninga som heilskap. Sjølv om handlingsgangen ikkje har blitt endra mellom dei to versjonane av scena, vil eg no trekke fram dei skilnadane vi kan sjå i dei to tekstane, slik at teatertekstens utvikling kjem tydelegare fram.

I *Scene 9* har det blitt fjerna ein del replikkar, og teksten har blitt kortare på grunn av dette. Det har òg blitt fjerna nokre scenetilvisingar. Men det har ikkje blitt lagt til korkje replikkar eller scenetilvisingar. Ein grunn til dette kan vere at *Scene 10* var for lang, og at desse elementa måtte bli fjerna for å kunne halde tidsskjema i framsyninga. Det kan òg hende at dei replikkane og scenetilvisingane dei tok ut, ikkje blei sett på som naudsynte for historia. Vi kan berre spekulere i kvifor desse forandringane vart gjort, men ettersom *Bibelen* var ei sekstimars framsyning, er den første grunnen truleg årsaka. Samstundes kan det hende at endringane har gjort historia annleis, frå slik ho var i *Scene 10*. Det vil eg sjå nærmare på no.

Det er ikkje mange scenetilvisingar i *Scene 10*, og endå færre i *Scene 9*. Dei fleste av dei scenetilvisingane som har blitt fjerna, er pausestrekane: ”/”. Mest sannsynleg har dei blitt tatt ut av manuskriptet etter at dei har prøvd historia ut på scena. Kanskje dei oppdaga at pausane i *Scene 10* ikkje passa på scena, eller at skodespelarane følte dei ikkje var naturlege pausar i dialogen. Samstundes kan scenetilvisingar gi oss ei kjensle av tankerom i teksten, noko vi mistar når dei blir fjerna. Eg vil no gå gjennom nokre døme frå teksten der scenetilvisingane er fjerna, og der dialogen gir eit anna inntrykk enn det vi fekk i *Scene 10*.

ABRAHAM

Eit lys

Eit plutseleg håp

Ei openberring

/

ABRAHAM

Noko vedunderleg

At noko vedunderleg skal skje

At det må skje

Midt i denne brutale røyndomen

Som du steller i stand

/

ABRAHAM

Men det skjer ikkje!

Du meiner det verkeleg!

Dette er frå *Scene 10*, der pausestrekane framleis er med i teksten. I *Scene 9* er desse fjerna. Om vi les replikkane ein gong til, utan pausestrekane, får vi eit anna bilet av situasjonen. Pausestrekane indikerer at Abraham tek seg tid til å tenke over det han seier. Han treng denne tida til å svare Gud. Utan pausestrekane er det noko som blir borte for oss, og eg trur det er tolkingshøvet. Pausestrekane gir oss rom til å tolke kva som skjer i hovudet til Abraham. Utan dei, kjem berre replikkane etter kvarandre utan at korkje vi, eller Abraham får noko rom for tanke eller tolking. Med pausestrek forstår vi at Abraham tek seg tid til å tenkje over kva som kan skje, men utan streken verkar det som om det går opp for han med ein gong. Vi mister litt av det dramaturgiske ved historia, litt av spenninga. Vi kan seie at historias djupleik ikkje kjem like godt fram i teksten, fordi vi ikkje får høve til å tenkje over han.

Eit anna døme på korleis oppfatninga av replikkane blir annleis, er når Sara sjølv skjønar at Abraham har blitt beden om å ofra Isak.

ABRAHAM

Gud har kravd eit offer

SARA

Kva offer

/

SARA

Nei

/

SARA

Du tullar

Har han sagt det?

Det må vera tull

Isak?!

I *Scene 9* er desse pausestrekane fjerna, og det gjer at Saras openberring blir forandra. Pausestrekane i *Scene 10* gir oss, og Sara, ein sjanse til å forstå kva som skjer. Vi skjønar at

Sara brukar litt tid på å skjøne kven offeret er, gjennom ei slags søking i seg sjølv. Openberringar skjer ofte ikkje på ein augneblink, men utan pausestrekane får vi inntrykk av at dei gjer det. Det blir kanskje ein litt unaturleg gang i historia, der Sara berre skjønar utan vidare, at Isak er den som skal ofrast. Det må poengterast at vi ikkje veit korleis skodespelarane vil gjere dette på scena, og at framstillinga av teaterteksten vil skape ei anna forståing av handlingsgangen enn den vi kan lese. Samstundes blir vår oppfatning av teksten slik, fordi vi berre har den å halde oss til.

I *Scene 9* har dei fleste pausestrekane blitt fjerna, men det har òg blitt berga nokre. Vi kan difor spørje kvifor nokre har blitt berga, samstundes som andre har blitt fjerna? Dømet under vil kanskje kunne gi oss svaret på det.

GUD

Sara
Er du der?
Eg veit at du er der
Fryktar du meg?

SARA

Ja
Eg fryktar deg
Du er utan nåde
/

SARA

Det eg ikkje forstår er korleis du, Gud
Som har skapt oss alle
Som har skapt, eller: Du som *er* kjærleiken som held oss saman
Korleis kan du meina at ein far skal ofra
Sin eigen son
/

SARA

Hadde du vore villig til å ofra son din
For kjærleiken
/

GUD

Kor langt var du villig til å gå
Kor langt inn i redsla kunne du gått
/

GUD

Kor langt inn i smarta, alt du hatar, og fryktar; alt vondt, *kor langt*
Kunne du gått den gongen?

I dei døma vi har sett tidlegare, der pausestrekane har blitt fjerna, har kanskje ikkje pausane vore like naudsynte. I dei døma har det kanskje vore underforstått at ”her brukar personen tid til å tenkje”. I dømet over her, derimot, trur eg pausestrekane har ein litt annan funksjon. Tidlegare har pausestrekane vore med for karakterane i historia, som eit tankerom eller eit

openberringsrom for dei. Pausane har òg gitt oss høve til å forstå personane. Medan pausane over her trur eg er meint for oss, lesarane. Pausane her skaper rom for ettertanke og fundering. Eg meiner her at både Sara og Gud stillar store spørsmål som det ikkje er naudsynt å svara på, men som er meint for oss, for at vi skal tenkje over dei. Ein kan diskutere om ikkje dei andre pausane i teksten også er for oss, som dei sikkert òg er, men pausane i denne delen av dialogen trur eg er med for å skapa ei form for undring. Korleis kan Gud be om noko slikt? Er Gud villig til å ofra sin eigen son? Og kor langt er Sara villig til å gå for sin eigen son? Eg skal ikkje svare på desse spørsmåla her, men det er interessant å sjå korleis slike små detaljer, som pausestrekar, kan utgjere ein så stor skilnad i korleis ein tekst blir oppfatta.

Karakterar og relasjonar

Persongalleriet i dei to scenene har ikkje blitt forandra. Abraham, Isak, Sara og Gud er framleis ein del av historia, sjølv om nokre av replikkane deira har blitt fjerna eller endra. Det varierer veldig mellom karakterane kor mange av replikkane deira som anten har blitt fjerna eller gjort om på. Dette kan ha noko med skodespelarane sine eigne ynske å gjere. Om til dømes Bjørn Sundquist ikkje er nøgd med ”Gud” sine replikkar, kan han ha prøva å endra dei. Vi skal no sjå på om desse forandringane i manuskriptet påverkar det inntrykket vi har av karakterane frå før. I døma eg vil syna her, kjem eg for ordens skuld til å skrive den replikken som står i *Scene 10* og plassere parentes rundt dei orda som er fjerna i *Scene 9*.

ABRAHAM

Tilgje!
Men eg får av og til bilet, forstår du
Eg trur faktisk det er normalt
Ikkje sant; (Isak)
Kjæraste Isak,) son min, eg trudde aldri vi skulle få ein son
Det er sant
Takk, Herre
Eg trudde verkeleg ikkje
Allereie då han var liten, heilt liten, så liten at han ikkje var omskoren ein gong
Før han var omskoren
Eg heldt han i armane mine
Vesle guten
Hjartet mitt sprenger for den guten!
Når eg heldt han over baljen og skulle bada han
Eg veit ikkje kvar bilet kjem frå, gruvsame bilet, eg fortalte ikkje nokon!

I avsnittet over er det ikkje mange ord som er fjerna. Det er tre små ord: ”Isak, Kjæraste Isak”. Det kan kanskje verke som desse orda ikkje har så mykje å seie for samanhengen i

replikken, og difor ikkje så viktig om dei blir berga eller ikkje. Men om vi skal sjå på karakteren ”Abraham” og det han seier her, vil desse tre orda utgjere ein skilnad. Orda som er fjerna frå *Scene 10*, syner kor glad Abraham er i sonen sin. Vi kan kanskje seie at utan orda blir ikkje Abraham syna fram som ein like kjærleg og omsynsfull far, slik som i *Scene 10*. Samstundes er desse orda ikkje like viktige i denne samanhengen likevel, fordi vi skjørnar at Abraham er glad i sonen sin gjennom resten av replikken. Kanskje er orda fjerna fordi dei er uturvande, og fordi dei ikkje skadar Abraham som karakter. Fleire av Abraham sine replikkar er fjerna, men desse kjem eg tilbake til seinare.

Den karakteren som har fått fjerna eller endra flest replikkar, er Gud. Dei replikkane som har blitt fjerna frå karakteren har, i motsetnad til Abraham, påverka vår forståing av han. Mellom *Scene 10* og *Scene 9*, har ein replikk blitt fjerna og bytt ut med ein annan.

GUD
(Eg har tenkt på ein ting
Eller
Korleis skal eg sei’ det
Det kjenst som at du)
ABRAHAM
(Kva)
GUD
Du stolar ikkje på meg
ABRAHAM
Eg stolar på deg, Herre
GUD
(Jo men eg merkar det)

Dei to første og den siste replikken er fjerna. Den siste er erstatta med ”Nei”. Ser vi på korleis den første replikken påverkar karakteren Gud, ser vi kanskje kvifor den har blitt fjerna. Han verker særslig usikker og varsam. Replikken synar at Gud ikkje tør å seie til Abraham kva han meiner med det første, og at han tvilar på seg sjølv. Det usikre hos Gud, som i utgangspunktet skal vere ein autoritær karakter, er kanskje ikkje så passande. Dette kan vere årsaka til at replikken har blitt fjerna. Ved å fjerne den og få Gud til å gå rett på replikken ”Du stolar ikkje på meg”, blir Gud framstilt som strengare og meir direkte. Det same gjeld for den siste replikken i avsnittet over her. ”Jo men eg merkar det” er eit mykje svakare tilsvart enn ”Nei”, som dei har fått han til å seie i staden i *Scene 9*. Desse endringane gjer at Gud verkar sterkare i framtoningen sin, som mest sannsynleg er meiningsa.

I ein av replikkane til Gud, har det blitt gjort ei lita endring. Replikken er i *Scene 10*: ”At min kjærleik går forbi det gruvsame”, og har blitt endra til: ”At Guds kjærleik går forbi det gruvsame” i *Scene 9*. I staden for å snakke i første person, snakkar Gud her i tredje person. Det gjer at Gud skaper ein distanse til seg sjølv, akkurat som om han snakkar om nokon utanfor seg sjølv. Tidlegare i scena har Gud snakka om seg sjølv i første person, noko som har gitt han menneskelege trekk. Her, derimot, verkar det som om han tenkjer høgare om seg sjølv. Om vi ser på denne replikken på ein annan måte, kan det vere at Gud ikkje snakkar til Sara her, men til oss. Han blir gjort om til ein slags forteljar, som skal seie oss noko om Guds bodskap. Og bodskapen kjem gjennom replikken til karakteren Gud. Det blir ein form for meta-replikk.

Dei siste replikkane i både *Scene 10* og *Scene 9* er Gud sine. I *Scene 10* avsluttar han med å seie:

GUD
Og dette fenomenet kalla smerte
(De er heilt opphenge i det!)
Som om smerte kan vitna om kjærleiken eller Gud
(/)
GUD
(Eg er nøydd å finna på noko.)

Parentesane synar kva replikkar som har blitt fjerna i *Scene 9*. I den første ”versjonen” av slutten på scena, er det tydeleg at Gud får ei openberring. Han forstår at det han har stelt i stand ikkje naudsynleg var en god plan, og at han må gjere noko for å stoppe det. Samstundes kan denne siste replikken, ”eg er nøydd for å finne på noko”, bli sett på som ein litt barnleg måte å få ein karakter til å innsjå sine feil på. I tillegg er det òg ein unaturleg replikk. Gud har ikkje snakka til seg sjølv tidlegare i scena, noko som gjer det merkeleg at han gjer det her. Slik scena sluttar i *Scene 9*, er det kanskje for betre å oppretthalde Gud si rolle i historia. Ved at det endar med replikken: ”Som om smerte kan vitna om kjærleiken eller Gud”, blir biletet av ein stolt Gud halde ved like. Han vil ikkje vike for sine eigne prinsipp eller meininger, sjølv om vi veit at han gjer det seinare.

Replikkane til Sara er mykje det same i begge versjonane av scena. Eg vil likevel trekke fram ei endring. I historia, etter at Abraham og Isak har reist, er Sara aleine igjen saman med Gud.

SARA
Kva gale har vi gjort?
Når vart allting annleis?
Du skuldar meg eit svar
Kvífor teier du

Heile denne replikken er fjerna i *Scene 9*, og dialogen mellom Sara og Gud startar her i staden med at Gud seier: ”Du stolar ikkje på meg”. I replikken over her ser vi at Sara er lei seg og fortvila over Guds uforklarlege påbod. Ho forstår ikkje kvífor han gjer dette mot dei. Dette er ei kjensle vi ofte finn hos Sara, men kanskje ikkje like hjelpelaus som ho verkar her. Det er òg kanskje grunnen til at replikken har blitt fjerna, fordi den skildrar Sara som svakare enn i resten av scena. Utan replikken over held vi fast ved biletet av Sara som sterk og villig til å kjempe for sonen sin utan å gi opp. Isak kjem eg tilbake til.

Det er ikkje mange av replikkendringane som påverkar relasjonane mellom karakterane. Men ei endring meiner eg er viktig for relasjonen mellom Gud og Abraham. Når Abraham og Isak forlét Sara saman med Gud, er det ein overgang som er fjerna frå historia. I *Scene 10* står det:

ABRAHAM
Ser du no, Gud?
Ser du at eg gjer som du seier?
Eg lyer deg, ser du det?
GUD
Nei, for du stolar ikkje på meg
ABRAHAM
Eg er på veg!!!
ISAK
Kva er det, pappa, kvífor ropar du slik?
Og kva betyr hysterisk?
Abraham og Isak går

Det einaste som er berga frå dette avsnittet, er scenetilvisinga. Her ser vi Abraham som ein desperat mann på leit etter Gud si stadfesting, som han ikkje får. Her er han kanskje på sitt mest desperate gjennom heile scena. Ein kan kanskje dra det så langt som å sjå på Abraham som ein son som prøver å få sin fars åtgaum, utan at faren bryr seg. Det gjeld i særleg grad når Abraham seier: ”Eg er på veg!!!”, skjønar vi at han verkeleg er opprørt over kor urimeleg Gud er. Det kan nesten høyrist ut som Abraham blir trassig. Grunnen til at avsnittet blei fjerna frå manuskriptet kan vere at tilhøvet mellom Abraham og Gud blir for intenst og i overkant dramatisk. Samstundes kan det vere fjerna fordi det blir meir som ei gjentaking av tidlegare situasjonar i scena, noko ein ikkje naudsynleg treng her. Dette er òg den einaste staden i scena kor ein av Isak sine replikkar er fjerna eller endra. Årsaka til det er naturleg sidan Isak er ein

del av situasjonen over. Isak si rolle i historia er ikkje stor, og heller ikkje særleg viktig for det store biletet av fortellinga. Isak kunne eigentleg ha vore ein stum karakter. Og sidan karakteren ikkje er særleg viktig, har det kanskje ikkje vore naudsynt å endre noko som endrar han som karakter.

Oppsummering

Vi har no sett på korleis teaterteksten endrar og utviklar seg, men det er framleis nokre lause trådar. Dei skal vi samle nå, ved å kople teoriene frå teorikapittelet saman med analysen. Her vil vi sjå korleis undersøkinga over kan seie oss noko om teaterteksten og utviklinga av han. Paul Ricœur (2001) skriv at ein leseprosess er mest fruktbar når ein koplar forklaring og fortolking. Vi har gjennom analysen sett at han har rett. Granskinga av både struktur og innhald i tekstmaterialet har gitt oss eit betre biletet av teatertekstens utvikling. Vi ser berre gjennom endringane i han, i løpet av tre etappar, at teaterteksten har forandra seg mykje. Desse endringane har skjedd gjennom arbeid på teateret. Først har Maria Tryti Vennerød fått eit oppdrag frå Det Norske Teatret om å skrive ein tekst for dei. Ho har då skrive *Scene 10*, truleg utifrå sine eigne føresetnader. På teateret har teksten hennar blitt sett saman til eit manuskript med dei andre scenene til framsyninga. Etter lese- og sceneprøver⁷ har truleg regissør eller skodespelarane foreslått endringar i manuskriptet, noko som har skapt *Scene 9*. Etter fleire prøvar, har teaterteksten truleg blitt endra igjen. Altså er teaterteksten i stadig utvikling gjennom arbeidsprosessen i teateret.

Bibelhistoria er, som kjent, utgangspunktet for manuskriphistoria. Peter Christensen Teilmann meiner det er fruktbart å ta eit blikk på førelegget for ein tekst, slik at ein kan gjere ei samanlikning. (Teilmann, 2007, s.156) Gjennom analysen av bibelteksten såg vi at det ikkje er mykje som liknar på manuskriphistoria, sett bort frå kardinalfunksjonane i han. Arne Engelstad gjorde oss merksam på Roland Barthes og hans omgrep *kardinalfunksjonar*. (Engelstad, 2007, s.74) Desse kardinalfunksjonane er det som er grunnpilaren i ei historie, der handlinga ligg, og blir dei fjerna i adaptasjonen vil historia bli annleis, meiner Engelstad. Kardinalfunksjonen i bibelhistoria er at Gud ber Abraham om å ofra Isak, og Abraham reiser vekk for å gjere det. Dette finn vi att i teaterteksten. Maria Tryti Vennerød har lagt til mykje informasjon i historia, slik at ho skal passe inn i teateret. Vi finn reaksjonar og konfliktar i

⁷ Ei leseprøve er der aktørane i teateret møtast og les i manuskriptet for å få overblikk over famsyninga. Ei sceneprøve er der dei testar ut framsyninga (og dermed også teksten) på scena.

teaterteksten som vi ikkje finn i bibelhistoria, til dømes diskusjonane mellom Sara og Gud. Vi kan seie at kardinalfunksjonen frå bibelhistoria framleis er der, men at forfattaren av manuskriphistoria har lagt til fleire kardinalfunksjonar. Stammen i bibelhistoria er der, men utbroderinga av han gjer at ei ny, og kanskje rikare forteljing har oppstått. Bibelhistoria gir oss ingen informasjon om kjensla til personane som er med. Dette har òg Tryti Vennerød endra i sin versjon av historia, og såkalla katalysatorar har blitt skrivne inn. Barthes (1975) meiner desse kan bli fjerna frå ei historie utan at ho blir endra, men sidan det ikkje er nokon av dei i bibelhistoria, har dei blitt lagt til i staden. Dette gjer at vi som lesarar får eit sterkare inntrykk av historia, karakterane og situasjonen dei er i.

Michael Evans har skrive ei slags oppskrift på ein standard-dramaturgisk handlingsgang. (Evans, 2006) Den tek føre seg protagonistens utfordringar og utvikling gjennom historia. I bibelhistoria ser vi ingen teikn på denne typen handlingsgang. Grunnen til det er at det ikkje kjem fram av historia korleis Abraham reagerer på påbodet frå Gud. Han berre gjer det han får beskjed om. Dette har blitt endra i manuskriphistoria, men her er det ikkje heilt tydeleg kven som er protagonisten. I starten av historia verker det som det er Abraham som er protagonisten, om vi føljer Evans modell. Abraham er usikker på si rolle som far, og blir dermed utfordra av Gud, noko som snur verda hans på hovudet. Etter litt fram og tilbake, vel Abraham å gjere som Gud seier, og Guds kamp mot Sara og hennar motvilje byrjar. Her stoppar Abraham si reise i handlingsgangen. Og her tek Sara over som protagonist. Ho er sterk i sin kamp mot Gud, og ho syner det gjennom å tak på han. Og som Evans skriv i siste punkt i sin modell: "Utfallet av den store kampen er (til en viss grad) tvetydig, men én ting er sikkert: Livet vil aldri være det samme igjen." (Evans, 2006, s.106) Vi kan sjå at dette òg gjeld i kampen mellom Sara og Gud: utfallet er ikkje tydeleg, men Sara sitt liv vil bli annleis, ettersom ho til dømes må leve med ein ektemann som er villig til å ofre sonen deira.

På ei anna side kan vi sjå på Gud som protagonisten i manuskriphistoria. Gud hevdar noko er gale, at menneska ikkje stolar på han. Og han får ei utfordring, men ikkje frå nokon andre, men frå seg sjølv. Han får seg sjølv til å teste Abraham og hans tru. Deretter byrjar kampen om å overtale både Abraham og Sara om at ofringa er den einaste måten å få dei til å prove deira tru. Han trur han vil klare det, men i den "avgjerande" kampen med Sara, forstår han at han er nøydd for å stoppa Abraham. Som Evans skriv i det siste punktet (2006, s.106), er utfallet av kampen utspeideleg, av di vi ikkje får vite kva som skjer med Isak på slutten av scena.

Men det er likevel tydeleg at Gud meiner det han har stelt i stand er feil, og vil prøve å stoppe det. Ser vi det på denne måten, skjørnar vi at den eigentlege protagonisten i historia er Gud.

Evans meiner at historier må innehalde konflikt, og dei oppstår mellom karakterane. (Evans, 2006, s.30-31) Konflikten er det som gjer at vi som lesarar held oss interesserte i han. Som vi såg i analysen, er det ingen tydeleg konflikt i bibelhistoria. Av di Abraham ikkje gjer nokon motstand til Guds påbod. Dette har òg blitt endra i manuskriphistoria. Vi finn dei fleste konfliktane i relasjonane mellom karakterane. Det er konfliktar mellom Abraham og Sara, Abraham og Gud, Gud og Sara, Sara og Isak, og Abraham har ein konflikt med seg sjølv. Vi kan òg seie at Gud har ein liten konflikt med seg sjølv, særleg på slutten av scena. Konfliktane er det som gjer historia spennande for oss å lese, noko som òg gjer bibelhistoria til ein mindre interessant litterær tekst i dette høvet. Vi ser at desse elementa har blitt lagt til historia for at ho skal fenge og engasjere oss, på same måte som det berande spørsmålet i historia. Evans meiner dette òg er eit element som gjer at vi interesserar oss i historia og blir med på reisa heilt til slutten.(Evans, 2006) Vi vil vite kva som skjer, og i dette tilfellet, om Isak blir drepen av sin eigen far. Eit slikt spørsmål finn vi ikkje i bibelhistoria. Noko som igjen gjer at historia mister spenninga, i motsetnad til manuskriphistoria.

Karakterane er naudsynte i teaterteksten for å få fram handlinga. Utan dei ville vi ikkje hatt same inntrykk av historia, og vi hadde heller ikkje fått det same utbyttet av teksten. Manuskriphistoria syner karakteranes personlegdom gjennom replikkane deira, og i ein viss grad gjennom scenetilvingane. I bibelhistoria får vi ikkje noko særleg inntrykk av kven Abraham eller Gud er, av di vi ikkje får innblikk i deira kjensleliv. Det gjer vi i manuskriphistoria. Vi ser at Tryti Vennerød har lagt til personlegdomar i karakterane slik at dei blir meir interessante og slik at vi blir engasjerte i dei. Michael Evans meiner vi får informasjon om karakterane gjennom anten forfattarens kommentarar, karakteranes kommentarar om kvarandre, eller gjennom karakteranes handlingar.(Evans, 2006, s.146) I dette høvet finn vi karakterskildringar av alle dei tre typane. Når det står i ein scenetilving at Abraham græt, skjørnar vi at han er eit kjenslemenneske, noko bibelhistoria ikkje seier noko om. Når Sara seier til Abraham: ”Kvífor snakkar du slik? Du snakkar aldri slik”, får vi eit inntrykk av at Abraham oppfører seg unormalt i motsetnad til kva han pleier, gjennom det Sara seier. Og vi får eit inntrykk av at Sara er ei tøff dame, gjennom hennar åtak mot Gud. Hadde ikkje karakterane hatt ein tydeleg personlegdom, ville vi ikkje blitt like engasjerte i historia. Tryti Vennerød veit dette, og har difor skapt karakterar som vi anten likar eller

mislikar. Dette er klassiske dramaturgiske grep, som gjer lesarane interesserte og villige til å lese teksten ferdig.

Vi ser tydeleg korleis karakterane endrar seg frå bibelhistoria til manuskriphistoria. Dei endrar seg òg frå *Scene 10* til *Scene 9*. Replikkar blei fjerna frå *Scene 10*, og det gjorde at inntrykket av karakterane endra seg. Til dømes blei nokre av replikkane til Gud fjerna. Dei som blei fjerna, syna Gud som usikker og litt veik i si tilnærming til Abraham. I *Scene 9* blei Gud då presentert som meir autoritær på grunn av endringane. Replikken ”At min kjærleik går forbi det gruvsame” frå *Scene 10*, blei endra til ”At Guds kjærleik går forbi det gruvsame” i *Scene 9*. Denne endringa kan verke lita, men ho gjer at Gud snakkar direkte til oss. Han dreg oss inn i historia, og får oss til å reflektere meir over bodskapen i replikken. Vi såg òg at nokre av Sara sine replikkar blei fjerna frå *Scene 10*. Ein replikk som syna Sara som litt hjelpelaus, blei fjerna. Hadde denne replikken blitt berga, ville vi kanskje sett på Sara som meir smålåten i tilhøvet til Gud. Så sjølv om endringane frå *Scene 10* til *Scene 9* ikkje var kjempe store, ser vi at dei påverkar vår oppfatning av karakterane.

Arne Engelstad skriv om det naudsynte med å fokusere på det mediespesifikke når ein adapterer ein tekst. (Engelstad, 2007, s.17) Det vi har sett på over her, meiner eg er gode døme på kva som må til for å gjere ein bibeltekst om til ein teatertekst. Vi ser at det er lagt til mange element som ikkje finst i bibelteksten, for at historia skal passe inn i teateret. Manuskriphistoria er lada med kjensler, reaksjonar, dialog og ei spanande dramaturgisk oppbygging. Historia skaper spørsmål vi vil ha svar på, noko vi ikkje finn i bibelteksten. Eg prøver ikkje å seie at bibelteksten er keisam, men når vi samanliknar dei, kjem bibelteksten i skuggen på bakgrunn av dei døma eg har nemnt i avsnitta over.

Historia har òg blitt skrive om, slik at ho passar tekststrukturen i ein teatertekst, med replikkar og scenetilvisingar. Eller side- og hovudtekst som Egil Törnqvist kalla det. (Törnqvist 1991, s.9) Vi såg i analysen at ikkje alle scenetilvisingar var like meiningsberande. Men når nokre av dei blei fjerna, i omskrivinga frå *Scene 10* til *Scene 9*, blei oppfatninga av teksten annleis. Vi fekk inntrykk av at karakterane ikkje tok seg tid til å tenkje, og at deira resonnement kom på løypande band. Til dømes når Sara forstår at Abraham skal ofre Isak, ser vi at pausestrekane i *Scene 10* syner korleis ho brukar tid på å skjöne kva som skjer. Når desse då blir fjerna i *Scene 9*, verkar det som om ho oppfattar situasjonen med ein gong. Altså har sideteksten mykje å seie for korleis vi oppfattar situasjonen i teaterteksten. Desse

pausestrekane vil nok ikkje vere like tydelege på teaterscena, men når vi les teksten har dei stor verdi for vår tolking. Sjølv om sideteksten er viktig, er det likevel i hovudteksten – replikkane – handlinga ligg, og der vi får bilet av historia.

Peter Christensen Teilmann ser på moderne språkbruk i ein omarbeida tekst som eit forsøk på ei kopling mellom framsyning og publikum. Som kjent er framsyninga på Det Norske Teatret ei moderne tolking av *Bibelen*. I analysen såg vi på nokre døme på moderne ord og uttrykk som blei brukt for å skape ein referanse til notida. Dei moderne referansane, som til dømes ”helsestasjon”, gjer at vi skvett litt til, av di dei ikkje er forventa. Vi skvett litt til av di historia i seg sjølv og slik vi kjennar ho frå før, ikkje er veldig moderne. Vi har bibelhistoria og hennar kontekst i minnet, og vi assosierer ho til dømes med gamle menn med skjegg og kjortel. Dermed blir vi overraska når Abraham plutselig seier ”Har det klikka for deg?”, eller når Sara kjeftar og seier ”Kva er det slags new age- piss”. Dette er ord og uttrykk vi ikkje ventar å høre i ei bibelforteljing. Men teksten inneheld òg sitat frå bibelteksten. Desse er truleg tekne med for å kopla teaterteksten til bibelhistoria. Såleis er det replikkar som koplar historia til både samtid og til *Bibelen*. Som vi såg tidlegare, er ekteskapet til Sara og Abraham òg relativt moderne, i den forstand at Sara har autoritet i tilhøvet, og at ho ikkje er redd for å kjefta på mannen sin. Språket, ekteskapet og den sterke kvinnerolla er nokre av tinga som koplar historia til samtid, og dei gjer at vi som leserar blir meir knytt til ho.

I undersøkinga av teatertekstens utvikling, har vi sett kor mykje som har blitt endra i han i løpet av arbeidsprosessen i teateret. Utviklinga av teaterteksten synar han som ein ustø storleik. Med det meiner eg at han er særskilt påverkeleg, og spesielt av sceneprøvane. Etter at til dømes skodespelarane har lese teaterteksten og så testa korleis han fungerer på scena, kan dei gå attende til teksten og endre han. I analysen såg vi døme på at både replikkar og scenetilvisingar blei fjerna, og vi har sett korleis dette kan endre oppfatninga vår av både historia og karakterane. Under arbeidsprosessen i teateret, er ikkje teksten stø av di han er så avhengig av det som skjer på scena. Likevel vil eg påstå at teaterteksten berre er ustø når han er på teateret og blir brukt i ein arbeidsprosess. Før teksten blir ein del av arbeidet med framsyninga, vil han stå relativt sjølvstendig, av di han ikkje vil bli endra på. Men når han entrar teateret, endrar teatertekstens status seg, til ein meir ustø storleik. I neste kapittel skal vi undersøke tolkingsfellesskapet kopla til den ustø teaterteksten.

4 Tolkingsfellesskapet

Vi skal nå sjå på korleis tolkingsfellesskapet i teateret fungerer. Informantane undersøkinga tek utgangspunkt i, er regissør Stein Winge, dramaturg Carl Morten Amundsen, dramatikar Maria Tryti Vennerød, og skodespelarane Marianne Krogh (som speler Sara), Bernhard Ramstad (som speler Abraham), og Bjørn Sundqvist (som speler Gud). Deira svar på spørsmåla i intervjuet, er utgangspunktet for undersøkinga av tolkingsfellesskapet.⁸ Vi skal sjå korleis desse menneska passar inn i eit tolkingsfellesskap, samstundes som vi skal sjå kva slags tolkingsfellesskap dei er ein del av. For å kunne få eit bilet av kva slags tolkingsfellesskap desse menneska er ein del av, meiner eg det er tenleg å sjå på deira eigne tolkingar av *Scene 10*⁹, før vi ser på potensielle årsakar til kvifor dei tolkar som dei gjer. Vi skal først sjå på kva informantane synest om dei strukturelle einingane i teksten, til dømes scenetilvisingane og replikkane, og deretter gå nærmare inn på deira tolkingar av teksten.

Struktur med meir

Som vi såg i tekstanalysen var det få scenetilvisingar i *Scene 10*, og for å finne ut kva rolle dei spelar for informantane, har eg difor lurt på kva dei synest om det. Skodespelar Marianne Krogh spelar Sara i *Scene 10*. For ho er det viktig at ho får spelerom på scena til å livgjere karakteren sin, og meiner difor ikkje at scenetilvisingane er særskilt viktige. (Marianne Krogh, intervju 8.januar 2013) Ho meiner scenetilvisingane er meir som kommentalar frå dramatikaren om korleis framsyninga kan bli sjåande ut, og at det ikkje er noko dei på teateret treng å ta mykje omsyn til. Nokre scenetilvisingar kan verke påtrengjande på framsyninga, meiner Krogh, samstundes som andre kan fungere som hjelpemedel for skodespelarane. Som regissør er Stein Winge særskilt glad for at det ikkje er mange scenetilvisingar i *Scene 10*. Han meiner det gjer at teksten er lettare å jobbe med, og gjer det visuelle arbeidet hans enklare, i den forstand at han får meir spelerom for sine eigne tolkingar utan å måtte tenkje på kva dramatikaren har tenkt. (Stein Winge, intervju 10.januar 2013) Bernhard Ramstad, som spelar Abraham, synest òg at manuskript med få scenetilvisingar er frigjerande, av di det gjer at han sjølv kan gjere kva han vil på scena utan å måtte ta omsyn til dramatikaren. (Bernhard

⁸ Intervjuguide ligg ved bak i oppgåva.

⁹ Intervjuguiden tek utgangspunkt i *Scene 10*, av di *Scene 9* ikkje var tilgjengeleg for meg før intervjuet blei gjort.

Ramstad, intervju 8. & 10.januar 2013) Skodespelar Bjørn Sundqvist fortel at han har ein tendens til å stryke scenetilvisingar, fordi han let kroppen reagere naturleg på det som skjer på scena. (Bjørn Sundqvist, intervju 16.januar 2013) Og jo færre tilvisingar det er i teksten, jo friare kan kroppen hans gjere som den vil. Dramaturg Carl Morten Amundsen meiner det ikkje er dramatikarenes jobb å fortelle korleis scena skal sjå ut, og derfor burde scenetilvisingane avgrensast til det minimale. (Carl Morten Amundsen, intervju 9.januar 2013) Han seier at det er dialogen og det verbale i teksten som er det viktigaste ein dramatikar skal formidle. Men han meiner likevel at dramatikaren må bruke scenetilvisingar i dei tilfella der ein situasjon kan bli misforstått. Maria Tryti Vennerød har skrive *Scene 10*, og ho veit at bruken av få scenetilvisingar gjer regissøren glad. Ho seier sjølv at scenetilvisingar ikkje er naudsynte i teksten, med mindre dei er høgst relevante for tolkinga av teksten. (Maria Tryti Vennerød, intervju 14.januar 2013)¹⁰

Vi kan sjå her at alle informantane er samde om at scenetilvisingar ikkje alltid er naudsynte for ein teatertekst. Det verker som dei eigentleg ikkje vil ha scenetilvisingar i det heile, fordi dei set grenser for den kreative handlefridomen både skodespelarane og regissøren treng på scena. Det informantane er opptekne av i teksten, er handlinga og dialogen, og ikkje korleis dramatikaren vil at dei skal røre på seg på scena. Vi får òg eit inntrykk av at skodespelarane ser på scenetilvisingane som eit påbod frå dramatikaren, i den forstand at han/ho fortel dei korleis dei skal utføre jobben sin. Dette kan tyde på at dei tidlegare har jobba med dramatikarar som har skrive mange scenetilvisingar, noko dei ikkje meinte var tenleg for framsyninga. Men i dette tilfellet har ikkje det vore noko problem, av di Tryti Vennerød kjenner til teaterverksemda, og veit at ho ikkje skal legge fleire føringer i teksten enn naudsynt. Ho meiner scenetilvisingane er viktige der dei kan hjelpe til med tolkinga av teksten. Så vi kan seie at Tryti Vennerød ikkje legg føringer for korleis skodespelarane eller regissøren skal framstille teksten på scena, men ho gir lesarane føringer på korleis teksten burde bli tolka.

I *Scene 10* har Maria Tryti Vennerød skrive inn direkte sitat frå bibelteksten om ofringa av Isak. Ho har òg skrive inn fleire kraftuttrykk, spesielt til Sara-karakteren, og andre moderne ord, som vi såg i tekstanalysen. Tryti Vennerød brukte berre ei veke på å skrive *Scene 10*, som ho meiner er ein særskilt kort skriveperiode. Dramatikaren tok difor mange impulsive val i høve

¹⁰ Datoane for intervjua vil berre bli viste til her, ettersom informasjonen frå intervjuer berre tek utgangspunkt i desse. Altså er det ikkje naudsynt å gjenta referansane.

til teksten. Ho seier sjølv at både sitata frå bibelhistoria, kraftuttrykka og dei moderne elementa ikkje var gjennomtenkt, men at dei var naturlege å ta med i augneblinken. Sjølv om Tryti Vennerød ikkje har noko djupare forklaring på kvifor dette er med i teksten, meiner dei andre informantane at desse elementa gjer teksten god og spennande. Dramaturgen, Amundsen, meiner sitata frå Bibelen gir teksten intensitet, og han meiner språket er opphøgd til eit teatermessikt nivå. Bjørn Sundqvist meiner sitata frå Bibelen er tekne med for å gjere bibelhistoria relevant for vår tid, slik at det blir ei kopling mellom da- og nåtida. Han meiner språket er musikalsk, noko som gjer at det blir naturleg på ei scene. Bernhard Ramstad meiner sitata gir klare referansar til kor historia kjem frå, og at teksten blir kopla direkte til *Bibelen*. Han meiner språket er dramatisk-poetisk, og han skildrar òg språket som opphøgd. Stein Winge har ikkje reflektert noko over sitata frå bibelen, fordi han har sett på heile teksten som moderne. Han har altså ikkje fått med seg at nokre av replikkane er henta direkte frå *Bibelen*. Han meiner språket er poetisk, naturleg og opphøgd, og at det gir mykje mening. Marianne Krogh trur det er Sundqvist som har teke med sitata frå Bibelen, og at det er eit resultat av hans påverknad. Sundqvist les direkte frå *Bibelen* på scena, og på bakgrunn av det meiner Krogh det er grunnen til at sitata er tekne med. Ho likar replikkane i teksten fordi dei er så godt formulert, og at dei inneheld mykje sjølv om det ikkje står så mykje på papiret. For alle informantane er banninga i *Scene 10* ein naturleg del av situasjonen som skjer i scena. Nokre av dei har ikkje tenkt over at det blir banna i teksten, mens andre meiner det er fint å sjå Sara så kraftfull. Andre meiner det òg er ein heilt naturleg reaksjon, utifrå den situasjonen Sara er i, og at det representerer det moderne mennesket.

Det eg meiner er mest interessant her, er at dramatikaren ikkje har vore medviten i dei vala ho har teke, samstundes som nokre av dei andre i fellesskapet likevel har tolka inn ei djupare mening. Dette kan seie mykje om kor intuitiv Tryti Vennerød er i arbeidet sitt. Samstundes kan det òg syna at informantane har ein trong til å finne mening med ting, og difor overtyder teksten. Det kan òg vere på grunn av deira arbeidsmetode, altså at dei søker mening i teksten for enklare å kunne setje seg inn i handlinga som skjer. Krogh trudde det var Sundqvist som hadde tatt valet om å bruke sitat frå bibelhistoria. Ho visste ikkje at dette var eit grep frå dramatikaren sin side. Årsaka til dette kan vere at Krogh har sett korleis Sundqvist jobbar med teksten på scena, altså at han les frå *Bibelen*, og difor trakk den konklusjonen. Dette fortel oss at Krogh meiner Sundqvist har stor påverknad på tekstarbeidet, at ho gir han åtgauam for noko ein annan er ansvarleg for. Krogh legg kanskje ikkje like mykje mening inn i dei vala som har blitt tatt, som dei andre. Det ser ut som ho har eit meir praktisk syn på dette, altså at

bruken av bibelsitata var resultat av ei sceneprøve. Mens i realiteten var det noko dramatikaren fant på, meir eller mindre medvite.

For å forstå deira syn på *Scene 10*, spurde eg informantane om kvifor det var ei viktig scene å ha med i historia om *Bibelen*. Marianne Krogh meiner den er viktig fordi den handlar om Guds urimelege krav til mennesket. Scena syner fleire sider ved Gud, meiner Krogh, samstundes som den fortel om hans krav om ei anna type tru og tanke hos menneska. Winge meiner scena er viktig fordi ho inneheld viktige personar frå bibelhistoria, og fordi handlinga skildrar ei moderne ekteskapskonflikt. Winge meiner òg det er viktig å få syna det menneskelege ved Gud. Bernhard Ramstad meiner scena syner kor viktig Abraham er for bibelhistoria og religionshistoria, i tillegg til at den tek opp spørsmålet om kor langt ein er villig til å gå for trua si. Altså er scena tankevekkjande for Ramstad. For Sundqvist, som spelar Gud, er scena viktig fordi ho fortel om den totale tru og om overgjeving. Altså at Gud reddar deg uansett kva du held på med, og at ein rett og slett skal stola på Gud. Amundsen meiner at det opprørande ved historia gjer at scena forsvarar plassen sin i manuskriptet. Han meiner historia plasserer seg langt unna ein moderne tenkemåte, i høve til kravet Gud stiller. For Tryti Vennerød er det frampeiket til ofringa av Jesus som er viktig, og kjærleikskravet som ho kallar det. Ho meiner scena syner korleis kjærleiken, eller Gud, krev total underkasting.

Meiningane om *Scene 10* er forskjellige, som vi kan sjå over her. Vi ser at både Winge og Ramstad trekkjer fram det viktige ved menneska i historia, og korleis dei er sentrale i historia om *Bibelen*. Marianne Krogh meiner scena synar det gruvsame hos Gud, og meininga bak påbodet hans, noko Amundsen òg er samd i. For både Sundqvist og Tryti Vennerød handlar det meir om overgjeving til Gud, og at du må stole på han uansett kva han krev av deg. Vi ser allereie her tydlege teikn på korleis dei tolkar historia forskjellig. Og vi kan ane kvifor dei tolkar så forskjellig, men dette kjem eg tilbake til seinare i kapittelet.

Fortolking

Under intervjuet spurde eg informantane kva dei synest om dei forskjellige karakterane i *Scene 10*. Deira syn på karakterane vil syne korleis dei har tolka karakterane, og dette vil igjen gi oss meir informasjon om tolkingsfellesskapet. Vi byrjar med å sjå på kva dei meiner om Sara.

Sara

Amundsen meiner det er viktig at Sara er med i historia fordi ho representerer moderskapet, og at ho kan gi teksten ei kvinneleg stemme, som i utgangspunktet ikkje var der. Han synest ho er ei tøff dame, og seier kva ho meiner. Ho syner eit opprør, meiner Amundsen. Sundqvist seier at Sara er ei ur-mor, som er villig til å døy for sitt barn. Ho er sterk, og er ikkje redd for ein kamp med Gud. Han ser på henne som ei heltinne i historia. Ramstad meiner Sara har fått ein fortent plass i historia, med tanke på kor viktig ho er i historia om Abraham og Isak sitt liv, og i deira familiehistorie. Han meiner ho er ei dame med bein i nasa, og som ikkje er redd for å snakke imot mannen sin. Winge meiner det er naturleg å ha Sara med i scena fordi historia skal portrettere eit moderne par. Han seier ho er intenst til stades, at ho er intelligent, ikkje minst fordi ho synest at mannen hennar er ein "sosekopp". Krogh meiner Sara er teken med for å syne kvinnerolla i historia, og fordi ho representerer eit trusspørsmål, av di ho får lov av Gud til å få barn når ho er så gammal. Sara representerer mora si stemme i situasjonen, meiner Krogh. Ho synest òg at Sara er steil og tøff, og at rolla er utforma på ein fin måte. Når Tryti Vennerød har skrive karakteren, har ho tatt omsyn til kva slags rolle teateret ville at Sara skulle vere - at ho skulle tørre å seie imot både Gud og mannen sin. Og ho har sett seg inn i den pressa situasjonen Sara er i når ho har utforma karakteren. Vi ser her at fellesskapet er samde om at Sara er ei tøff dame som tør å seie ifrå. Alle informantane har eit positivt syn på Sara, og det verker som dei likar det karakteren representerer.

Abraham

Krogh meiner Abraham er veldig lojal, men at han sviktar som familiefar. Winge meiner han er ein puslete ektemann, litt rotete og feig. Han meiner det er Sara som er den sterke personen i forholdet. Ramstad seier at han kjenner seg igjen i kjærleiken Abraham viser sonen sin, av di han sjølv nett har blitt bestefar. Ramstad meiner Abraham har därleg samvit andsynes Gud, og at tilliten mellom dei er skjør. Og at Abraham ikkje veit korleis han skal halda seg til påbodet frå Gud. Bjørn Sundqvist synest Abraham er eit menneske, og at dei menneskelege trekka hos Abraham er noko alle kan kjenne seg igjen i. Sundqvist meiner òg at han er usikker i trua si, og tvilar på seg sjølv, noko som skuffar Gud. Amundsen meiner Abraham syner kjensler fordi Tryti Vennerød forsøker å forsvare ham i teksten. Han meiner at sidan Abraham gjer som Gud vil, så godtek han at pakta dei har inngått er gjensidig. Han meiner Abraham stolar på Gud likevel, noko Sara ikkje skjønar. Tryti Vennerød meiner òg at Abraham er menneskeleg. Ho

seier ho har fargelagt karakteren frå *Bibelen*, og ho meiner at det viktige i scena er hans tilhøve til Gud. Informantane er ikkje like eintydige i syna sine om Abraham, som dei er om Sara. Det verker som dei alle kan setja seg inn i Sara sin posisjon og forstår kvifor ho er slik ho er. Det er ikkje like lett å forstå Abraham, fordi han godtek å utføre ei så gruvsam handling. Samstundes ser vi at både Sundqvist og Tryti Vennerød skildrar han som menneskeleg. Dei meiner det er menneskeleg å tvile på seg sjølv og på trua si. Det kan verke som dei forsvarar Abraham i hans val, og at dei forstår kvifor han underkaster seg Guds påbod. I motsetnad til tolkingane av Sara, ser vi at nokre i fellesskapet har eit meir negativt syn på Abraham. Ei mogleg årsak til dette, kjem vi tilbake til seinare i kapittelet.

Gud

Amundsen meiner Gud har mist makta si på slutten av scena. Han bli audmjuka av Sara, og Amundsen meiner han får menneskelege trekk fordi han gret. Amundsen trur han blir lei seg når menneska ikkje stolar på han. Bjørn Sundqvist, som spelar Gud, vil at han skal vere lett og flytande, og meiner at Gud ikkje vil gjere vondt mot menneska fordi dei er hans barn. Gud har fått menneskelege trekk, synest Sundqvist, noko som gjer at Gud blir skuffa og fortvila, som igjen gjer at han gret. Sundqvist seier Gud er nådelaus i sine krav, men at krava er laga for at menneska igjen skal sette krav til seg sjølv. Sundqvist forsvarar Gud, og seier han har problem med menneska. Ramstad synest Gud er ein stor dritsekk, og samstundes at han er usikker på vala han tar. Han synest òg at han verkar manisk når han plagar Abraham. Winge vil at Gud skal vere blant menneska og vere meir tilgjengeleg for publikum. Han meiner at Gud ikkje har det så enkelt, men at han samstundes er stakkarsleg når han plager Abraham for å få prov på trua hans. Krogh meiner Gud mislukkast med Sara, noko som provoserer fram dei menneskelege trekka ved han. Ho trur Gud kjenner på sine eigne manglar, og ho synest han er heilt jævlig i *Scene 10*. Tryti Vennerød ser på Gud som eit uttrykk for skaparverket og kjærleiken, og ho meiner han er større enn alt, noko som gjer at han kan be om slike påbod frå menneska. Ho har skrive teksten utifrå tanken om at Gud er kjærleik, noko som kanskje gjer at ho forsvarar han. Igjen ser vi tydelege teikn på at syna på karakterane er ulike. Tryti Vennerød og Sundqvist prøver å forsvare Gud, noko som seier mykje om deira syn på han. Nokre meiner han er ynkeleg, og det verkar som dei ikkje forstår kvifor Gud ber Abraham om å ofra sonen sin. Vi ser igjen ein skilnad i tolkingane, mellom dei som har ei positiv og ei negativ haldning til Gud.

Informantane har sine eigne tolkingar av historia. Men dei er alle samde om at det er regissøren og hans ”visjon” som er viktigast for framsyninga. Altså er det regissørens tolking som blir høgast prioritert i arbeidet med teksten. Dette kjem tydeleg fram når både Winge og Amundsen snakkar om byrjinga av arbeidet med *Bibelen*. Winge seier at dei gjer framsyninga i hans bilet. Dette biletet kjem frå ein diskusjon mellom blant anna Winge, Amundsen og scenograf Tine Schwab. I den første arbeidsfasen med framsyninga, laga dei ei felles tolking av historia, og korleis dei ville fortelle ho. Denne tolkinga gav dei vidare til dramatikaren, som deretter måtte skrive utifrå det biletet. Til dømes fekk Maria Tryti Vennerød instruksar frå teateret om at dei ville ha Sara med i historia om ofringa av Isak, og dei ville at ho skulle vere sint på Gud. Tryti Vennerød var motvillig til dette, og ville ikkje la dei styre korleis ho skulle skrive karakteren. ”Eg trudde at eg var så rampete, men så gjorde eg eigentleg akkurat som eg vart bedd om.” Altså ligg det ei allereie formulert tolking bak alle tekstane som har blitt skrivne. Gjennom intervjua kom det fram at alle informantane var klar over dette. Og sjølv om dei har sin eiga tolking av teksten, følgjer informantane den allereie vedtekne tolkinga i framsyninga.

Årsaka til at desse tolkingane er ulike, kan ha noko med bakgrunnen deira å gjere. Eg vil nå sjå på kva føresetnadar informantane har for å gjere dei tolkingane vi har lest over her. Ved å sjå på deira bakgrunn, utdanning, tilhøve til Det Norske Teatret og religiøse syn, kan vi finne ut korleis dei er ein del av tolkingsfellesskapet, samstundes som det kan gi oss informasjon om kva som skil dei frå kvarandre.

Bakgrunn

Først skal vi sjå på bakgrunnen til informantane. Bakgrunnsinformasjonen eg har samla inn, kan fortelle oss om utgangspunktet for korleis desse menneska dannar tolkingsfellesskapet. Informasjonen om bakgrunnen deira vil såleis kunne syna kva det er i fortida deira som gjer at dei passar inn i same fellesskap.

Informantane har relativt ulik utdanning. Skodespelarane Marianne Krogh og Bernhard Ramstad har begge gått på elevskule gjennom eit teater. Bjørn Sundqvist og Stein Winge har gått på Statens Teaterhøgskule der dei vart utdanna skodespelarar. Carl Morten Amundsen og Maria Tryti Vennerød er dei einaste utan ferdig utdanning, men vi kan seie at dei har utdanna

seg gjennom arbeid og erfaring frå teaterverksemda. Dei har altså forskjellig utdanning, men er likevel ein del av same tolkingsfellesskap. Det som bind dei saman på dette punktet, er tilknytinga til teater og teaterverksem. Informantane har alle jobba innanfor teaterverksem gjennom mesteparten av karrierane sine, noko som gjer at dei har kunnskap om institusjonen og korleis konvensjonane der er.

Ut frå intervjeta fann eg ut at alle på eit tidspunkt ville bli skodespelarar. Tre av informantane jobbar framleis som skodespelarar, medan regissør Stein Winge er utdanna skodespelarar. Både Carl Morten Amundsen og Maria Tryti Vennerød prøvde å kome inn på Statens Teaterhøgskule, og sjølv om dei ikkje kom inn, syner dette at alle saman hadde eit ynske om å stå på scena. Dette kan tyde på at dei alle har ei kreativ og leiken side. Ynske om å vere skodespelar kan gi dei som ikkje jobbar direkte på scena, ei slags tilknyting til skodespelarane og deira syn på teatertekst, ved at dei kanskje lettare kan setje seg inn i skodespelarane arbeid. Kanskje det er dette ynsket som gjer at dramaturgen og dramatikaren passar så godt inn på teateret, fordi dei deler ei uttrykksform og ei innsikt som òg dei utdanna skodespelarane har.

Dei fleste av informantane har vore fascinerte av teater sidan barndommen. Stein Winge vaks nesten opp innanfor teaterverda, og dei fleste av informantane hadde sitt første møte med teater då dei var mellom to og ti år gamle. Marianne Krogh er den einaste som gjekk på vidaregåande skule då ho først fikk interessa for teater, noko som kanskje er årsaka til at ho snakkar annleis om si første teatererfaring enn dei andre. Når dei andre informantane skildrar sitt første møte med teateret, brukar dei uttrykk som: det var fengande, magi, eg blei hekta, intens moro, det var ein hugnad ved det. Krogh har eit annleis forhold til det, og seier at ho blei skodespelar fordi ho ville vere synleg. Ikkje fordi ho opplevde noko magisk på scena. Ho fekk ikkje noka openberring: ”Nei, det var heller det at det var gøy å stå på scena, og om du har den blanke sjølvtilletten der så går det gjerne vegen.” Det kan vere på grunn av alderen at Krogh har eit anna syn enn dei andre. Ettersom Krogh såg teater første gong då ho gjekk på vidaregåande, kan det vere at ho ikkje såg på det med dei same barnlege auga som dei andre. Altså, at ho ikkje fekk det same ”magiske” møtet med teater som dei andre gjorde, og heller såg på det meir som ein arena for å gjere karriere. Noko vi kan seie gjeld for alle informantane i seinare tid.

Ettersom dei jobbar med ein religiøs tekst i høve til framsyninga av *Bibelen*, spurde eg om dei hadde vore borti religiøse tekstar i teatersamanheng tidlegare. Dei fleste av dei har vore med i framsyningar som har eit religiøst tema eller undertekst, men ikkje ei framsyning som er så direkte knytt til Bibelen. Winge har mellom anna sett opp kyrkjespel, og Amundsen har òg vore med på framsyningar i kyrkjer. Sundqvist syner til *Brand* av Henrik Ibsen, der protagonisten er særslig religiøs. Men ingen av informantane har vore med på noko som byggjer på ein religiøs tekst, slik *Bibelen* gjer. Dette er med andre ord ei ny erfaring for informantane, noko som gjer at dei står relativt likt i utfordringa med tekst- og tolkingsarbeid.

Om Det Norske Teatret og tekstsamarbeid tidlegare

Tolkingsfellesskap kan vere kopla til institusjonar, og eg har difor valt å spørje informantane mine om deira tilknyting til Det Norske Teatret. Det er stor skilnad på kor lenge den enkelte har vore tilknytt teateret. Krogh har til dømes vore kopla til Det Norske Teatret heilt sidan ho gjekk på elevskule der i 1978. Ramstad har vore inn og ut av dette teatret sidan 1989, altså for mesteparten av karrieren sin. Sundqvist jobba der fast i 17 år, og har jobba der sidan, som frilansar. Både Tryti Vennerød og Winge debuterte på Det Norske Teatret, høvesvis som dramatikar og regissør, og har begge hatt tilknyting til teateret etter det. Vi ser at dei fleste har vore kopla til teateret gjennom mesteparten av karrierane sine. Den einaste som er relativt fersk på Det Norske Teatret, er Amundsen, som starta jobben som dramaturg der i 2012. Men Amundsen har likevel jobba med fleire framsyningar i løpet av den tida, så han har god kjennskap til institusjonen. På ein måte kan vi seie at alle informantane har tilstrekkeleg kunnskap om korleis dette aktuelle teateret jobbar med framsyningar og teatertekst.

Dei jobbar ikkje alltid likt med teksten likevel. Amundsen seier tekstarbeidet varierer etter kven regissøren er, og kva han/ho ynskjer. Både Sundqvist, Ramstad og Krogh seier at dei jobbar aleine med teksten, men at dei samarbeider med regissør og andre skodespelarar, spesielt i prøveperioden. Regissør Winge seier at han likar å jobbe med teksten sjølv, og helst i papirform. Han likar ikkje å jobbe digitalt, så om han skal kutte i ein tekst, så tek han fram saks og lim, og konstruerer teksten med eigne hender. Tryti Vennerød jobbar som regel aleine med teksten ho skriv, men får ofte tilbakemeldingar frå teateret i skriveprosessen. Så vi kan seie at dei fleste jobbar ofte aleine med tekst, men samstundes samarbeider dei om det er noko dei vil endra eller ha tilbakemeldingar på. Den dei fleste vil samarbeide med, er regissøren,

mens regissøren vil samarbeide med scenografen, og til tider dramaturgen. Felles for skodespelarane, regissøren og dramaturgen er at dei får eit betre bilet av korleis teksten fungerer når dei testar han ut på scena. Altså brukar dei scenearbeid for å sjå om teksten fungerer i praksis, og gjer han ikkje det, endrar dei han.

Om Bibelen

På bakgrunn av at framsyninga og teaterteksten byggjer på ein, i utgangspunktet, religiøs tekst, og i dette tilfellet *Bibelen*, har eg spurt informantane om deira tilhøve til boka. Denne informasjonen kan gi oss kunnskap om deira utgangspunkt for tolkinga av *Scene 10*. Både Ramstad og Krogh gjekk på søndagsskule då dei var barn, men dei har ikkje vore opptekne av bibelhistorie noko særleg etter det. Ramstad har meldt seg ut av Statskyrkja, og ser på bibelen som ein litterær tekst, framfor ein religiøs. Krogh hugsar ho syntest at bibelhistoriene var skumle og det minte henne om Brødrane Grimm-historier. Begge skodespelarane har lese i *Bibelen* i samband med framsyninga, og finn mange av historiene spennande. Det same synest Winge, og han finn det gamle testamentet særslig interessant, fordi han meiner det er mykje "action" der. Sundqvist hadde ikkje noko tilhøve til *Bibelen* tidlegare. For han var det berre ein bok som alltid låg på hotellromma han sov på. I ettertid har han fått ny respekt for boka, og kome fram til at han er religiøs. Tryti Vennerød såg på *Bibelen* som eit historisk dokument, eller ein litterær tekst. Ho tenkte ikkje at det var Guds ord, men i arbeid med boka no, har ho funne mening i han og noko ho kallar hennar sanning. Amundsen har for sin del lese i *Bibelen* tidlegare og har vore kjent med bibelhistorie sidan barndommen. I samband med framsyninga har han lese igjennom heile *Bibelen*.

Vi ser at det er forskjellige utgangspunkt blant informantane. Både Sundqvist, Tryti Vennerød og Amundsen kallar seg sjølve for religiøse, men meir på eit personleg plan. Kva det betyr er ikkje godt å seie, men dei trur på Gud og Jesus. Winge kallar seg sjølv kvasireligiøs: "Om eg skal definere det så trur eg sjølv sagt ikkje på Gud og Satan og alt det tullet der, men eg trur at Jesus har eksistert og at han har vore eit genialt talent." Krogh seier for sin del at ho ikkje er særleg religiøs, sett bort frå at døden verkar skremmande. Ramstad kallar seg sjølv ateist, og stiller seg uforståande til dei som trur på alt dei les i *Bibelen*. Vi ser jo her at informantane ikkje deler den same trua eller livssynet. Og dette kan vere ein av grunnane til at synet deira på historia om ofringa er så forskjellig. Vi såg at særleg Tryti Vennerød og Sundqvist hadde

eit anna syn på Gud og Abraham enn dei andre informantane. Eg trur deira religiøse tru er årsaka til dette, og gjer at deira tolking av historia er meir retta mot det moralske enn dei andre tolkingane.

Om tekst

For å skjonne korleis dei tolkar teatertekst som eit fellesskap, såg eg det som tenleg å spørje informantane kva dei meiner ein tekst er. Marianne Krogh ser på teksten som eit høve eller eit utgangspunkt, men mest av alt som ein reiskap. Ho seier at ho vil bli kvitt han, gjennom å lære seg han. Stein Winge kallar tekst for mat, og noko han får inspirasjon frå. Han likar å lese det han kallar gode bøker, og seier dei gir han innsikt og bilet. For Bernhard Ramstad er tekst eit utgangspunkt, som han bruker for å kunne fortelle eit publikum ei historie med mening. For Sundqvist er ein tekst noko han kan få mykje informasjon av, og han er oppteken av poesi der han kan få meir informasjon frå underteksten enn det som faktisk står der. Så vi kan seie at for han er teksten eit tolkingsmedel, som opnar for ei djupare mening. For dramatikaren Tryti Vennerød er tekst noko som utspelar seg i underteksten. Der mening oppstår i relasjonane mellom karakterane. Amundsen har eit særskilt fysisk tilhøve til tekst. Han seier at det er trykksverte på papir, som dei i teateret skal bruke til noko, altså lage ei framsyning.

For dei fleste av informantane verker det som om teksten er viktig, men at dei likevel berre ser på han som eit utgangspunkt for framsyninga. Teksten i seg sjølv er ikkje særleg viktig, fordi det er på scena det skjer. Det er tydeleg ei allmenn semje blant informantane at framsyninga blir betre om teksten er god, men at det samstundes er på scena teksten blir framført, og at den dermed er avhengig av det visuelle. Bjørn Sundqvist meiner likevel at om teksten er verkeleg godt skriven, treng han ikkje spele mykje på scena, for då snakkar teksten for seg sjølv. For Tryti Vennerød er teksten viktig av di ho er dramatikar. For ho er det ikkje så viktig kva slags utsjånad teksten hennar får på scena, fordi ho meiner teksten kan leve utanfor teateret òg. Altså at teksten har sitt eige sjølvstendige ”liv”. Vi kan seie at Tryti Vennerød er den einaste som set teksten høgare enn framsyninga, og ho gir teksten sin eigen verdi. Vi skjønar at det er på grunn av jobben hennar. Medan dei andre brukar han som eit utgangspunkt for framsyninga. Krogh meiner dette kan vere litt skremmande for nokre dramatikarar fordi: ”i augneblinken vi får teksten, så er han på ein måte framsyninga sin.”

Dei har alle forskjellige måtar å jobbe med teksten på. For Marianne Krogh handlar det ofte om å analysere teksten for å komme ned på eit djupare plan. Ho vil kjenne handlinga og meininga med teksten før ho går laus på karakteren ho skal spele. Analysen Krogh gjennomgår, gjer òg at ho finn årsaka til kvifor hennar karakter reagerer og gjer som ho gjer i historia. Ramstad likar òg å få oversikt over handlinga og historia før han fordjupar seg i karakteren sin. For regissør Winge handlar tekstarbeidet mest om å visualisere teksten på scena. Han startar med å få oversikt over historia, og så lagar han biletet av korleis han vil at scena skal sjå ut. Tryti Vennerød prøver å finne historia før ho går laus på replikkane. For Amundsen er òg det store biletet av framsyninga viktig i tekstarbeidet. Han jobbar mest med å analysere teksten og finne fram til ei tolking som han og regissøren meiner er tenleg for framsyninga. Altså er dei ikkje detaljorienterte i tekstarbeidet sitt. Dei ser på heilskapen, og underteksten i historia, før dei går laus på replikkar og scenetilvisingar. Vi kan seie at forståinga av og overblikket over historia dei skal fortelle, er særsviktig for informantane, mest sannsynleg fordi det gir dei kunnskap om korleis dei skal målbere teksten.

For å få eit innblikk i korleis dei tolkar tekst, har eg spurt korleis dei tolkar tekst når dei les. Noko som kanskje ikkje er så lett å svare på, ettersom det er ikkje vanlegvis noko ein reflekterer så mykje over. Carl Morten Amundsen får biletet i hovudet, samstundes som han ser på replikkane og prøver å fange opp meininga med historia. For Tryti Vennerød er det nåtida i historia ho ser på først, fordi det er òg det ho synest er mest interessant ved tekstar. Sundqvist får klare biletet i hovudet, samstundes som han assosierer mykje rundt teksten og kva underteksten kan vere. Ramstad ser føre seg biletet han òg, og han prøver å sjå eit uttrykk på scena gjennom det han les. Men han seier samstundes at han likar å sjå heilskapen i teksten, noko han synest er vanskeleg når han veit kva rolle han speler. Winge meiner han ikkje tolkar teksten når han først les han. Han seier han ikkje prøver å forstå teksten med ein gong, men lar han sitje litt. Deretter lagar han biletet av korleis han vil ha det på scena. Og for Krogh er det underteksten som er viktigast, der ho igjen vil fram til kva karakterane eigentleg meiner når dei snakkar, på eit djupare plan. Ho prøver ikkje å sjå teksten føre seg på scena, for ho meiner at det kjem av seg sjølv når ho har jobba med han. Vi kan seie at dei fleste er visuelle i tolkingane dei gjer, av di dei ser føre seg biletet av det dei les. Årsaka til dette kan vere på grunn av det særsviske visuelle arbeidet dei vanlegvis gjer med teksten, og av di målet med arbeidet dei gjer med teksten, er framsyninga.

Oppsummering

Målet med denne granskinga er å sjå om vi kan finne eitt tolkingsfellesskap som famnar om alle informantane. Stanley Fish meiner tolkingsfellesskap ofte er knytt til institusjonar, der dei som er kopla til ein institusjon, vil ha ei forståing for praksisen og konvensjonar som gjeld for han.(Fish, 1980, s.306) Det er tydeleg at informantane har det. Informantane har same syn på sideteksten, i den forstand at dei ikkje vil ha for mykje av det i teaterteksten. Språket i *Scene 10* likar dei godt, og dei er samde om at det er framsyninga som har høgast verdi i teateret, ikkje teksten. Dei er òg alle samde om at regissøren har den viktigaste rolla i arbeidsprosessen med teksten og framsyninga, ettersom historia blir framstilt frå hans synsvinkel. Vi forstår at informantane har blitt påverka av institusjonen teater gjennom deira arbeidserfaring. Dette gjer at dei er trygge på teaterverksemda og veit korleis praksisen i teateret fungerer. Men denne informasjonen konstaterer ikkje at informantane er ein del av eitt felles tolkingsfellesskap. Dette trur eg berre dreiar seg om at det er slik teaterverksemda fungerer, og at dei dermed har kunnskap om desse tinga. Denne informasjonen er det vi kan kalle underforstått, av di den kjem naturleg for informantane. Likevel kan vi seie at det er denne kunnskapen om teaterverksemda som skaper grunnlaget for tolkingsfellesskapet. Utan den, kunne ikkje informantane ha vore sikre på kva som blir venta av dei i arbeidsprosessane i teateret. Sidan grunnlaget for å danne eit tolkingsfellesskap er så likt blant informantane, skulle vi kanskje tru at tolkingane deira blei meir like enn dei er.

Vi ser at informantane bruker tilnærma like tolkingsstrategiar i tolkinga av Sara. Dei har alle eit positivt syn på henne, og dei forstår at ho blir sint på Gud, av di ho blir sett i ein slik sårbar og smertefull situasjon. Dette kunne kanskje vore nok til å karakterisere dei som eitt tolkingsfellesskap. Samstundes er tolkingane av både Gud og Abraham så ulike at det er vanskeleg å dra ein slik konklusjon. Som vi såg, var tolkingane av nettopp Gud og Abraham delte. Eg vil ikkje seie at deira oppfatning av karakterane var særleg forskjellige, men haldninga til dei. Og det er særleg Maria Tryti Vennerød og Bjørn Sundqvist som skil seg frå dei andre. Det er tydeleg at dei har eit positivt syn på dei to karakterane. Som nemnt kan dette vere knytt til deira religiøse overtyding. Ifølgje Fish deler medlemmene i eit tolkingsfellesskap ein måte å tenkje på og: "a way of life". (Fish 1980, s.304) Dette er spesielt tydeleg hos Sundqvist og Tryti Vennerød. Dei deler korleis dei ser på Gud og dei har ein religiøs forståing av teksten, noko som påverkar deira tolking av han. Dei ser på historia utifrå deira tolkingsstrategi, som er at Gud er symbolet for kjærleiken, og dei tolkar difor hans

handlingar utifrå det. Dei andre informantane brukar ikkje denne tolkingsstrategien, og vil difor ikkje sjå på Gud sine handlingar på same måte, noko som truleg er grunnen til at dei er meir skeptiske og kritiske til karakteren. Av di ikkje alle informantane deler same tolkingsstrategi her, kan vi seie at dei inngår i ulike tolkingsfellesskap. Desse tolkingsstrategiane er særleg knytt til religiøse overtydingar, anten dei er religiøse eller ikkje. Men dei ulike tolkingsfellesskapa får ikkje mykje plass i teateret.

Som vi har sett, ligg det ei tolking til grunn for framsyninga. Før både skodespelarar og dramatikaren kom på plass, hadde blant anna Stein Winge og Carl Morten Amundsen arbeidd fram ei felles tolking av historia. Dette er forståeleg ettersom dei treng eit mål for framsyninga. Og dei som jobbar med teater, vil truleg ikkje sjå på dette som nokon overrasking. Informantane var òg klar over dette, og dei veit at det er Winge som avgjer korleis denne tolkinga blir. Og det er kanskje her tolkingsfellesskapet verkeleg kjem til syne. Informantane har eigne tolkingsfellesskap som gjer at dei tolkar teksten på ulike måtar, samstundes som dei alle er klar over at det ligg ei tolking til grunn for framsyninga. Altså får dei servert ei tolking når dei byrjar med tekstarbeidet, og deira eigne tolkingsstrategiar må vike for denne tolkinga. Deira overordna tolkingsstrategi vil då vere at dei ser på teksten, først og fremst, slik dei har blitt fortalt at dei skal sjå på han. Det at informantane godtek dette, kan vi seie er på grunn av at dei forstår praksisen og konvensjonane i teaterverksemda. Og det er her tolkingsfellesskapet i teateret kjem til syne.

Då teateret hyra Maria Tryti Vennerød, fekk ho vite at ho skulle skrive Sara inn i historia, og at Sara skulle vere sint på Gud. Dette ser vi tydeleg at ho har gjort, sjølv om ho i utgangspunktet ikkje ville det. Tolkinga skulle òg synge Gud som meir menneskeleg, noko vi ser til dømes i scenetilvisingane der han gret, og i det at han blir skuffa over menneska som ikkje stolar på han. Tolkingsstrategien gjekk òg ut på at historia skulle moderniserast, noko vi kan sjå i både språket og i skildringa av ekteskapet mellom Abraham og Sara. Skodespelarane har blitt orienterte om denne tolkinga i løpet av prøveperioden, og har deretter innretta seg etter tolkingsstrategien som er produsert av teateret. Så sjølv om informantane las teksten utifrå ulike tolkingsfellesskap, får ikkje desse plass i teateret. Tolkingsstrategiane dei eigenleg ville nytta i tekstarbeidet, blir dytta til side av det vi kan kalle den genererte tolkingsstrategien, vedteken av teateret.

Torunn Kjølner (2004) meiner det er eit hierarki i teateret. Det ser vi tydeleg gjennom tolkingsfellesskapet. Det er regissøren som vel kva tolkingsstrategi som skal brukast, som gjer at han halde på sin plass på toppen av hierarkiet. Det er regissøren som er den viktigaste skapekrafa for framsyninga, men Kjølner meiner at store, kjente skodespelarar òg kan få påverknadskraft. For Bjørn Sundqvist var det viktig at Gud ikkje blei framstilt som slem og vondskapsfull, men meir menneskeleg og kjærleg. Og vi kan spørje kvifor hans tolking er viktigare enn dei andre skodespelarane sine? Og kvifor Winge let han påverke den genererte tolkingsstrategien? Sundqvist har hovudrolla for heile framsyninga av *Bibelen*. Han er stjerna, og det var tidlig stadfesta at det var han som skulle spele Gud. Dette har òg vore ein del av marknadsføringa av framsyninga, av di Sundqvist er eit stort namn i teater- og filmverda. Vi kan seie at fordi han er så viktig for heile framsyninga, har han større påverknadskraft enn andre skodespelarar. Dette har igjen gjort at han har klart å forhandle seg fram til å spele Gud slik han vil. Dette syner òg at Winge er raus i si rolle som regissør, i den forstand at han let ein skodespelar påverka tolkingsstrategien han har laga. Dette tydar på at den genererte tolkingsstrategien er påverkeleg, òg etter at han er stadfesta.

Antoine Compagnon (2004) kritiserte Fish får å ha sletta forfattaren, teksten og lesaren på ein gong med omgrepene tolkingsfellesskap. Og som vi ser, har tolkingsfellesskapet i teateret gjort det same. Forfattaren blei fortalt av mellom andre Winge og Amundsen korleis ho skulle skrive teksten. Sjølv om dei ikkje gav påbod om detaljar, sa dei klart ifrå kva dei var ute etter. Teksten blir her berre eit utgangspunkt for framsyninga og historia, der den fortel skodespelarane kva dei skal seie. Tolkinga av historia er allereie klar, så sjølve teksten får ikkje stor verdi, av di han blir lesen med same tolkingsstrategi kvar gong. Lesaren blir fortalt korleis teksten skal bli lesen. På ein måte blir alle desse elementa uturvande, av di tolkingsstrategien stadfester korleis historia skal bli på førehand, og dermed kan vi seie at Compagnon har rett i det han seier. Men det verkar ikkje som om informantane meiner dette er negativt. Dei veit kva målet med framsyninga blir gjennom den genererte tolkingsstrategien, noko som truleg hjelper dei i arbeidet fram mot framsyninga.

5 Avslutting

I denne oppgåva har eg flytta meg frå tilskodarsetet i teatersalen, til området bak sceneteppet. Eg har valt å sjå på arbeidet som ligg bak det vi ser på teaterscena, det vi tilskodrar vanlegvis ikkje har tilgang til. Eg har hatt to mål i denne oppgåva. For det første ville eg sjå korleis teaterteksten utvikla seg gjennom arbeidsprosessen i teateret. Ein føresetnad for å kunne gjennomføre dette, var å kome i kontakt med eit teater der arbeidet med ei framsyning føregjekk, og tekstarbeidet ikkje var ferdig. Framsyninga måtte byggje på eit førelegg, der teaterteksten presenterte ei ny tolking av førelegget. Eg tok difor kontakt med Det Norske Teatret, som skulle setje opp *Bibelen*, der eg etterkvart fekk tak i to utgåver av manuskriptet til framsyninga. Eg valte meg ut ei scene frå manuskriptet – *Scene 10* -, som eg ville sjå utviklinga av, gjennom førelegget og manuskriptutgåvene. Desse tekstane, og førelegget frå *Bibelen*, la grunnlaget for analysen av teaterteksten. Undersøkinga mi har tatt utgangspunkt i scena ”Abraham blir beden om å ofra Isak”, frå *Bibelen*.

For det andre ville eg undersøkje kva slags tolkingsfellesskap vi finn i teateret. Eg har i lengre tid vore interessert i tolkingsarbeidet som ligg til grunn for framsyninga, og med Stanley Fish sin teori kring tolkingsfellesskap fekk eg no ei tilnærming til dette. Av di Fish meiner tolkingsfellesskap ofte er knytt til institusjonar og likskap i levemåte, meinte eg at teateret måtte vere ein stad der eit tydeleg tolkingsfellesskap kunne bli funne. Eg valte å undersøke tolkingsfellesskapet i Det Norske Teatret, og nett dei menneska som var kopla til teaterteksten eg analyserte. Gjennom oppgåva mi har eg fått eit innblikk i arbeidet som ligg bak framsyninga *Bibelen*, sette opp av Det Norske Teatret.

Så korleis utviklar teaterteksten seg i løpet av arbeidsprosessen i teateret? Vi veit at utviklinga starter når førelegget tolkas, og blir tilrettelagt for teatertekstens mediespesifikke einingar. Deretter utviklar han seg gjennom sceneprøvar, der spesielt sceneteksten påverkar teaterteksten. Vi kan seie at teaterteksten er avhengig av sceneteksten, av di det er gjennom sceneteksten at han utviklar og endrar seg. Når skodespelarane går på scena, får dei og dei andre aktørane bak scena, testa ut korleis teksten fungerer. Til dømes når nokre av replikkane til Gud blir fjerna frå *Scene 10*, skjer dette for å skape eit spesifikt bilet av Gud. Og i dette tilfellet er det truleg Bjørn Sundqvist sitt bilet vi får sjå.

Teatertekstens utvikling syner ikkje berre korleis bibelhistorie strukturelt kan bli gjort om til teatertekst, men òg korleis ein kan leggje til fleire dimensjonar inn i ei historie. Karakterane i *Scene 10* har blitt meir interessante og spennande, i motsetnad til dei i bibelteksten. Til dømes såg vi på korleis Gud blir skildra i Bibelen og i *Scene 10*. I bibelteksten får vi ingen ordentlig forklaring på kvifor han ber Abraham om å ofra Isak. I *Scene 10* derimot, skjørnar vi heilt frå starten av at det er fordi Gud treng stadfesting frå Abraham av di han er usikker på si eiga autoritet. I *Scene 9* ser vi korleis Gud igjen har blitt forandra, i det at visse meiningsberande replikkar er fjerna, som såleis endrar synet vårt på han. Altså, først blir historia utvida, for så å bli snevra inn igjen. Truleg blir teaterteksten tilpassa for anten å tilfredsstille skodespelarane ynskje, tida scena skal spelast ut på, eller for historias skyld.

I undersøkinga av teatertekstens utvikling, har eg lengta etter fleire utgåver av teksten. For å få eit ordentlig bilet av korleis han endrar seg gjennom arbeidsprosessen i teateret, burde eg hatt minst to versjonar til. Vi veit gjennom tekstanalysen at det har skjedd endringar i teksten mellom oktober til januar, men vi kan ikkje stadfesta når desse endringane har blitt gjort. Vi veit heller ikkje om det har skjedd noko med teksten frå januar til premieren i februar. Hadde eg hatt tilgang til ein tekst frå til dømes november, og teksten som førelåg før premieren, ville utviklinga av teksten blitt tydelegare. Dette kunne vore interessant å sjå på ved eit seinare høve. Utviklinga vi har sett på her er likevel adekvat, ettersom teksten har forandra seg, og av di tekstversjonane vi har tilgjengeleg her, var frå så ulike tidspunkt i arbeidsprosessen.

Utviklinga av teaterteksten fortel oss om arbeidsprosessen kring han, men òg om det ustøe ved han. Dramatikarenas teatertekstutgåve kan vi seie er relativt stø, av di ho ikkje flyttar på seg etter at dramatikaren er ferdig med ho. Om teateret berre skulle setje opp ei framsyning basert på dramatikarenas tekst, ville teaterteksten ikkje forandra seg. Men fordi dei vil framstille ei spesiell tolking og tilpasse teksten etter til dømes scenebilete og skodespelarane preferansar, endrar dei på han. Dette skjer heile vegen gjennom arbeidsprosessen med både teaterteksten og sceneteksten. Altså blir teaterteksten ustø i dette tilfellet, med ein gong den kjem inn på teateret. Den står aldri heilt stilt i arbeidsprosessen, av di den er avhengig av sceneteksten. Dette tilhøvet går begge vegar. Sceneteksten ville ikkje kunne bli framstilt i dette høvet, utan teaterteksten, samstundes som teaterteksten er avhengig av sceneteksten for å kunne utvikle seg og bli endra på. Det er sjølv sagt vanskeleg å trekke ein generell konklusjon utifrå det eg har funne ut om teatertekstens utvikling, av di eg har tatt utgangspunkt i *ei* scene, i *ei* framsyning, på *eitt* teater. Altså vil ikkje undersøkinga mi vere

gjeldande for alle andre høve. Men det hadde vore interessant å sjå korleis teatertekst utviklar seg i samband med andre framsyningar, og ved andre teater.

Kva kan vi seie om kva tolkingsfellesskap vi finn i teateret? I byrjinga av prosjektet mitt, hadde eg eit klart bilete i hovudet mitt av korleis tolkingsfellesskapet fungerte i teateret. På bakgrunn av Fish sin teori, tenkte eg at tolkingane av teaterteksten i informantgruppa kom til å vere tilnærma like. Av di informantane jobbar innan same felt og med same framsyning, trudde eg at dette òg skulle vitne om eit samla tolkingsfellesskap. Vi har sett at dette ikkje stemmer. Tolkingsstrategiane informantane nyttar, er ikkje like, særleg i tolkinga av karakterane Gud og Abraham. Den største skilnaden ligg i tolkingsstrategiane deira, og særleg den religiøse tolkingsstrategien Sundqvist og Tryti Vennerød brukar. Truleg er det religiøse tolkingsfellesskapet ei så viktig del av deira røyndomsforståing, at det vil ha ein sterkare posisjon i tilhøve til dei andre fellesskapa dei eventuelt er ein del av.

Vi såg at desse ulike tolkingsstrategiane ikkje fekk mykje plass i teateret, av di det allereie låg ei ferdigstrukturert tolkingsstrategi til grunn for framsyninga. Altså, deira tolking av historia om ofringa av Isak, ville ikkje påverke korkje teaterteksten eller framsyninga, av di tolkinga allereie var konstruert. Då mellom anna Stein Winge og Carl Morten Amundsen starta arbeidet med framsyninga, laga dei ei overordna tolking av historiene i *Bibelen*. Tolkinga ligg altså til grunn for både teaterteksten og for korleis informantane må stille seg til teksten. Informantane er altså med i eit tolkingsfellesskap som deler tolkingsstrategi, men dei har blitt tildelt fellesskapet og strategien. Og dei er ikkje med i tolkingsfellesskapet fordi dei tolkar teaterteksten likt, men fordi teaterverksemda krev det av dei. Vi kan seie at dei nesten blir pressa inn i eit tolkingsfellesskap, som gjer at dei på ein måte mistar høvet til å påverke teaterteksten. Eg trur det kunne vore veldig spennande å undersøkje korleis tolkingsfellesskap fungerer til dømes i eit improvisasjonsteater, for å sjå om ein finn anten eit meir samla eller delt fellesskap. Dette kan vere ein idé til vidare forsking.

Men korleis er tilhøvet mellom teaterteksten og tolkingsfellesskapet? Gjennom intervjua kom det fram at informantane set verdien av framsyninga høgare enn teaterteksten. Noko som ikkje er overraskande, fordi det er ho dei jobbar mot, som mål i ein arbeidsprosess. Vi såg òg i innleiinga at det blir fokusert mest på det performative perspektivet innan teatervitskapen. Det kan altså verke som om desse teoretikarane fokuserer seg mest på framsyninga, av di ho er resultatet av aktørane s kreative arbeid. Likevel meiner eg at teaterteksten fortener meir plass.

Gjennom tekstanalysen, var det tydeleg at teaterteksten har sin eigen verdi, og der vi gjennom tolking kan få ei rik oppleving gjennom lesinga. Altså kan vi gå inn i teaterteksten, utan å vere nøydd til å kopla han opp til framsyninga. Eg vil vere så freidig, at eg vil oppmoda folk både til å lese, men òg gi ut meir teatertekst. Det ligger så mykje informasjon i ein slik tekst, og ein må verkeleg tolke fram kva som skjer, men dette er òg noe av det som er kjekt med teaterteksten.

Vi ser tydeleg at teaterteksten er avhengig av tolkingsfellesskapet. Tolkinsstrategien for historia som skal bli fortalt, blir laga allereie før teaterteksten har blitt skrive. Altså ville ikkje teaterteksten eksistert utan tolkingsfellesskapet. Utviklinga av teaterteksten er òg avhengig av tolkingsfellesskapet. Under prøveperioden, prøver tolkingsfellesskapet historia ut på scena, og når dei møter element i han som ikkje passar inn i tolkingsstrategien, blir dei fjerna.

Det er òg andre ting i teaterteksten som blir påverka av tolkingsfellesskapet. Til dømes scenetilvisingane, som informantane alle var samde om ikkje hørte til i teaterteksten. Av di dei alle er samde om dette, blei teksten skriven utan veldig mange scenetilvisingar. Vi ser i *Scene 10* at Sara er tatt med i historia om ofringa av Isak, i tillegg til at ho blir framstilt som tøff, med klare meininger om påbodet frå Gud. Av di tolkingsstrategien som låg til grunn, ville ha desse elementa med i teaterteksten, blei dei skrivne inn. Dette er altså ikkje resultat av Maria Tryti Vennerøds fantasi, men det genererte tolkingsfellesskapet. Som vi såg døme på i tekstanalysen, er språket i *Scene 10* moderne, med ord og uttrykk som er forankra i notida. Av di tolkingsstrategien mellom anna går ut på at framsyninga skal vere ei moderne utgåve av *Bibelen*, finner vi igjen både strukturelle element og større meiningsberande einingar som er prega av det moderne. Til dømes er ekteskapet til Sara og Abraham, skildra på ein moderne måte. Med det meiner eg at Sara syner ein autoritær posisjon i relasjonen til Abraham, noko som ville vore uhøyrd for, la oss si, hundre år sidan. Sara representerer mykje av det moderne i teaterteksten, ved at ho er ei sterk kvinne, ho tør å seie ifrå til mannen sin, og ho tør snakke tilbake til Gud, som jo er ein stor autoritet. Tolkinsstrategien frå teateret, var å gjere Sara til ei tøff dame som verkeleg kunne kjefte på Gud.

Vi ser at teaterteksten er avhengig av tolkingsfellesskapet, men det kjem samstundes fram at tolkingsfellesskapet ikkje er avhengig av teaterteksten. Vi skulle kanskje tru det, av di framsyninga byggjer på han. Men som vi såg tidlegare, er det tolkingsfellesskapet som skapar teaterteksten gjennom tolkingsstrategien som bli laga. På bakgrunn av dette, vil ikkje

teaterteksten vere naudsynt for tolkingsfellesskapet, av di deira tolking allereie ligger klar. Det same kan ikkje seiast for framsyninga. Framsyninga er avhengig av teaterteksten, av di ho byggjer på han og organiserer alt gjennom han. For tolkingsfellesskapet, vil eigenleg teaterteksten vere overflødig av di tolkinga av historia allereie ligg klar, ferdig generert.

Det kunne vore spanande å sjå på teaterets posisjon i samfunnet, gjennom til dømes *Bibelen* på Det Norske Teatret. Ein kunne gått nærmare inn på korleis dei balanserer det moderne og det religiøse i teksten, som til dømes måten Gud blir presentert på. Tolkingsfellesskapet ville gjere han moderne og meir menneskeleg, likevel ser vi i tolkingane mine i tekstanalysen, at eg ser på Gud som streng, feig og usikker. Sjølv om historia skildrar Guds kjensler, vil eg påstå at påbodet hans er like gruvsamt i dag, som det var i *Bibelen*. Det hadde òg vore interessant å sjå på det religiøse aspektet ved teaterteksten. Det kunne opna opp for eit enda større tolkingsrom, noko som kanskje er naudsynt, slik at teaterteksten får den åtgaumen den fortener.

Munnlege kjelder

Amundsen, Carl Morten:	sjefsdramaturg, Det Norske Teatret, intervju 9.januar 2013
Krogh, Marianne:	skodespelar, Det Norske Teatret, intervju 8.januar 2013
Ramstad, Bernhard:	skodespelar, Det Norske Teatret, intervju 8. og 10.januar 2013
Sundqvist, Bjørn:	skodespelar, Det Norske Teatret, intervju 16.januar 2013
Tryti Vennerød, Maria:	dramatikar, Det Norske Teatret, intervju 14.januar 2013
Ulfhsby, Erik:	teatersjef, Det Norske Teatret, intervju 10.januar 2013
Winge, Stein:	regissør, Det Norske Teatret, intervju 10.januar 2013

Litteratur

Amundsen, C. M. (2011). Ei umogleg oppgåve. Kirkeakademiet i Tønsberg. Kan bli henta frå <http://www.carlmorten.com/188531377>

Aspaas, Ø. (2006) Resepsjonsestetikk og reader-response. I E. Forlag (seriered.), *Småtrykk Eureka* (7). Tromsø: Eureka Forlag.

Barthes, R. (1975). An introduction to the structural analysis of narrative. (Duisit, L. Overs.) *New Literary History*, 6(2), 237-272.

Barthes, R. (1991). Tekstteori. I Kittang, A., Linneberg, A., Melberg, A., Skei, H. (red.), *Moderne litteraturteori. En antologi* (s.70-85). Oslo: Universitetsforlaget

Böhnisch, S. (2011). Den performative vending i tysk teaterteori. *Drama*, (4), 6-11.

Compagnon, A. (2004). *Literature, theory, and common sense*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.

Engelstad, A. (2007). *Fra bok til film: om adaptasjoner av litterære tekster*. Oslo: Cappelen akademisk forl.

Evans, M. (2006). *Innføring i dramaturgi: teater, film, fjernsyn*. Oslo: Cappelen akademisk forl.

Fischer-Lichte, E. (1992). *The semiotics of theater*. Bloomington: Indiana University Press.

Fish, S. (1980). *Is there a text in this class?*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.

French, R. W. (1982). Teaching the Bible as Literature. *College English*, 44(8), 798-807. doi: 10.2307/377332

- Frye, N. (1982). *The great code: the Bible and literature*. New York: Harcourt Brace Jovanovich.
- Gourvennec, A. F. (2008). *Åpenhet og poesi: Den franske resepsjonen av Jon Fosses teater*. (Masteravhandling, Universitetet i Stavanger) Stavanger: A.F. Gourvennec.
- Grønneberg, A. (2012, 02.nov). Winge måtte bremse Behns Bibelfyll, *Dagbladet*, s. 50-51.
- Haram, A. (2011). Bok i særklasse. *Bokvennen*, (4), 29-35.
- Helland, F., & Pettersen Wærp, L. (2008). *Å lese drama: innføring i teori og analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ingarden, R. (1976). *Det litteræra konstverket: med ett supplement om funktionerna hos språket i teaterskådespelet*. Staffanstorp: Cavefors.
- Jahn, M. (2001). Narrative voice and agency in drama: aspects of a narratology of drama. *New Literary History*, 32(3), 659-679.
- Kjølner, T. (2004). Teater, drama og kollektive skabelsesprocesser 1. *Drama*, (3), 1-5.
- Krogstad, S. (2007). *Tekst og teater: Møte med felt i endring?* (Masteravhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, NTNU) Trondheim: S. Krogstad.
- Lehmann, H.-T. (2006). *Postdramatic theatre* (Jürs-Munby, K. Overs.). London, New York: Routledge.
- Løland, O. J. (2011). Underteksten: Bibelen i populærkulturen. *Bokvennen*, (4), 81-85.
- Rabkin, G. (1985). Is there a text on this stage? *Performing Arts Journal*, 9(2/3), 142-159.
- Ricœur, P. (2001). Hva er en tekst?: å forstå og forklare. I S. Lægreid & T. Skorgen (red.), *Hermeneutisk lesebok* (vol. 1, s. 59-80). Oslo: Spartacus.

Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet*. Bergen: Fagbokforl.

Schechner, R. (1973). Drama, Script, Theatre, and Performance. *The Drama Review: TDR*, 17(3), 5-36.

Det Norske Teatret. (udatert a) *Det norske teatret*. Henta i 2012 & 2013, frå

<http://www.detnorsketeatret.no/index.php>

Det Norske Teatret (udatert b). *Abrahams Barn* Henta 05.05.2013, frå

http://www.detnorsketeatret.no/index.php?option=com_play&view=play&layout=playmedia&playid=1&tab=4

Teilmann, P. C. (2007). Holbergkomedien ad fontes og in-yer-face - Om spillet på tekst og subjekt, kontekst og tradition fra scenen her-og-nu: ordspillet og den sceniske talehandling. *Edda*, (02), 153-170.

Törnqvist, E. (1991). *Transposing drama*. New York: St. Martin's Press.

Samandrag

I mi avhandling har eg skrive om teatertekstens utvikling i arbeidsprosessen med ei framsyning, og kva type tolkingsfellesskap vi kan finne i teateret. Av di eg alltid har vore interessert i teater, var det naturleg å undersøke det her. Eg har valt å gå bak sceneteppet i dette høvet, der eg fokuserer på dei arbeidsprosessane som førar fram til framsyninga.

Eg har fått lov til å undersøkje ei moderne tolking av *Bibelen*, sette opp ved Det Norske Teatret våren 2013. Eg valte meg ut ei scene frå manuskriptet, og fekk tilgang til to utgåver av ho, frå oktober og januar. Ved hjelp av desse tekstane, i tillegg til førelegget, har eg sett på korleis historia om ofringa av Isak endrar seg frå bibelhistoria til teaterteksten. Eg har òg intervju aktørane i teateret som er knytt til denne scena, for å undersøkje kva slag tolkingsfellesskap eller *interpretive community*, dei er ein del av.

Gjennom teatertekstanalysen, har eg sett på korleis karakterane, historia og strukturane i tekstmaterialet endrar seg. Teaterteksten gir stort rom for meddikting, som er tydeleg i oktober-utgåva av manuskriptet. Utgangspunktet for denne teksten, er to vers i bibelteksten om ofringa av Isak. Historia i manuskriptet har blitt utvida, og han har fått eit meir spanande perspektiv på karakterane i historia, relasjonane mellom karakterane, og oppbygginga av fortellinga har blitt meir fengjande. Spesielt interessant er det å sjå korleis oppfatninga av karakterane endrar seg gjennom utviklinga av teaterteksten, og sjå korleis fjerning av anten replikkar og scenetilvisingar kan påverke inntrykket vårt av karakterane og historia.

I undersøkinga av tolkingsfellesskapet, har eg teke utgangspunkt i kvalitative intervju med informantane kopla til historia om ofringa av Isak. Ved å sjå på deira bakgrunn, religiositet, deira tilhøve til tekst, og deira tolking av historia om ofringa, har eg prøvd å sjå kva tolkingsfellesskap dei delar. Tolkinsstrategiane dei brukar er ulike, noko som tilseier at det ikkje finst eitt tolkingsfellesskap kopla til den aktuelle teksten. Men, gjennom intervjua kom det fram at dei er ein del av eit generert tolkingsfellesskap. Det vil seie at i samband med framsyninga *Bibelen*, blei det konstruert eit tolkingsfellesskap på førehand, som skapar ein slags mal for korleis aktørane i teateret skal tolke historia om ofringa. Dette tydar på at den genererte tolkinsstrategien påverkar ikkje berre informantane, men òg sjølve teaterteksten.

Vedlegg

Intervju guide

Transkriberte intervju

Bernhard Ramstad

Bjørn Sundquist

Carl Morten Amundsen

Maria Tryti Vennerød

Marianne Krogh

Stein Winge

Intervju guide

Bakgrunn

Alder, søsken, oppveksten kor, familie nå?
Utdanning
Ditt første møte med teater – oppleveling og i jobbsamanheng
Erfaring fra teater
Vore med på liknande framsyningar før? Kva og når?
Vore borti religiøse tekstar i teatersamanheng før? Kva og når?

Det Norske Teatret

Kor lenge har du hatt tilknyting til teateret? På kva måte?
Kva har du gjort her tidlegare?
Korleis jobba du med tekst då? Saman med andre eller aleine?
I kor stor grad samarbeider du med andre om tekst (tidlegare)?
Kven samarbeider du med i så fall? Og på kva områder samarbeider de?

Bibelen

Kva er ditt forhold til Bibelen?
Er du religiøs sjølv?
Har du lest Bibelhistorie tidlegere?
Har du lest Bibelhistorie nå? Kva har du lest? Kvifor dei tekstane?
Har du lest om ofringa av Isak i Bibelen?
I kor stor grad trur du den originale teksten har påverka manuskriptet? Og deg og ditt forhold til framsyninga, og teksten og di tolking?
Kvifor trur du DNT set opp Bibelen i 2013? Kvifor er dette ei viktig framsyning?
Kva syns du om manuskriptet?

Tekst

Kva er ein tekst for deg?
Kva er ditt forhold til tekst i teateret?
Kor viktig er teksten for deg i forhold til framsyninga?
Korleis går du vanlegvis fram når du arbeider med ein teatertekst?
Kor involvert har du vore i tekstarbeidet i dette prosjektet?
Kor viktig er originalteksten for deg? (Bibelen) Om du er ein del av ei framsyning av ein tilrettelagt tekst, er original teksten viktig for deg?
Når du las ein tekst, kan du prøve å forklare korleis du tolkar han? (Bilete, lydar, ”film” osb)
Korleis ser du føre deg ein tekst på scena?
Når du las ein tekst for første gang – i dette tilfellet Scene 10 – kva fokuserer du på først? - Replikkar, historie, samanheng til dei andre scenene, di eiga tolking av framsyninga og korleis det vil sjå ut på scena?

Scene 10

I kor stor grad har du samarbeida med andre kring denne teksten?
I kor stor grad har du deltatt i tekstarbeidet med scenen?
I kor stor grad har du påverka teksten/scene? På kva måte og korleis har dette gått føre seg?
Kven meiner du har meist å sei for utsjånaden av teksten/det ferdige tekstilege resultatet?
Korleis har du lest deg opp for å jobbe med teksten?
Kva har påverka deg i arbeidet med Scene 10?
Kvifor er dette ein viktig scene å ta med i historia om Bibelen?
Kva slags forhold har du til forfattar Maria Tryti Vennerød, som har skrive denne scena?

Moderne

Kvifor sette opp Bibelen i dagens samfunn?
Kvifor modernisere historiene og ikkje halde dei slik dei er skreve?
Sara – hun er ikkje med i historia i Bibelen – kvifor ta ho med no? Kvifor er Sara ei viktig person i historia? Hva syns du om rolla ”Sara”?
Gud – ei annleis karakter i manuskriptet enn i Bibelen – kvifor? Er meir barmhjertig og audmjuk – kvifor? Kva seier dette om dagens syn på Bibelen og Gud? Kva syns du om rolla ”Gud”?
Abraham – meir følsam i manuskriptet enn i Bibelhistoria – kvifor? Han gret osb. – kvifor trur du han gjer dette? Kva syns du om rolla ”Abraham”?

Transkriberte intervju

Bernhard Ramstad

"Abraham" 08.01. & 10.01.13

Skriftlig intervju 08.01.13

66år

Vokst opp i Oslo

Har en eldre bror og ei eldre halvsøster

Det som fanget engasjementet for teater som barn/ungdom var da faren tok han med på Edderkoppen Teater, der han så Leif Juster. Han ble fanget, spesielt av revyformen. Da var han 7/8 år.

Han syns Leif Juster var utrolig morsom, i tillegg ble han fanget av de veksleende scenene og revyformen.

Utdannelse: artium, deretter sökte han på Teaterhøgskolen, men kom ikke inn. Han ble da ringt opp av teatersjefen ved Trønderlag Teater, Erik Pierstorff(?). På teatret der var det elevskole, og han var med i det siste kullet. Teatersjefen skulle finne tre mannlige skuespillere, og Bernhard var én av dem.

Han var elev der i 3 år, og så skuespiller der i 2 år. Deretter jobbet han på Nationalteateret i 2 år.

I 1972 begynte han i Tromsø, og sluttet på Nationalteatret. I Tromsø var han i 6 år, der han blant annet satt opp "Det røde teater" som var politisk og revolusjonerende, og det han kaller "teater for folket". Han satt også opp en gjendiktning av Peer Gynt i Nord Norge, der Peer ble portrettert som kapitalist. Dette stykket ble også satt på på Nationalteatret.

Han kom til Det Norske Teatret i 1989. Da var han med på Merlin.

Han har også vært teatersjef i Tromsø, leder av Norsk Skuespillerforbund, dekan på Teaterhøgskolen, og regissør.

Han pendler nå mellom Tromsø og Oslo. Kona bor i Tromsø og sonnen med familie bor i Oslo.

Merlin, som ble satt opp tidligere på DNT, var lik i oppsett som Bibelen. Seks timer lang forestilling, med matpause i mellom. Men den var ikke delt i to delen slik som Bibelen.

Om han har jobbet med religiøse tekster før? Kommer ikke på noen.

Bibelen – fantastisk litterært stoff. Han får stadig sjokk og aha-opplevelser når han leser Gamle Testamentet. Han syns historiene er fascinerende og liker GT best.

Det Norske Teatret

Jobbet der som skuespiller på og av siden 1989.

Noe han husker godt er da de satt opp Emil i Lønneberget i 91/92, der de hadde besøk av over 90 000 barn, satt opp 137 forestillinger, og han syns det var en lang og alright spilleperiode.

Bernhard har også vært med å sette opp Gjøkereiret, eller Gaukreiret, som han syns var en kultforestilling. Han spilte en lobotomert pasient.

Han husker også godt da de satt opp Peer Gynt med Robert Wilson som regissør. Forestillingen strakk seg over tre år, de hadde audition i november 2003, prøver i 2004 og premiere i 2005. Og den samme forestillingen ble satt opp i New York i 2006. Han ble ikke lei av Peer Gynt i denne perioden.

Han er også veldig glad i Shakespeare, og de skulle sette opp Kongerekken på DNT. Han var nestleder i det norske Shakespeare-selskapet(?), og han jobbet med Shakespeare i Polen. Kongerekken ble avbrutt før de fikk satt den opp.

Tekst på DNT

Han går alltid tilbake til original teksten hvis det er mulig. Det er nyanser i oversettelser og det kan oppstå misforståelser. Det er heller ikke alltid oversetteren har rytmen som man finner i den orginale teksten. Han tar alltid bryet med å sjekke original teksten.

Bibelen syns han er som å ha en jomfruelig tekst i hånden. Han vil alltid ha respekt for den som har skrevet original teksten, og syns det alltid burde være slik.

Han syns det er nyttig å gå tilbake til kilden når han har jobber med Bibelen.

Manuskriptet

Han merker på scenen at det er kvalitetsforskjell på scenene. Scene 10/9 er tekstmessig veldig utfordrende. Maria har skrevet scenen strengt, og den er vanskelig å lære. Det er gjentagelser hele tiden, og det gjelder å kunne teksten.

Går fram med tekst

Første fasen med teksten jobber han alene. Det er innlæringsfasen. Etter det jobber han med kollegaer, for det syns han hjelper på prosessen.

Samarbeid

Arbeidsmetodene varierer fra oppsetning til oppsetning. Det kommer veldig an på instruktøren, de har ofte forskjellig bakgrunn, utdanning og nasjonalitet, og dette påvirker arbeidsprosessen, og muligheten til å påvirke teksten og framsyninga. Når han samarbeider med noen, er det kollegaer – skuespillere og regissør.

Abraham

Fram til dette intervjuet, har Bernhard ikke fått på seg kostyme som Abraham, noe han har savnet. (De hadde kostymeprøve dagen etter.) Tekstene i hverdagsklær henger ikke helt på greip, så han vil helst spille med kostyme. For han er det stor sammenheng mellom det ytre og det indre.

Forandring på replikker

Hvis teksten er skrevet i bunden form skal man være forsiktig med å forandre noe. Tekstens forståelse burde forbli den samme. Men det er også grenser for hva de har lov til å gjøre med teksten. Men de endrer ofte på ordstilling, eller bytter på teksten, eller kutter i den.

Teksten går gjennom flere prosesser – den blir oversatt fra bokmål til nynorsk, de finner ut at kanskje ting i original teksten passer bedre, rytmen er viktig, dynamikken i scenen, småord som butter som må forandres.

Men for Bernhard kommer ikke teksten helt på plass før den prøves ut på scenen. Da ser de hvordan teksten fungerer.

Lydoppakt 08.01.10

Det hører til historien at da Stein Winge debuterte som instruktør, på Trøndelag Teater, i la oss si 66/67, da var vi, da spilte han selv med, en enaker av Megan Terry som het ”Det oppbevares tett lukket på et tørt og kjølig rom”. Nils sletta, Stein Winge og jeg, på scenen, og Stein var instruktør. Så vi har en lang fortid, har jobba med han flere ganger, både i Trondheim og her og i Tromsø og. *Så dere kjenner hverandre godt?* Ja.

Om Bibelen

Hva er ditt forhold til Bibelen?

Boken Bibelen, Det er en relativt begrenset må jeg si. Altså jeg gikk jo på søndagsskolen i sin tid, men det er ikke så mye som sitter igjen fra den tiden. Og jeg, jeg var vel ikke så gammel, altså, og er konfirmert, *og døpt kanskje?* Det er jeg og ja, det skjedde først. Men det var ikke så lenge etter konfirmasjonen at jeg meldte meg ut av Statskirken. Så jeg er, jeg betrakter meg selv nærmest som ateist. Det gjør jeg.

Men du er kjent med Bibelen?

Ja, jeg er kjent med flere av historiene, og syns jo det er fantastiske, spesielt det gamle testamentet, der syns jeg det er mye spennende lesning. Og jeg har også bekjefiget meg litt med en mann som Richard Dawkins og ting omkring tro og ikke-tro da.

Så du fascineres av religion?

Jeg fascineres av det at mennesker kan bli så fanatisk oppatt av en form for tro som enkelte religioner synes å være.

Jeg har ikke lest hele Bibelen, det skal sies, men jeg har lest det tidligere.

Ikke perm til perm? Nei, men jeg har begynt på nytt nå. Jeg holder på. Jeg måtte jo blant annet i forbindelse med det prosjektet på KG, så kjøpte jeg meg den siste utgaven av nynorsk Bibelen. Så for å være sikker på at jeg hadde mine kilder i behold.

Hva er det du har lest mest?

